

DEN ROMERSKE HÆRENS FORFALL

-
EI ANALYSE AV DEN ROMERSKE HÆREN I
SEINANTIKKEN



MASTEROPPGÅVE, HIS 350, VÅR 2013

ALEKSANDER DVERGSDAL

INSTITUTT FOR ARKEOLOGI, HISTORIE, KUTUR OG RELEGIONSVITENSKAP
UNIVERSITETET I BERGEN

FORORD

Denne oppgåva er resultatet av mitt eige arbeid,
men det hadde ikkje vore mogeleg utan hjelp frå andre.

Fyrst og fremst, vil eg takke min hovudrettleiar, Ingvar Mæhle, som ikkje berre har gjeve meg gode og konstruktive tilbakemeldingar på arbeidet mitt, men som og har hjelpt meg med å styre inn på dette emnet.

Eg vil også takke min birettleiar Jørgen Christian Meyer, samt alle mine medstudentar på antikkseminaret som også har bidrege med gode idear og tilbakemeldingar.

Også ein stor takk til min gode og talentfulle ven Mari Hjelle, som har hjelpt meg med å laga eit flott vedlegg til oppgåva mi.

Innholdsliste

1.1 Innleiing.....	1
1.2 Kjeldene.....	3
1.3 Litteratur.....	4

DEL II: Den romerske republikken

2.1 Den romerske hærens opphav.....	6
2.2 Den Republikanske Legionen: Taktikk og Utstyr.....	10
2.3 Republikkens fall og profesjonaliseringa av hæren.....	13

Del III: Frå Principat til seinantikk

3.1 Den Keisarlege romerske hæren

3.1.1 Legionane.....	22
3.1.2 <i>Auxillia</i>.....	23
3.1.3 Pretorianargarden.....	25
3.1.4 Kommandostrukturen.....	27

3.2 Livet i den romerske hæren

3.2.1 Livet i leiren.....	29
3.2.2 Mat og Helse.....	30
3.2.3 Veteranar og pensjon.....	32

3.3 Logistikk og finansiering

3.3.1 Dei logistiske utfordringane.....	34
3.3.2 Finansiering av hæren.....	37
3.3.3 Finansiering av hæren i seinantikken.....	41

3.4 Den romerske hæren i strid	
3.4.1 Kamp.....	46
3.4.2 Beleiringsvåpen.....	47
3.4.3 Utrusting og våpen.....	48
3.4.4 Endringar i seinantikken.....	51
3.5 Overordna strategi	
3.5.1 Krisa i det tredje hundreår.....	54
3.5.2 Statisk forsvar under principatet.....	55
3.5.3 <i>Limitanei</i> og <i>Comitatenses</i>	60
3.6 Keisaren som Øvstkommanderande: Autoritet og styring	
3.6.1 Autoritet og styring under principatet.....	68
3.6.2 Keisarmakt i seinantikken.....	72
3.7 Rekruttering og Barbarisering	
3.7.1 Barbarar i hæren.....	78
3.7.2 Julian.....	81
3.7.3 Den Hunsike Horde og slaget ved Adrianopel.....	82
3.7.4 <i>Foederati</i>	85
3.7.5 Moral og Disiplin.....	96
4.1 Konklusjon.....	102
5.1 English Abstract.....	108
6.1 Bibliografi.....	110

1.1 Innleiing

Utgangspunktet for dette arbeidet er ei langvarig interesse for antikk historie, og då spesielt det romerske riket og det romerske militæret. Det romerske imperiet, som i si stordomstid dekte store deler av Europa, det nordlege Afrika og vestelge Asia, har saman med det antikke Hellas vore grunnmuren i den vestelge sivilisasjon og kultur. I vaken etter kollapsen og dei “mørke åra” i bronsealderen, var Rom som kva som helst anna by, og det var lite som tydde på at den var esla til stordom. Den driftige romerske republikken utvikla seg frå ein beskjeden bystat til det mest vellykka riket i verdshistoria, og det la grunnlaget for den vestlege sivilisasjonen. Dei greidde og noko som ingen andre hadde oppnådd før; å skape ein kultur og ideologi som kunne eksporterast. Romarane skapte ein ideologi omkring det å vere “romersk”, og gjennom hundreår, spreidde denne ideen utover eit stort rike. Sentralt i denne prosessen er det latinske ordet *civis*, som betyr borgar, og medan grekarane beskjeftiga seg med kunst og filosofi, fokuserte romarane på noko anna: Politikk og krigføring. Sentralt i det romerske samfunnet, var konkurranse og rivalisering, og arenaen for dette var senatet, domstolane og slagmarka. Men trass i tevlinga mellom familiane, hadde alle same syn på Rom sin lagnad og ei sterk tilknytning til sjølve byen. Eit anna sentralt trekk ved romarane, var at dei såg på seg sjølve som gudebenåda, og dette gav dei retten til å herske over naboane. Men til forskjell frå tidlegare imperie, valde romarane å assimilere den nedkjempa fienden framfor å plyndre dei, og mot alt overmål klarte dei å styrke sin eigen hær framfor å svekkje den.

Den romerske hæren, var verktøyet som gjorde at bystaten Roma greidde å vekse til eit imperie som strekte seg frå England i vest, til Syria i aust. Den romerske hæren, i likskap med det romerske imperiet, var gjenstand for stadige endringar gjennom sin eksistens. Etter som riket vaks, måtte også hæren tilpasse seg for å takle dei nye utfordringane den stod ovanfor. Medan den tidlege republikanske hæren delte mange likeheitstrekk med den ein kunne finne i dei greske bystatane, hadde den i seinantikken utvikla seg til ein ståande profesjonell hær. Under si største utstrekning, under keisar Trajan i år 117 evt, dekte det romerske imperiet eit landområde på over 6,5 millionar kvadratkilometer og grensa var over 5000 km lang. Det blir nærmast overflødig å nemne at å halde eit slikt rike intakt, stilte enorme krav til både ressursar, bemanning og logistikk.

I seinantikken, stod det romerske riket, og den romerske hæren ovanfor ei rekkje utfordringar. Germanarane truga grensene i nord, medan Sassanidene pressa frå aust. I tillegg hadde pest, inflasjon og intern uro lagt press på rikets ressursar, og det heile kulminerte i det som har blitt kalla "Krisa i det tredje hundreår". Etter at keisar Severus vart myrda av eigne troppar, stod riket utan keisar. Fleire framstående generalar og embetsmenn gjorde krav på trona og riket falt inn i kaos og borgarkrig. Innan år 260 evt førte denne interne strida til at imperiet delte seg inn i tre

konkurrerende rike, og riket vart ikkje samla igjen før keisar Aurelian gjorde dette i 275. Krisa enda med Diokletian og hans reformer, og denne krisa markera og for mange; overgangen frå den klassiske antikken til seinantikken¹

I sin klassikar "*The Decline and Fall of the Roman Empire*" hevda den engelske historikaren Edward Gibbon at det romerske riket og den romerske hæren forfall i seinantikken, og at den vestlege sivilisasjonen vart øydelagt av dei invaderande barbarane . Gibbon sitt premiss stod lenge som ein etablert sanning, nemleg at det politiske og militære forfallet i Rom igangsette slutten på den vestlege sivilisasjonen. I 1971 derimot, gjorde Peter Brown opprør mot denne etablerte sanninga, og hevda at denne perioden ikkje var eit forfall, men heller ein kulturell transformasjon. Brown ønska at ein «skulle sjå på perioden 250-800, som ein sjølvstendig og avgjerande periode i europeisk historie» framfor å sjå på den som «historia om forfallet til ein stor sivilisasjon». Ward-Perkins skriv at ord som «krise» og «forfall», har i seinare tid måtte vike for omgrep som «endring» og «transformasjon».² Denne diskusjonen omkring brot i forhold til kontinuitet, forfall i forhold til transformasjon er prega av kontroversar. No skal eg ikkje ta for meg denne store overordna debatten i denne oppgåva, men det eg vil gjere, er å ta denne debatten å rette lupa på den romerske hæren.

Problemstillingane eg ønskjer å svare på i dette arbeidet er:

- Forfall den romerske hæren i seinantikken, eller er det snarare snakk om ein transformasjon?
- Kva var dei viktigaste faktorane bak dette forfallet eller denne transformasjonen?

Sentralt for denne oppgåva, er synet at den romerske hæren ikkje berre kan sjåast på som ein væpna styrke, men må og sjåast på som ein essensiell komponent i romersk samfunn, økonomi og politikk. Sjølvlagt var det viktigaste formålet til den romerske hæren å slå Rom sine fiendar i kamp, men kor vidt den romerske hæren tente sitt formål, var avhengig av ikkje berre våpen og utstyr, men også erfaring, disiplin og moralen til soldatane. Ein effektiv styrke er ikkje nok, ein hær treng også ein utvikla organisasjon for å vedlikehalda og mobilisere den. Eg har ikkje tenkte å sjå på det romerske samfunnet som heilskap, men heller sjå på nokre av dei intuisjonane og rammeverka, som var naudsynte for å oppretthalde hæren. Når det er sagt: Endringar i det romerske samfunnet, førte også til store endringar i den romerske hæren. Trass i dette, var den romerske hæren sjølv ei drivkraft for endring, og hadde store innverknader på romersk samfunn, politikk og styresett. På ein måte kan ein hevde at det romerske samfunnet var eit militaristisk eit, men dette er eit kjenneteikn som kan

¹ Brown 1971: 22

² Ward Perkins 2005: 1-5

plasserast på mange antikke samfunn, så kva var det som gjorde den romerske hæren så unik, og la grunnlaget for eit imperium som varte i nesten eit millenium?

For å svare på desse spørsmåla, har eg vald å ta for meg nokre sentrale aspekt ved den romerske hæren. I den fyrste delen vil eg ta for meg den republikanske hæren, og korleis den vart forma og utvikla seg mot den profesjonelle hæren som ein fekk under principatet. I den andre delen vil eg fyrst gi ein kort presentasjon av den keisarlege romerske hæren, korleis den vart oppbygd, korleis den fungerte og kva som gjorde den i stand til å skape og halde eit vidstrekt imperiet. Deretter, vil eg ta for meg ulike aspekt ved hæren, der eg fyrst ser på dei under principatet, for å deretter samanlikna dei med seinantikken. På denne måten kan eg forhåpentlegvis greie å peike ut relevante endringar, og skape eit grunnlag for å vurdere om eit forfall fann stad.

1.2 Kjeldene

Polybius var ein gresk historikar og krigsfange, mest kjend for sitt verk *Histories* der han kjem med detaljerte skildringar av både det romerske samfunnet, og viktige historiske hendingar i perioden 246-146 fvt. Han blir stor sett rekna som pålitelig og grundig, og er ei svært viktig kjelde som den romerske hæren under republikken. Når det gjeld den keisarlege hæren, er Cornelius Tacitus ei av dei beste kjeldene. Han levde i perioden 57-117 evt, har skreve to svært verdifulle verk, *Histories* og *Annales*. Han blir i likskap med Polybius rekna som ei pålitelig kjelde, men kanskje ein smule partisk når det gjeld eliten og den øvrige befolkninga.

Ammianus blir rekna som den viktigaste kjelda til den romerske hæren i seinantikken, han vart truleg vis fødd i Antioch mellom 325 og 330 og såg sjølv militærtjeneste, noko som gjer han til ei verdifull kjelde, sidan han sjølv var augevitne til mange av hendingane han beskriv. Ammianus skreiv 31 bøker, bok 1-14 har gått tapt, men dei andre er blitt bevart og dekkjer tidsrommet frå midten av det fjerde hundreår, fram til slaget ved Adrianopel. Ammianus blir i stor grad rekna som pålitelig, og forutan om ei sterk beundring for keisar Julian, blir han omtalt som objektiv og nyansert. Han var også offiser under Ursicinus, og tente som *magister equitum* frå 349 til 359 og *magister peditum* frå 359 til 360³. Ammianus sine bøker er i stor grad ein narrativ, og sjølv om den er svært detaljert og inneheld ein god del skildringar av hendingar, enkeltpersonar og folkegrupper, fins der få analyser eller konklusjonar. Dersom ein skal forsøka å sette Ammianus inn i ein historisk kontekst, må ein fyrst og fremst leggje vekt på at han var soldat og offiser i ein periode der det romerske riket var innblanda i ein del konflikhtar, spesielt langs den nordlege og austlege grensa, og det er mogleg at dette kan ha påverka bøkene hans. Ammianus var også ein følgjar av den gamle romerske religionen, men var meir tolerant mot kristne enn det Zosimus var.

³ Southern, Dixon 1996: 2

Zosimus var ein gresk historikar og er ei anna viktig kjelde til den romerske hæren i seinantikken. Han levde i Konstantinopel i overgangen mellom det femte og sjette hundreår og kunne i motsetning til Ammianus, ikkje oppleve mange av hendingane han skreiv om. Zosimus var ein militant tilhengjar av den gamle romerske religionen og har blitt skulda for å vere partisk og kritisk til dei ulike keisarane med omsyn til kva slags religion dei følgde. Særskild Konstantin, har fått skulda mange av imperiet sine problem. Eit interessant faktum, er at den kristne forfattaren Lactantius, skulda den heidenske keisaren Diokletian for mange av dei same problema. Synet på Zosimus er delt, medan nokre ser på han som ei motvekt til dei kristne kjeldene, er andre kritiske til den subjektive haldninga han har, like fullt, er han ei verdifull kjelde. Zosimus sine verk er meir kritiske enn Ammianus sine, og inneheld fleire analysar og årsaksforklaringar. Likevel er nok Zosimus sine bøker, prega av hans sterke religiøse tilknytning. Ein anna faktor er at han levde kort tid etter at vestriket hadde falt, og det er godt mogleg han «leita» etter svar på kvifor dette hadde skjedd. Zosimus hadde også, i motsetning til Ammianus, fordelten av etterpåklokskap, og det er truleg at også dette har påverka bøkene hans og kanskje gjeve han eit litt anna perspektiv.

Vegetius sitt verk *Epitoma rei militaris* er også ei verdifull kjelde. Vegetius var ein sivil embetsmann, og dei fleste historikarar er samde om at han levde i den vestlege delen i riket. Når Vegetius levde, og når verket vart skreve er litt usikkert, men ein trur det er omlag skiftet mellom det fjerde og femte hundreår. I motsetning til Ammianus og Zosimus sine verk, inneheld dette verket svært få historiske skildringar. Ein trur verket er skreve for keisaren, og i verket kjem forfattaren med fleire forslag til korleis romarane kunne gjenrette hæren til tidlegare stordom. Ein får kanskje inntrykk av at forfattaren romantiserar den republikanske hæren noko, men det er like fullt ei interessant kjelde⁴.

1.3 Litteratur

Den romerske hæren er eit emne som vekker stor interesse, og dermed så er det og eit emne det er rikeleg med litteratur på. Denne store mengda med litteratur er eit tveigga sverd. På den eine sida, får ein rikeleg med materiale å jobbe med, på den andre sida, er det umogleg å få ein fullstendig oversikt over alt som har blitt skreve. Forfattarar som Gibbon, Mommsen og A.H.M Jones, har alle skreve meisterlege verk som har vore tonegivande i historiemiljøet. Til trass for at desse er viktige verk, har eg vald å nytte meg av litt meir moderne litteratur av to grunnar. For det fyrste, så bygg mange av dei moderne verka på desse gamle stordomane, og for det andre, så har desse nyare verka fordelten av nye oppdagingar, som til dømes ny arkeologisk informasjon.

⁴ Southern, Dixon 1996: 1-2

Noko av litteraturen eg har nytta meg av, har eg blitt anbefala av andre, men mesteparten har eg funne fram sjølv. Når eg har leita fram litteratur, har eg prøvd å finne litteratur som fokuserar på anten den romerske hæren eller seinantikken, eller ideelt sett, begge delar. Eg har også prøvd å vore påpasseleg, å finne litteratur som er trufaste mot kjeldematerialet og som har gode analyser som grunnmur for eventuelle konklusjonar. Dessverre så er og den romerske hæren gjenstand for ein del populærhistorie, og dermed ligg det nokre mindre seriøse verk på marknaden.

Eg har prøvd å nytta meg av kjelder og eigne vurderingar der eg kan, men eg hadde ikkje kome i mål utan god litteratur. Det verket eg har nytta meg mest av er Erdkamp sin «*Companion to the Roman Army*», som rett og slett er ei glimrande bok, der Erdkamp har samla saman ei rekkje tungvektarar som kvar for seg tek for seg eit tema omkring den hæren. Pat Southern og Karen Dixon sin «*The late Roman Army*» er og eit godt verk eg har hatt god nytte av. Verket tek tematisk for seg den romerske hæren i seinantikken på ein grundig og ordentlig måte, og vurderingane er godt underbygd av både kjelder og anna forskning.

Lawrence Keppie sin «*The Making of the Roman Army: From Republic to Empire*», er og ei bok eg har hatt veldig god nytte av. Boka er svært velskrive, og Keppie tek for seg utviklinga frå den republikanske til den keisarlege hæren på ein fenomenal måte.

Eit anna verk eg har hatt svært god nytte av er Ferrill si bok «*The Fall of the Roman Empire: The military explanation*». I motsetning til dei to førre, tek Ferrill for seg utviklinga til den romerske hæren kronologisk, og hevdar at rikets fall, som namnet ymtar om, var resultatet av at hæren forfall i seinantikken. Ferrill sitt premiss er kanskje kontroversielt, men han bygg det på ein god og grundig argumentasjon, og han gir lesaren eit godt bilete på hæren i seinantikken.

Eg har sjølv sagt også nytta meg av mange andre verk som har bidrege med verdifulle vurderingar og informasjon som ikkje har vore teke opp andre plassar. Eg har og gått gjennom ein god del verk som eg ikkje har referert til i denne oppgåva. Rett og slett fordi det malar eit likt bilete som andre forfattarar, og på område utan dei store kontroversane, er det ikkje verdt å ta med.

Del II

2.1 Den romerske hærens opphav

I historie, er krig, organisering av ein hær, og statsdanning, tre fenomen som er tett bunde saman. Mange vil hevde at "staten" som ein politisk fellesskap, oppstod då menn frå eit avgrensa geografisk område, vart bundne saman av ein organisert hær. I følgje Paul Erdkamp, var statsdanning i antikken ein todelt prosess. På den eine sida, hadde ein veksten av ein sentral autoritet, korleis denne autoriteten måtte organisere og disponere ressursar og institusjonar for å vekse. På den andre sida handlar statsdanning om at styresmaktene hadde eit stadig større ansvarsområde, der staten vart involvert i saker som tidlegare hadde vore i den private sfæra. Skapinga av ein organisert hær, er eit interessant tema, sidan organisering og veksten av noko slikt, krevja ein stadig større kontroll av menneskelege og materielle ressursar. Dette i tur, gav styresmaktene det som ofte blir kalla "valdsmonopol" og det gav dei moglegheita til å krevje meir av befolkninga dei styrte over. Erdkamp, meiner at ein og må ta med i vurderinga, at styresmaktene ofte måtte "forhandle" med befolkninga for å bli samde om tiltak som var begge partar til gode. Styresmakter som kunne vise, eller overtale befolkninga til at ein sterk hær og var i befolkninga sitt beste, var dei som oftast kunne disponere mest militære ressursar.⁵

I antikken si verd, stod mange samfunn ovanfor denne utfordringa. Enten måtte ein organisere seg i ein stat, eller la seg underkue av aggressive og opportunistiske naboar. Rom, som så mange andre, vart og tvinga til å forbetre organiseringa av både stat og hær for å hanskast med naboane, og ut i frå dette vart den romerske republikken fødd. I Rom var staten styrt av ein elite av urbane landeigarar, og "staten" var utgjort av folkeforsamlingane, embetsmennene og senatet som i heilskap utgjorde *senatus populuque romanus* (SPQR). Ein del av dette, var retten til lovleg utøving av vald, eller kontroll av hæren, noko som falt til embetsmenn med *imperium*. *Imperium* vart gjeve til årleg valde embetsmenn, og dermed var det ikkje sosial rang som gav dei denne retten, men dei fekk den tildelt av senatet og folket. Den romerske staten, hadde i utgangspunktet kontroll over byen Roma, men på slutten av det fjerde hundreår fvt så hadde maktsfæra utvida seg til andre samfunn i det latinske området. Nokre hadde borgarrettigheiter på lik linje med dei i Rom, medan andre var "allierte" og bundne til Rom av avtalar. Desse allierte, kalla *socii*, hadde ulike plikter, ein av dei viktigaste var å stille med soldatar til hæren. I det tredje hundreår fvt, så bestod ein romerske hær under ein konsul, vanlegvis av to romerske legionar, og to troppar av *socii* på omlag same storleik. Så trass i at desse allierte samfunna var relativt autonome, så hadde dei samtidig mista

⁵ Erdkamp 2007: 97

kontrollen over sine egne soldatar.⁶ Denne praksisen med å skaffe seg "allierte" var ein av dei viktigaste faktorane bak den romerske ekspansjonen. Kontrollen over dei allierte, gav romarane ei drastisk auke i tilgjengeleg mannskap, men Rom kom ikkje i denne gunstige posisjonen berre gjennom rå makt, men og gjennom diplomatisk manøvrering. Romarane, greidde gjennom eit komplekst system av avtalar, å få dei ulike italienske samfunna under sin kontroll. Det romarane ofte gjorde, var å vende seg til byar som var i konflikt med andre, deretter erklærte og romarane krig, og greidde dermed å skape felles interesser og ein felles fiende. Dei var heller ikkje framand for å sette andre byar opp mot kvarandre, ein strategi som seinare har blitt kjend som "splitt og hersk".⁷ I løpet av det tredje hundreår fvt, hadde Rom, skapt eit hegemoni, og ein viss legitimitet rundt styringa si. Til dømes då trugselen om ein ny gallisk invasjon dukka opp i 225 fvt, såg dei andre byane til Rom for leiarskap og vern⁸

Det romerske samfunnet var og oppbygd av ein moralkode som bygde på romerske idealdygdar, eller *virtus*. *Virtus* var mellom anna djervskap, nåde, visdom, alvor, verdigheit og plikt og den etiske autoriteten som støtta opp under desse dygdene var *mos maiorum*, forfedrane sine skikkar. For dei romerske borgarane, og spesielt for eliten, var det viktig å vise til sine forferde sine storverk, men også å etterfølgje, og helst overgå dei. Tanken bak den romerske republikken, var at alle tok del i makta, både i fordelar og ansvar. Senatet bestod av eliten, og dei leidde verksemda i byen. Embetsmennene vart valde frå medlemmar i senatet, og dei som kunne røyste i desse vala, var *plebarane*, folket. Romarane sin avsky for einevelde, gjorde at dei skapte eit system med to årleg valde konsular, som skulle forhindre at nokon vart for mektige. Ut i frå dette relativt enkle systemet, laga romarane ein vev av maktspel, svik og intriger, med andre ord: politikk som vanleg. Når monarkiet var over og den romerske staten vart ein republikk, så stod *Comitia Centuriata* fram som eit av dei viktigaste politiske og militære institusjonane. *Comitia Centuriata*, var ei samling av dei mannlege romerske borgarane, og var ikkje berre ein basis for soldatar, men dei hadde også viktige politiske funksjonar. *Comitia Centuriata* valde pretorar og konsular, kunne erklære krig, og fungerte i nokre høve og som eit juridisk organ. Som i dei greske bystatane, var det ein sterk samanheng mellom politisk styring og militærtjeneste i Rom.⁹

Hoplitt-krigføring oppstod i Hellas omkring 650 fvt, og er nært forbunde med statsdanning. Hoplittane bestod av det ein kan kalle middelklassa, og "regelen" var at plikta til å væpne seg sjølv og kjempe på vegne av sitt samfunn, gav dei politiske rettar. Eksistensen av ei hoplittklasse i Hellas, var betinga på eit samfunn med ein viss økonomisk og sosial infrastruktur. Adoptinga av

⁶ Erdkamp 2007: 98

⁷ Erdkamp 2007: 99

⁸ Erdkamp 2007: 101

⁹ Fortsythe 2007: 24-25

falanksen var altså ikkje berre basert på ein militær evolusjon, men og på sosiale og politiske forhold. Soldatane måtte skaffe seg det relativt dyre utstyret sjølve, noko som betydde at dei hadde noko eigedom, som oftast land. Soldatane i ein hoplittthær bestod av menn, som ikkje berre var bundne saman av eit militært fellesskap, men og eit sosialt og kulturelt. Sidan soldatane var landeigarar, var det og i deira eiga interesse å kjempe for bystaten, sidan dei på den måten kunne hjelpe å halde landet sitt trygt for fiendtlege naboar. Namnet stammar frå det greske bronse-skjoldet (*hoplon*)¹⁰, som var eit massivt bronse-skjold, som trass i si tunge vekt, gav soldaten godt vern. Soldatane var og truleg utstyrt med ein hjelm og leggskinn, samt eit spyd som vart brukt til å stikke med. Ideen bak falanksen, var at soldatane kjempa i ein tett formasjon, slik at soldaten si uverna høgreside, var delvis verna av sidemannen sitt skjold.¹¹

I si sjette bok, kjem Polybius med ei detaljert skildring av den romerske hæren omkring den andre puniske krigen. Dei romerske rekruttane samlast altså årleg for å gjennomgå denne prosessen kalla *dilectus*, der soldatar vart vald ut for å tenestegjere i legionane. Alle menn mellom 17 og 46 år var tvungen til å møte, og dei tenestegjorde opp til 10 år for kavaleri og 16 år for soldatar. Innrulling i hæren, skjedde kvart konsulære år og tok plass på Campus Martius utanfor Roma. Soldatane hadde ikkje lov å sette fot inne i byen, utanom når ein feira vellykka krigar med paradar gjennom gatene.¹² Dei romerske soldatane, ved innrulling i hæren, la seg i eid (*sacramentum*) til hærføraren, som på si side hadde lovfesta *coercitio*, som gav han rett til å straffe og til og med dele ut dødsstraff til soldatane når dei var på kampanje. I tillegg hadde soldatane ei eid seg imellom kalla *coniuratio*, der dei forplikta seg til å "ikkje flykte frå slaget eller sin plass i oppstillinga"¹³ Slike eider soldatane imellom var utvilsamt med på å fostre kameratskap og samhald innad i hæren.

Hærane vart leia av årleg valde embetsmenn som hadde *imperium*, eller retten til å lede. Embetsmenn som hadde *imperium* var konsular, og på mindre kampanjar ein pretor.¹⁴ Medan konsulane og pretorane hadde ansvar for legionen som heilskap, hadde dei militærtribunane under seg. Stillinga som militærtribun, var svært prestisjetung, og ein måtte ha tenestegjort i minst 5 år for å vere kvalifisert. Tribunane måtte vere velståande, og kom dermed som oftast frå riddarklassa og tenestegjering i hæren vart gjort som kavaleri. Ansvar til ein tribun var ikkje berre reint militært, men han hadde og som vald embetsmann; ansvar for soldatane sine rettar og velferd. Tribunane opererte i par i to månadar i gangen, og når romarane var på kampanje, roterte dei på å vere ute i

¹⁰ Sjå Fig.01 og 02 (*Falanks og hoplitt*)

¹¹ Goldsworthy 2003: 20-22

¹² Polybius *Hist.* 6: 19-21

¹³ Livy 22.38 2-5

¹⁴ Goldsworthy 2003: 26

felten.¹⁵ Etter den andre Puniske krigen, vart det derimot meir vanleg at konsulen hadde med seg ein eller fleire legatar på kampanje. Ein legat kom som regel frå dei øvste sosiale laga, senator klassen, og på kampanje fekk han ofte delegert ansvar for ein del av styrken. Når ein var på kampanje, var det ofte naudsynt å dele opp styrken for å nøytralisere trugslar som ikkje krevja heile legionen si merksemd, og her kunne legatane få delvis sjølvstendig kontroll over ein styrke. Sidan tribunane var tettare knytte til dei enkelte legionane, var dei mindre passande til denne rolla og dermed vart etterkvart stillinga som legat meir populær blant aspirerande politikarar.¹⁶

Utskiiftinga av generalar, var til tider problematisk. Sjølv om det er fleire døme på konsular som fekk utvida kommandoen sin, så var regelen eit år av gangen. Eg meiner at frå eit politisk perspektiv, var nok dette eit bra system, sidan det hindra konsulane å byggje relasjonar i militæret og at det dermed hadde ein preventiv effekt når det gjeld militærkupp, men samtidig hindra det generalane å opparbeide seg verdifull erfaring. Ei anna problemstilling var at konsulane og pretorane fyrst og fremst var politikarar, ikkje hærførarar, og dermed dei militære dugleikane kunne variere stort. Sjølv om militære eigenskapar var viktig for ein konsul, så var det nok ikkje alltid på dette grunnlaget dei vart vald. Keppie meiner at denne stadige utskiftinga var eit stort handikapp for romarane, men at fornufta sigra til slutt, og at i kriser vart jobben som general gjeve til dei mest kompetente, som til dømes med Scipio under den andre puniske krigen, eller Marius under kimbrarkrigen.¹⁷Når ein ser på den tidlege romerske hæren, er det lett å sjå at dei henta mykje inspirasjon frå sine greske naboar i aust. Den tidlegaste romerske hæren var så godt som ein kopi av den greske falanksen, og den greske militær tradisjonen vart ei viktig inspirasjonskjelde for den romerske. Men trass i sine greske røter, greidde den romerske hæren å vidareutvikle seg til å bli eit enda meir effektivt reiskap, mellom anna så hadde dei viktige framsteg når det gjaldt organisering og strategi.

Den tidlege romerske hæren var i essensen ein borgar-milits, leia av valde embetsmenn, deltaking i hæren, var som i det antikke Hellas knytt opp mot borgarskap. Men korleis klarte då denne «borgar-militsen» å leggje grunnlaget for ein ekspansjon, som til slutt skulle omringe heile middelhavet? Keppie skriv at å beskrive den tidlege romerske hæren som ein milits, er å undervurdere kapasiteten og mistolke innstillinga til soldatane og leiarane; streng disiplin og trening var kjenneteikna. Han meiner at romarane hadde innstillingane til ein profesjonell hær, lenge før den romerske hæren som institusjon vart profesjonalisert. Det romerske samfunnet var tilrettelagt for krigføring, og soldatane som kjempa for Rom virka til å vere alt anna enn amatørar.

¹⁵ Keppie 1984: 39-40

¹⁶ Keppie 1984: 40

¹⁷ Keppie 1984: 33

Likevel var det romerske samfunnet eit som var bygd på tradisjonar, og nokre av desse tradisjonane gjorde det vanskeleg å endre på den grunnleggjande strukturen i hæren. Eit av desse seigliva tradisjonane, var linken mellom politisk embete og kommando over hæren. Eit anna, var at trass i sin relativt gode disiplin, var dei fleste soldatane framleis del av ein mellombels milit. Dette fungerte greitt når dei kjempa på det italienske fastlandet, men bydde på større utfordringar då romarane skaffa seg eit oversjøisk imperium¹⁸

I motsetning til andre samfunn, som til dømes det karthagenske, der krigar vart utkjempa av aristokratiet eller leigesoldatar, greidde romarane ved å inkludere borgarane i staten, å skaffe seg tilgang på fleire soldatar. Ved å gi middelklassa ei viktigare rolle, vart det skapt ein hær av menn som ikkje berre følgde ordre, men som gjorde ei borgarplikt og som kjempa for staten dei var ein del av. Når det er sagt, så hadde også dei romerske soldatane andre ting å vinne enn ære, slagne fiendar kunne nemleg plyndrast. Plyndregods var ikkje berre forlokkande for soldatane, også konsulane hadde gevinstar i vente. Louis Rawlings, meiner at dei økonomiske fordelane ved krigføringa i Italia ikkje skal undervurderast. Han meiner at nokre av framstillingane som blir gjeve i kjeldene må takast med ei klype salt, men at det likevel er god grunn til å tru at plyndregods vunne i det fjerde og tredje hundreår fvt, fylla dei romerske skattekamera. Mellom anna vart det bygd heile 9 tempel i Roma mellom 311-291, eit klart teikn på at romarane hadde godt med ressursar for hand¹⁹. For eliten, hadde krigføring fleire fordelar; ein kunne vinne ære på slagmarka ved å slå fienden, og ein kunne vise sitt storsinn ved å byggje offentlege bygg i Rom, finansiert av krigsbyttet ein hadde vunne.

2.2 Den Republikanske legionen: Taktikk og Utstyr

Den fyrste detaljerte skildringa av den republikanske romerske hæren, får av den greske historikaren Polybius i det andre hundreår fvt. Denne hæren har og blitt kalla «Den Polybianske legionen». Ifølge Polybius, var denne hæren relativt lik den som fanst i det tidlege tredje hundreår, noko som vil sei at den mest truleg var eit resultat av gradvis endring, og ikkje ein radikal reform. Den republikanske legionen var framleis ein borgar-hær i den forstand at tenestegjering var knytt opp mot borgarskap og at soldatane måtte kjøpe våpen og utrusting sjølve. Soldatane vart rekrutterte gjennom verneplikt, men dei var ikkje soldatar på full tid, sidan dei fekk reise heim når felttoget var over, og det var ei øvre grense på 16 kampanjar i året. Hæren vart utvida frå 4,000 til 6,000 mann og dei fattigaste borgarane, som ikkje hadde råd til å kjøpe seg brynje, adopterte det klassiske rektangulære skjoldet (*scutum*). Etter at naboen Veii hadde blitt nedkjempa, stod romarane

¹⁸ Keppie 1984: 55-56

¹⁹ Rawlings 2007: 48

ovanfor ein ny fiende: Gallarane. Den relativt «stive» falanksen som romarane hadde nytta, var mindre effektiv mot gallarane, sidan dei kjempa i ein meir open og laus formasjon. Dette førte til at romarane gikk bort frå falanksen, og etterkvart utvikla dette seg til ein lausare formasjon, der hæren kjempa i *manipuli*, eller «handfullar». Det runde bronse-skjoldet vart no og bytta ut til fordel for *parma*, og spyda vart no bytta ut med kastespyd kalla *pilum* og korte sverd kalla *gladius*.²⁰ Ifølge Keppie var denne taktiske omstruktureringa og det nye offensive utstyret, ein avgjerande faktor i romarane si erobring av middelhavsområda²¹. Spesielt innføringa og bruken av *pilum*, gav romarane eit strategisk overtak mot sine naboar. *Pilum* vart eit kastespyd, og kvar infanterist hadde to slike som dei ville kasta mot fienden før dei gikk inn i nærkamp. Styrken til *pilum*, var den smarte utforming. Det var eit treskaft på omlag 1,2m og på enden var ein lang, slank jarnspiss, den slanke jarnspissen gav det ei sterk penetrerande kraft og kunne lett slå hol på både rustningar og skjold. I tillegg vart den nedste delen av jarnspissen ikkje herda, noko som gjorde at den ville bende seg når den landa. Dette hadde i hovudsak to formål; den kunne ikkje kastast tilbake, og dersom den penetrerte eit skjold, ville den vere svært vanskeleg å trekkje ut, noko som gjorde at skjoldet vart tungt og uhandterleg. Etter kamp kunne *pilum* samlast opp og rettast ut av smedar, og dermed brukast på nytt.²² Vegetius skriv i sitt verk om bruken av *pilum*, den var altså i bruk i den romerske hæren i over 500 år, noko som eg meiner er eit testamente for kor effektivt det var.²³

Legion eller *legio* på latinsk betydde originalt verneplikt, men i løpet av det fjerde hundreår hadde det blitt eit omgrep for den viktigaste eininga i hæren, som var dei romerske legionæranne. Ein vanleg legion i denne perioden bestod av 4,200 infanteri, samt 300 kavaleri²⁴ (*equites*) som kom frå dei romerske riddarklassen. På felttog, hadde romarane og med seg "allierte" troppar frå nedkjempa byar, medan romarane utgjorde midten av formasjonen la desse allierte seg på kvar side, noko som gav dei namnet *alae*, som betyr ving. Keppie hevdar at dette ikkje alltid var populært og at det førte til ein del murring i desse allierte byane. Det er og god grunn til å tru at soldatane som vart henta frå desse allierte byane, var svært like dei romerske i utstyr og strategi. Under principatet derimot, vart omgrepet *alae* einsbetydande med kavaleri. Kontigenta frå dei allierte byane var omlag 500 mann sterk og var nesten som ein miniatyr versjon av den romerske hæren, *ala* vart leia av ein *praefecti sociorum*, som var ein embetsmann frå den romerske riddarklassa²⁵. Pat Southern skriv at *alae* kan sjåast på som ein slags fjern forgjengar til dei seinare *auxillia*²⁶. Noko eg meiner er ein fornuftig

²⁰ Polybius *Hist.* 14.8.5 ; Sjå Fig.03 (Romersk soldat)

²¹ Keppie 1984: 19

²² Goldsworthy 2003: 28

²³ Vegetius: 1:19:7

²⁴ Sjå Fig 04 (Kavaleri)

²⁵ Keppie 1984: 22

²⁶ Southern 2006: 120

parallell, sidan *alae*, i likskap med *auxillia*, ofte utfylte manglar eller andre funksjonar i hæren. Medan romarane kjempa mot latinske og italienske styrkar, var kavaleriet tilstrekkelig, sidan dei og hadde lite kavaleri, men når dei støtte på fiendar som disponerte langt mektigare kavaleri, så vart denne mangelen langt meir framtrudande. Hovudgrunnen til det manglande romerske kavaleriet, var at soldatane måtte kjøpe sitt eige utstyr. Ein hest var ikkje allemannseige, og dermed var det berre menn frå den romerske riddarklassa (*ordo equester*) som utgjorde det romerske kavaleriet.²⁷ Løysinga, vart å hente kavaleri utanfrå, anten frå allierte byar, eller leigesoldatar. Alliert kavaleriet var eit viktig tilskot til den romerske styrken.²⁸ Ein anna svakheit, var mangelen på bogeskyttarar. Desse vart og rekruttert utanfrå og Titius Livius fortel i eit utdrag at Hiero av Syrakuse sendte romarane bogeskyttarar og slynge-kastarar for å fylle denne mangelen:

For heavy foot and horse, the King knew that the Roman People employed none, but Romans and Latins; but amongst the light-armed auxiliaries, he had seen in the camps of the Romans even foreigners; he had therefore sent a thousand archers and slingers, a force well adapted to cope with Moors and Baliares and other tribes that fought with missiles²⁹

Infanteriet i den republikanske legionen var inndelt i inntekts, men også aldersklasser. Dei fattigaste av dei godkjende borgarane, teneste gjorde som *velites*, som var lett infanteri og fungerte som speidarar eller støttetroppar. Dei hadde ingen utrusting, og var berre væpna med ein *gladius* og ei bunte med lette kastespyd. *Velites* satsa på mobilitet og volleyar av spyd for å slite ned fienden før infanteriet trådde inn, *velites* forsvann etter dei marianske reformene. Hovudstyrka til denne hæren bestod av infanteriet, som var inndelt i tre grupper: *Hastati*, *princepes* og *triarii*. *Hastati* var dei yngste soldatane, og utgjorde frontlinja, deretter kom *princepes* som var menn mellom 20 og 30 år, og bakst var *triarii* som var dei mest erfarne. *Hastati* og *princepes* var 1,200 mann sterk kvar, og var inndelt i 10 *manipuli* med 120 mann i kvar, *triarii* var som regel 600 mann med 60 mann i kvar *manipuli*. Dei minst erfarne *hastatii* ville angripe fienden først, dersom dei møtte sterk motstand eller vart trøyte av å kjempe, rykte dei bak og neste rekke av *princepes* tok over, om ikkje dei heller lukkast i å vinne slaget, tok til slutt dei mest erfarne *triarii* over³⁰. Sistnemnde skapte eit romersk ordtak: «*ad triarios redisse*», "å falle tilbake til *triarii*", noko som antyda at det var ein desperat situasjon³¹.

Men, den romerske hæren bestod ikkje berre av infanteri, dei var også støtta av eit lite regiment med kavaleri. I følgje Polybius, nytta dei første romerske ryttarane seg ikkje av utrusting, noko som gjorde dei smidige, men samtidig veldig sårbare. I tillegg var både lansen og skjoldet dei

²⁷ Southern 2006: 120-121

²⁸ Keppie 1984: 31-32

²⁹ Livy: 23: 37: 7-8

³⁰ Polybius *Hist.* 6: 22-23; Sjå Fig 05 Polybianske legionen.

³¹ Goldsworthy 2003: 27

nytta av dårleg design, noko som i følge Polybius, gjorde dei dårleg skikka til strid.³² Så kvifor var det romerske kavaleriet så primitivt i forhold til det meir sofistikerte infanteriet? Ein medverkande faktor, kunne ha vore den italienske topografien: Store delar av det italienske fastlandet, består av rimelig kuppert terreng³³, noko som gjer krigføring til hesterygg mindre gunstig og då spesielt tungt kavaleri. Ein anna faktor, var at soldatane måtte betale for utstyret sjølve, hest var ikkje allemannseige, og dermed var det relativt få som hadde moglegheit til å lære seg å kjempe på hesterygg. Medan romarane kjempa i Italia, mot liknande styrkar, var ikkje dette noko problem, men då ekspansjonen haldt frame, og dei møtte sterkare kavaleri, vart denne mangelen eksponert.

Men, trass i teknologiske og strategiske endringar, var den republikanske hæren, på ingen måtar uovervinneleg. Når romarane ekspanderte sørover i Italia, vart dei involverte i ei rekkje blodige slag med den greske kongen Pyrrhos. Pyrrhos hadde ein hær basert på den makedonske falanksen som Alexander tidlegare hadde lagt under seg verda med, og den var på toppen av si utvikling. Soldatane i Pyrrhos sin falanks, bar spyd på heile 5 meter, og denne strittande veggen av overlappende spydspissar, skapte store problem for romarane.³⁴ I tillegg hadde Pyrrhos ein tropp med krigselefantar, og dette var romarane sitt første møte med desse formidable beista. I det første slaget ved Heraclea, greidde ikkje romarane å bryte igjennom, og elefantane sendte romarane i retrett.³⁵ Men sjølv om Pyrrhos vann slaget, hadde romarane ein langt større hær, og langt fleire menn og ta av, noko som gjorde at Pyrrhos relativt sett vart påført eit mykje større tap.³⁶ Så trass i at Pyrrhos vann slaget, var hans tap meir kostbare. Denne hendinga er bakgrunnen for uttrykket «Pyrrhossiger», som betyr ein sær dyrekjøpt siger.³⁷

2.3 Republikkens fall og profesjonaliseringa av hæren

Då romarane hadde lagt Italia under kontroll, starta dei å sjå ut over horisonten etter nye erobringar. Men steget ut frå Italia, innebar at dei hamna i konkurranse med ei rekkje godt etablerte aktørar, mest framtrekkande, Kartago. Den fyrste krigen, som starta som ein disput over Sicila, enda utan nokon klar sigerherre på land. Den andre puniske krigen, vart prega av dei store generalane Hannibal og Scipio *Africanus*, men etter denne krigen, stod romarane igjen som sigerherre. I det som er kjend som den tredje puniske krigen, vart Kartago brent, og store delar av folket vart anten drepen, eller tekne som slavar.

³² Polybius *Hist.*: 6: 25

³³ Sjå Fig 06 (terreng)

³⁴ Sjå Fig 07 (makedonsk falanks)

³⁵ Keppie 1984: 23

³⁶ Plutarch 1.23

³⁷Keppie 1984: 24

Etter at Kartago var borte, var no romarane ei supermakt ved middelhavet, og dei styrte over eit enormt område. Men freden varte ikkje evig, og etterkvart støyta romarane på nye utfordringar. Den romerske hæren, hadde store problem i Numidia, der ei lita konflikt med den numidiske kongen Jugharta hadde utvikla seg til open krig, ein krig som hadde tæra på hæren. Konsulen Metellus var i Numidia for å løyse situasjonen, men den politiske opinionen ville ha raske resultat, og i 107 fvt, vart Marius vald som konsul, og sendt dit for å løyse problemet. Når Marius skulle rekruttere soldatar, vendte han seg til *capitei censi* for frivillige rekruttar. *Capitei censi* betyr bokstaveleg talt «dei som er talt av hovud» og var eit omgrep som vart brukt om dei aller fattigaste borgarane. Desse borgarane eigde som regel ikkje noko nemneverdig, og vanlegvis var dei ekskluderte frå militærtjeneste. Det er vanskeleg å vite kor mange denne gruppa utgjorde, men det er rimeleg å tru dei utgjorde ein monaleg del av befolkninga.³⁸

Å vende seg til denne gruppa, verka ved første augekast som ein genistrek: Samtidig som ein fekk tilgang til monaleg med mannskap, løyste ein og eit sosialt problem, sidan ein fekk fjerna landlause «bråkmakarar» frå gatene.³⁹ Men til trass i den openbare fordelten med fleire rekruttar, var der og ein bakdel. Ein kan hevde, at Marius sine reformer, politiserte den romerske hæren, og gjorde at soldatane ikkje lenger var lojale mot det romerske senatet, men heller den enkelte hærføraren. Denne kritikken kan virke plausibel dersom ein tek omsyn til alle borgarkrigane som herja riket i det siste hundreår fvt, men, kvifor dette skiftet i lojalitet? Dei viktigaste endringane i Marius sine reformer var: Fjerning av eigedomskrava for tenestegjering i hæren, supplering av utstyr til soldatane og kompensasjon til veteranane i form av land i erobra territorium eller krigsbytte. I mine auge, er det berre den sistnemnde som kan brukast som argument for eit eventuelt skifte i lojalitet, sidan påskjønninga til soldatane no var i hendene på den enkelte hærførarar. Utdeling av landjord til veteranar, vart heller ikkje noko standardisert praksis under Marius. Sjølv om det er prov på at nokre av veteranane fekk utdelt jord etter krigen i Numidia, var dette ein praksis som senatet openlyst motsette seg⁴⁰ Ein må og ta omsyn til den sosiale uroa og konflikta mellom eliten og borgarane i denne perioden. Dette gjorde at aristokratiet tapte terreng i forhold til «populære menn», som til dømes Marius, som hadde konsulembetet heile 7 gangar⁴¹

Men ein av endringane som *kan* sporast til Marius er endringane i taktisk organisering og utstyr. No som staten var ansvarleg for å supplere soldatane med utstyr, vart det ei større grad av standardisering. No forsvann og distinksjonane mellom dei ulike «typane» infanteri, alle soldatane var no like, og brukte det same utstyret. Det skjedde og ei restrukturering av hæren i felten. Den

³⁸ Sallust: *Jug*: 55, 84, 85

³⁹ Keppie 1984: 61

⁴⁰ Keppie 1984: 63

⁴¹ Plutarch *Mar*: 27.5

grunnleggjande eininga, var ein centurie, som bestod av 80 mann, samt ein centurion og ein faneberar . To centurier utgjorde ein «manipel» og tre «maniplar» utgjorde ein kohort, som bestod av 480 mann og var den grunnleggjande taktiske eininga. I ein legion, var der 10 kohortar, noko som gjorde at ein romersk hær, på papiret, bestod av 4800 soldatar og 60 centurionar og faneberarar. Marius bytta og ut og standardiserte fanene i legionane.⁴² Tidlegare hadde dei ulike troppane hatt ulike dyr på toppen av fanene, men no vart alle fanene utsmykka med ei ørn på toppen, denne vart kalla *aquila*. Å miste ørna til fienden, vart sett på som den største skam, og romarane gjorde alt dei kunne for behalde den eller vinne den tilbake.⁴³ Det er også interessant å merkje seg at soldatane knytte så stor signifikans til eit symbol, og at yrket som soldat ikkje berre var ein jobb, men at det hadde eit element av personleg ære og *esprit de corps*.

Marius reduserte også talet sivile som følgde hæren, fordi han meinte at soldatane måtte vere meir sjølvstendige, og i stand til å bere sitt eige utstyr når hæren var ute i felten. Soldatane måtte då bere våpen, utrusting og eigne rasjonar samt utstyr for matlaging og leirbygging. Mange samtids forfattarar ymta spøkefullt om at all denne lasten hadde gjort soldatane til trekkdyr, og soldatane under Marius fekk dermed kallenamnet «Marius sine muldyr».⁴⁴ Cagnart ser Marius sine reformer frå ein litt anna vinkel. Trass i at kvar enkelt soldat no måtte bere meir, og dette utvilsamt kunne vere utmattande på lange marsjar, så vart mobiliteten til hæren betre på grunn av dette grepet. Tidligare hadde hæren vore følgd av det han kallar "a mass of non-combatants", mellom anna opportunistiske handelsmenn, slavehandlarar og til og med prostituerte. Cagnart skriv Marius ikkje hadde så mykje til over for desse "sivile parasittane", og når han kvitta seg med dei, så auka mobiliteten, men og disiplinen til soldatane. Marius var også svært opptatt av grundig trening, og organiserte øvingskampar med tresverd i leirane, ikkje ulikt det ein fann i dei ulike gladiatorskulane. Cagnart skriv at Marius sine endringar førte til ei drastisk auking i effektiviteten til soldatane og at generalar som Sulla, Pompeius og Cæsar, hadde mangt å takke Marius for⁴⁵

I det siste hundreår fvt, var den romerske republikken herja av intern strid. Spenninga mellom *latinum* og dei italienske bystatane var stigande. Rota til konflikta, var eit ønskje frå dei allierte bystatane, om like rettar, statsborgarskap og lik fordeling av militærplikter. I 91 fvt, vart plebartribunen Livius Drusus myrda av ein politisk motstandar. Drusus var ein forkjempar for rettane til dei allierte italienske statane, og det enda i krig. Opprøret til dei allierte bystatane overraska det romerske senatet, og for augeblikket hadde dei berre ein tilgjengeleg legion. Senatet sette straks i gang tiltak for å forsvare Rom, dei rekrutterte troppar og kalla inn sine beste generalar,

⁴² Keppie 1984: 64 ; Sjå Fig 08 (Marius sin hær)

⁴³ Goldsworthy 2003: 47 ; Sjå Fig 09 (Aquila)

⁴⁴ Keppie 1984: 66 ; Sjå Fig 10 (Muldyr)

⁴⁵ Cagnart 2007: 87

mellom anna Gaius Marius. Romarane, hadde relativt dårleg krigslykke i starten, men senatet, som såg at dette ikkje gikk rett, bestemte seg for å gi borgarskap til dei som hadde haldt seg lojale, og dei opprørarane som hadde slutta å krige. Lykka snudde no for romarane, og berre dei mest standhaftige opprørarane stod igjen. Konflikta enda med at så og sei alle samfunn sør for elva Po fekk statsborgarskap.⁴⁶ Forbundsfelekrigen fekk også konsekvensar for den romerske hæren. Sidan alle som vart rekrutterte sør for Po var statsborgarar, forsvann distinksjonen mellom dei romerske og dei andre italienske troppane. *Alae* forsvann, og ansvaret for å oppretthalde og betale for hæren, låg no heilt på det romerske skattekammeret. Eit anna resultat av dette, var at hæren no vart langt større. Det var uvanleg at der var under 14 aktive legionar til ei kvar tid, og under kampanjar auka dette talet⁴⁷.

Men i forkant av den store borgarkrigen, var der og ein mann som ytterlegare svekka republikken: Sulla. Sulla forstod ei viktig sanning om Rom, nemleg at politisk makt no kom frå hæren. Med den låge betalinga soldatane mottok og hæren fylt med fattige frivillige, var det opp til generalen å sjå til soldatane si betaling gjennom krigsbytte. Den romerske hæren hadde gjennomgått ei profesjonalisering, men også ei slags privatisering. Og i 88 fvt, viste Sulla kva ein kunne oppnå med ein privat hær i ryggen. Sulla hadde fått utdelt oppdraget om å stogge Mithradates, eit lukrativt eit soleis, med prospektet om eit klekkeleg krigsbytte. Sulla og hæren hadde leir sør for Rom, då han fekk beskjed om at felttoget hadde blitt teke frå han og gjeve til hans politiske rival. Sulla vart rasande, og sidan denne avgjersla også gikk utover soldatane hans, så var dei ikkje vanskelege å be då han gav ordren om å marsjere mot Rom. Sulla meinte at ved å ta frå *imperium* frå ein konsul, hadde senatet fjerna seg frå *mos maiorum*, «forfedrane sin tradisjon», og dermed rettferdiggjorde dette handlinga hans⁴⁸ Trass i at Sulla overraska alle ved å sei frå seg diktatorembetet og trekkje seg tilbake, hadde han vist kor svekka republikken var.

Julius Cæsar sine handlingar, skulle vise seg å ha store konsekvensar for det romerske imperiet, men og for den romerske hæren. Cæsar, kom til Gallia i 58 som prokonsul, med tre legionar under sin kontroll. Året før, hadde han blitt gjeve kontrollen over nordre Italia, samt Illyricum i heile 5 år. Då guvernøren for "Transalpinia", Gallia på den andre sida av Alpane døde, fekk Cæsar og kontroll over dette området og legionen som var stasjonert der. Dette vart ei plattform for Cæsar si overtaking av Gallia og for Cæsar, var dette ein sjanse til å vinne heider og ære, og styrke sin eigen posisjon i triumviratet.

Cæsar sine evner som strateg, er nesten legendariske, og han gikk frå siger til siger i Gallia.

⁴⁶ Keppie 1984: 68-69

⁴⁷ Keppie 1984: 69

⁴⁸ Keppie 1984: 70

Ikkje berre var han ein god strateg, men han var ein god retorikar, og det seiast han ofte reid midt inn i slaget for å oppmuntre sine eigne soldatar. Dette kombinert med at dei sikra seg rikeleg krigsbytte, gjorde at han raskt vart svært populær blant eigne troppar. Cæsar var også perfektjonist og han forventar berre det beste av både seg sjølv, og dei under han. Cæsar hadde og ei rekkje offiserar og embetsmenn med seg på kampanje, blant desse var legatar, tribunar, kvestorar og centurionar. Som nemnd tidlegare var tenestegjering i hæren ein viktig del av det politiske livet i Rom, og var inngangsbiljetten til senatet eller ulike embete. Problemet med desse «politikarane» var at dei ikkje alltid skapt for eit liv i hæren, og dei mangla både djervskap og militære talent. Keppie fortel at Cæsar i starten hadde med seg ei rekkje unge politiske aspirantar, men etter mange år i felten greidde å han å luke ut uønska element, og var sittande igjen med eit velsmurt maskineri som fungerte frå topp til botn.⁴⁹ Cæsar nytta seg og av *auxillia* under den galliske kampanjen. Sjølv om legionane var hjørnesteinen i hæren hans, veit ein at han rekrutterte gallisk, og seinare germansk kavaleri.⁵⁰ På ni år hadde Cæsar greidd å auka styrkane sine frå fire, til tolv legionar; om ein går utifrå at ein legion på papiret var 5000 mann, betyr det at han hadde over 50,000 menn under sin kommando.⁵¹ Keppie meiner at mesteparten av Cæsar sin hær var frivillige, men også mange krigsvande veteranar. Soldatane var motiverte av ære og lojalitet, men også av moglegheitene for krigsbytte. Sjølv om Cæsar greidde å byggje opp sterke lojalitetsband til sine troppar, var ikkje dette noko han kunne ignorere. Offiserane til Cæsar, og ikkje minst mannen sjølv vart svært velståande under den galliske kampanja⁵²

I år 50 fvt, bygde det seg opp mot borgarkrig. Cæsar sin periode som guvernør for Gallia nærma seg slutten og senatet med Pompeius i spissen kalla han heim til Rom. Cæsar hadde som mål å bli konsul når hans periode som guvernør var omme. Cæsar var ein helt blant folket, og denne populariteten var det mange i senatet som frykta. Senatet hadde då lagt fram forslaget om at Pompeius skulle bli einsleg konsul, medan Cæsar skulle løyse opp hæren sin og vende heim til Rom. Cæsar sjølv var overbevist om at han kom til å hamne for retten dersom han vendte tilbake til Rom utan immuniteten som konsulembete gav. 10 Januar i år 49 fvt, kryssa Cæsars *legio XIII* elva Rubicon, som markerte grensa mellom Gallia og Italia. Og etter ein blodig, men relativt kort borgarkrig, stod Julius Cæsar att som sigerherre og den mektigaste mannen i den romerske republikken.⁵³ Med denne, kunne Cæsar vende tilbake til Rom som den ultimate sigerherre. Krigsfangar vart leia bak toget i gatene, folket jubla og soldatane song og drakk. Veteranane i Cæsar sine legionar vart også klekkelig løna. Alle legionane, med unntak av den aller nyaste, vart frigjorte

⁴⁹ Keppie 1984: 97-98

⁵⁰ Cæsar: *Gallic Wars*: 6: 4,7 ; 7: 7,9

⁵¹ Sjå Fig 11 (antalet legionar under cæsar)

⁵² Keppie 1984: 100

⁵³ Cæsar: *Civil Wars*: 1: 0-6, 8

og mottok land i Italia eller det sørlege Gallia.⁵⁴

Trass i at Cæsar vart drepen av senatet, vart ikkje republikken gjenreist til tidlegare stordom, og nokre få år seinare sette hans adoptivson Oktavian inn det siste nådestøytet i republikken.⁵⁵

Den romerske hæren, var i sin tidlege start ein vernepliktshær, kommandert av politisk valde embetsmenn. Ved å kjempe for staten, fekk borgarane også delta i den politiske styringa. Det var eit system som også var underbygd av kultur, normer og ære. Lawrence Keppie skreiv at for dei romerske borgarane var tenestegjering i hæren “ei plikt, eit ansvar og eit privilegie”. For eliten, var dette moralske æressystemet enda viktigare, og siger på slagmarka var verdifull politisk valuta. Denne tevlinga om ære, som også gjaldt for soldatane, gjorde at den romerske kulturen var som skapt for krigføring og det gjorde at både eliten og borgarane var bundne saman av eit mål: At Rom sin lagnad var stordom.

Men suksessen inneheldt meir enn ein sterk militærkultur, den var og bygd på politiske og militære innovasjonar. Då Rom ekspanderte i Italia, greidde dei gjennom diplomati, makt og politikk å skaffe seg allierte framfor fiendar. Desse allierte forsynte den romerske hæren med soldatar, noko som gav den romerske hæren ei dramatisk auke i tilgjengeleg mannskap. Dette geniale systemet, gjorde at Rom raskt vann hegemoni og Latium, og seinare heile Italia. Den romerske hæren, som skildra av Polybius, utvikla seg frå ein hoplitthær, til ein fleksibel styrke, beståande av tungt infanteri, væpna med gode våpen og utrusting og taktikk og disiplin som gav dei eit overtak mot mange av sine fiendar. Elddåpen til Rom, kom då ekspansjonen flytta seg utanfor Italia, og dei støtte på Kartago. Sjølv om dei gikk sigrande ut av den fyrste krigen, så var dei på randen av nederlag då den legendariske Hannibal gikk over Alpane og invaderte Italia. I slaget ved Cannae mista 50,000 romerske soldatar livet, ei katastrofe som virka umogleg å reise seg frå. Men romarane hadde eit ess i ermet; nemleg mange potensielle soldatar Under Scipio Africanus samla dei seg, og både Hannibal og Karthago falt. Spesielt eit sitat frå Polybius, meiner eg er interessant:

The former bestow their whole attention upon this department: whereas the Carthaginians wholly neglect their infannry, though they do take some slight interest in the cavalry. The reason of this is that they employ foreign mercenaries, the Romans native and citizen levies. It is in this point that the latter polity is preferable to the former. They have their hopes of freedom ever resting on the courage of mercenary troops: the Romans on the valour of their own citizens and the aid of their allies. The result is that even if the Romans have suffered a defeat at first, they renew the war with undiminished forces, which the Carthaginians cannot do. For, as the Romans are fighting for country and children, it is impossible for them to relax the fury of their struggle; but they persist with obstinate resolution until they have overcome their enemies.(...)The fact is that Italians as a

⁵⁴ Keppie 1984: 112 ; Sjø Fig 12 (Cæsar sin atkomst til Rom)

⁵⁵ Plutarch: Cæsar: 66-68

nation are by nature superior to Phoenicians and Libyans both in physical strength and courage; but still their habits also do much to inspire the youth with enthusiasm for such exploits. One example will be sufficient of the pains taken by the Roman state to turn out men ready to endure anything to win a reputation in their country for valour⁵⁶.

No kan vel riktig nok ikkje Polybius seiast å vere fullstendig objektiv, men til trass for dette, så gir likevel sitatet eit inntrykk av styrken bak den romerske borgarhæren. Ein vernepliktshær, med nokon lunde villige soldatar, vil alltid vere overlegen leigesoldat, kor lojalitet blir kjøpt med pengar. Under dei Puniske krigane var det ikkje overlegen taktikk eller evne som vann krigen for romarane, det var den enorme tilgangen på stridsdyktige, og potensielt stridsdyktige menn.

Då konsulen Gaius Marius tredde inn på scena, endra hæren gradvis karakter. Ved å ta inn dei aller fattigaste i hæren, la han grunnlaget for det som skulle bli den profesjonelle hæren. Desse fattige hadde lite i det sivile liv, og dermed vart hæren som ein heim for dei, det vart og i større grad eit yrke. I tillegg vart det også knytt sterkare band mellom kommandør og soldat, og lojaliteten til soldatane skifta frå senatet til “store menn” som Marius, Sulla og Cæsar. Tenestegjering i hæren vart no eit yrke for dei fattigaste framfor eit privilegium for middelklassa. Det har blitt hevda at dette bana veg for “grådige” soldatar, og det var dei som var skuldige i at republikken falt. Lawrence Keppie har eit anna syn og hevdar at forbundsfellekrigen ville gjort mange menn heimlause, apatiske og forbitra, og for mange menn, fann dei ein ny heim i legionane i kjølvatnet av krigen. På den eine sida fekk hæren ein meir profesjonell karakter, men samtidig fekk ein soldatar som var likegyldige og ikkje hadde noko personleg eller emosjonell investering i den romerske staten. Resultat var at forbundsfellekrigen gjorde langt meir for å skape den «grådige» soldaten enn kva nokon av Marius sine reformer nokon gang gjorde⁵⁷

Med rikdom framfor ære som største motivasjon, og lojaliteten knytt til store menn framfor senatet, var no scena sat for borgarkrigane og republikken si blodige finale. Då Sulla marsjerte mot Rom, og vart innsett som diktator, viste han at det var hæren som var grunnsteinen for politisk makt, og han viste og kor svak republikken hadde blitt. Julius Cæsar, var mannen som skulle vise seg å bli republikken sin bøddel. Gjennom sine felttog i Gallia, greidde han ikkje berre å vinne rikdom og popularitet, men han greidde å skape seg ei velsmurt krigsmaskin av profesjonelle, lojale og krigsherda soldatar. Soldatane i hæren identifiserte seg sjølv, og delte sine målsettingar med Cæsar. Cæsar sine kampanjar i Gallia gav ikkje berre soldatane og offiserane verdifull erfaring, men Cæsar sine talent som general gjorde at soldatane hadde stor tru på sin general. Når borgarkrigen kom, viste det seg at desse faktorane vart svært avgjerande, og Cæsar sine styrkar var langt

⁵⁶ Polybius *Hist.* 6.52

⁵⁷ Keppie 1984: 70

overlegne sine rivalar i triumviratet. Om ikkje den romerske hæren var profesjonalisert sett frå eit institusjonelt standpunkt, så er det klart at Cæsar sine legionar hadde sterke innslag av ein profesjonell hær. Eit sitat frå Cæsar sin kampanje i Afrika, kan illustrere, ikkje berre den profesjonelle karakteren til hæren, men og stoltheita, og lojaliteten til Cæsar sine soldatar:

Labienus, with his head uncovered, advanced on horseback to the front of the battle, sometimes encouraging his own men, sometimes addressing Caesar's legions thus: "So ho! you raw soldiers there!" says he, "why so fierce? Has he infatuated you too with his words? Truly he has brought you into a fine condition! I pity you sincerely." Upon this, one of the soldiers said: "I am none of your raw recruits, Labienus, but a veteran of the tenth legion." "Where's your standard?" replied Labienus. "I'll soon make you sensible who I am," answered the soldier. Then pulling off his helmet, to discover himself, he threw a javelin, with all his strength at Labienus, which wounding his horse severely in the breast - "Know, Labienus," says he, "that will show you Labienus, that it's a man of the tenth legion who attacks you."⁵⁸

Det republikanske systemet i Rom var ein styrke, men og ein potensiell veikskap. Republikken var basert på ein skjør balanse, og små endringar kunne få systemet til å hamne i uorden. Ironisk nok, var det republikken sin suksess; ekspansjonen, som vart undergangen, då dei "glitrande prisane" som låg i horisonten, vart for freistande.⁵⁹

⁵⁸ Julius Cæsar: African War: 16

⁵⁹ Sjå Fig 13 (Ekspansjon lang tid)

Del III

3.1.0 Den Keisarlege romerske hæren

Til trass for sine bragder, som statsmann og general, levde ikkje Cæsar lenge etter sin atkomst til Rom. Mars 44 fvt, vart Julius Cæsar myrda i senatet av Brutus, Cassius og resten av senatet. Det har blitt sagt at etter mordet, gikk Brutus ut på trappene av senatet og ropte «Folket av Rom, vi er fri atter igjen». Planen til Brutus og dei andre konspiratørane, var at etter at Cæsar var død, ville den romerske republikken vende tilbake til «normalen» slik den var før Cæsar. Det konspiratørane ikkje hadde sett for seg, var Cæsar sine enorme popularitet blant veteranane og dei lågare sosiale klassene, og under Cæsar si bisetting vart husa til Brutus og Cassius angripne av ein rasande mobb.⁶⁰

Folket var i opprør, og det vart kravd at mordet på Cæsar måtte hemnast. Det som følgde er det som er kjend som det andre triumviratet og enda ein borgarkrig. På den eine sida hadde ein Markus Antonius, Oktavian, Cæsars arving og ein veteran frå Cæsars kavaleri kalla Lepedius. Dette andre triumviratet kjempa mot Brutus og Cassius for å hemne Cæsars mord. Den følgjande borgarkrigen var ei blodig affære. Hausten 42, enda krigen med siger til triumviratet då Brutus sine siste styrkar vart slått ved Phillipi i Makedonia⁶¹.

Situasjonen var framleis kaotisk, republikken var nede for teljing, og forholdet mellom medlemene i triumviratet vart stadig dårlegare. Medan Markus Antonius hadde opphelde seg i Egypt, hadde han i likskap med Cæsar innleia eit forhold til den egyptiske dronninga Kleopatra. Forholdet mellom Antonius og Oktavian vart stadig kaldare, og i 40 fvt, segla Antonius frå Egypt med ein stryke som skulle stogge Oktavian. Det skulle likevel vise seg at krigen måtte vente på seg, fordi både soldatar og centurionar i begge hærane var veteranar av Cæsar sin hær, og dei nekta å kjempe mot kvarandre. Trass i at hendingane i det følgjande tiåret ikkje er godt dokumenterte, veit ein at forholdet mellom Oktavian og Antonius stadig forverra seg og vinteren 32-31 braut det ut open krig⁶². I eit sjøslag ved Atticum mista Antonius og Kleopatra store delar av flåten sin då dei vart utmanøvrerte av Oktavian og hans høgre hand Agrippa. Medan dette hendte, kunne Antoniussine landstyrkar berre stå og sjå på katastrofa som utspelte seg framfor dei. Forlatne av sine eigne kommandørar og desillusjonerte, soldatane til Antonius overgav seg til Oktavian i byte mot at dei fekk lik behandling som Oktavian sine veteranar. Markus Antonius og Kleopatra som skjønna at dei no hadde tapt, tok sjølv-mord saman og Oktavian sat no igjen som den klart

⁶⁰ Plutarch: Cæsar: 66-68

⁶¹ Keppie 1984: 114, 115, 120

⁶² Keppie 1984: 124-126

mektigaste personen i den romerske verda⁶³

Etter sigeren over Antonius, vart Oktavian og hans kompanjong Marcus Agrippa valde som konsular. Trass i at Oktavian hadde enormt med makt, var ikkje hans første handling å innsette seg sjølv som tyrann, men å bringe fred og stabilitet tilbake til riket etter det svært så turbulente hundreår. I år 27 fvt, gav han kontrollen tilbake til senatet, og gav frå seg provinsane og kontrollen over styrkane. Frå det tidspunktet vart han og kjend som *Augustus*, den ærde. Men trass i dette, så sat Augustus i realiteten på ein stor del av makta. Tittelen som konsul, den enorme foruma han hadde, samt lojaliteten til troppane, gjorde at makta hans strakk seg langt utover konsul embete⁶⁴. Trass i at Augustus tilbydde å gi provinsane tilbake til senatet, så takka dei nei, og gav han kontrollen over dei «urolege» provinsane over ein periode på 10 år. Augustus fekk og retten til å utnemne medlemmar i senatet, han gav opp sin posisjon som konsul i 23 fvt, men behaldt retten til og fekk tittelen *tribunicia potestas*. Denne nye posisjonen som «tribun» gav han retten til å kalle saman senatet og gav han og veto mot forslag lagt fram av både senatet og folkeforsamlinga.⁶⁵

Då Augustus tok over, tilbydde han fred i bytte mot at folket gav opp si politiske makt. Lenkja mellom politisk medbestemming og militærtjeneste, var no fullstendig utradert. Sjølv om han aldri tok tittelen som *Rex*, var riket no eit einevelde skjult under eit tynt ferniss av ein gjenreist republikk. Den unge Oktavian fekk utdelt ei sterk hand, men måten han spelte den på, er likevel fantastisk

3.1.1 Legionane

Keppie hevdar; at etter slaget ved Atticum, så hadde den keisarlege romerske hæren nådd eit endepunkt i si utvikling. Etter slaget ved Phillipi, så veit ein at både Augustus og Antonius behaldt dei eksisterande namna på legionane, og valde å gjenbyggje dei framfor å løyse dei opp og skape nye. Som Keppie skriv, var det nok militært praktisk å bruke ein eksisterande legion som kjerne, men for både Augustus og Antonius, var det og viktig å framstå som den rettmessige arvtakaren til Cæsar, og dermed ville det ha tatt seg dårleg ut dersom dei løyste opp ein av hans gamle legionar. Ein veit også at legionane som kjempa under Markus Antonius, og fekk behalde sine namn då borgarkrigen var over og dei overgav seg til Augustus. Som Keppie skriv, så tydar det på at kvar enkelt legion no var ein meir eller mindre permanent institusjon i seg sjølv⁶⁶

På ei rekkje område så skil den keisarlege romerske hæren seg frå den republikanske. Kjerna av den romerske hæren var legionen, som bestod av tungt infanteri, der *auxillia* utførte andre roller som kavaleri og bogeskyttarar. Ein legion talte mellom 5,000-6,000 mann inndelt i 10

⁶³ Keppie 1984: 128

⁶⁴ Keppie 1984: 132

⁶⁵ Keppie 984: 132, 145

⁶⁶ Keppie 1984: 134, 135, 136

kohortar, kledd og utstyrt i standardiserte uniformar. Soldatane hadde ein hjelm i bronse, ringbrynje eller laminær rustning, eit rektangulært skjold, eit kort sverd, ein dolk og to kastespyd. Ved midten av det første hundreår var utstyret som legionærane brukte meir eller mindre standardisert og endra seg ikkje på ein lang periode. Så vel som standardisert utstyr, hadde taktikk og strategi også nådd eit mellombels endepunkt i utviklinga⁶⁷

Tenestelengda vart utvida frå 6, til 16 år, med 4 år som "reserve", og seinare vart den utvida vidare til 20 års teneste og 5 i reserve, tenestegjering i hæren var no ei livslang karriere. Ei siste viktig endring i tenestevilkåra til soldatane, var at ekteskap under den keisarlege hæren, i motsetning til under republikken, no vart forbode. Sjølv om dette kanskje kan virke som ei streng ordning, så hadde det nok ein positiv effekt på hæren som organisasjon, sidan det gjorde soldatane fri for eventuelle emosjonelle band. Det hendte likevel at dei soldatane som var stasjonerte i permanente fort tok lokale kvinner, og dette forbodet vart letta under keisar Severus⁶⁸

3.1.2. Auxillia

Men forsvaret av riket, kvila ikkje berre på skuldrane til dei romerske legionærane. Ei anna grein av hæren som vart meir standardisert under Augustus, var bruken av *auxilliares*. Trass i at dei romerske legionane var ein effektiv styrke, hadde den og manglar, og det var her støttetroppane kom inn i bildet. Bruken av *auxilliares*, eller støttetroppar kan sporast langt tilbake, men det var ikkje før keisartida dei vart ei standardisert grein av hæren. Tidlegare hadde det vore vanleg praksis å løyse opp slike regiment med støttetroppar etter konflikta var over, men Augustus såg nok no nytten desse spesialistane kunne tilby. Eit stort tal slike troppar hadde tenestegjort under borgarkrigane, mange over lange periodar, og når støvet etter krigen hadde lagt seg, var dei sett på som eit verdifullt komplement til dei romerske legionane. Mange av desse tidlege *auxillia* troppane var kavaleri av germansk og gallisk opphav og nokre av dei hadde tenestegjort så langt tilbake som Cæsar.⁶⁹

Soldatar som tenestegjorde i *auxillia* tilhørde som oftast *peregrini*, frie folk inne i riket som ikkje hadde romersk statsborgarskap. Etter borgarkrigen var det som nemnd nokre *auxillia* igjen, men storparten vart rekrutterte under Augustus. Desse soldatane vart som oftast henta frå provinsane og grenseområda og tenestegjorde ofte i eller nært heimlandet sitt. Eit *auxillia* regiment kunne leiast av enten ein romersk offiser, eller ein adeleg frå området dei vart henta frå, i det siste tilfellet vart ein slik offiser ofte løna med romersk statsborgarskap.⁷⁰

Auxilliares vart henta frå mange ulike grupper folk i provinsane, i vest tok dei namnet frå

⁶⁷ Keppie 1984: 172-173 ; Sjø Fig 14 og 15 (Organisering av den keisarlege hæren og romersk legionær)

⁶⁸ Keppie 1984: 146-148

⁶⁹ Keppie 1984: 150-151 ; Sjø Fig 16 og 17 Auxillia

⁷⁰ Keppie 1984: 151-152

området dei kom frå, medan dei frå aust, byen dei kom frå. *Auxillia* under imperiet fungerte hadde ei rekkje roller, frå lett infanteri til bogeskyttarar og kavaleri. Under republikken hadde dei allierte kontingentane fått namnet *alae*, medan under imperiet var dette tilnamnet brukt på kavaleriet i *auxilliaen*. Under Augustus var *auxillia*-kohorten omlag 500 menn, men dette talet auka til over 1,000 mann etter Nero og Flavian. infanteriet var inndelt i 10 centurier med 80 menn i kvar, medan kavaleriet var inndelt i 16 *turmae* med 32 menn i kvar. *Auxilliares* var ofte under kommandoen av eigne adelsmenn, men det hendte og at det var romerske ex-centurionar eller militærtribuner som leda dei.⁷¹

I starten var der inga løn for å tenestegjere i *auxilliares*, utanom nokre enkelt tilfelle der keisaren gav dei borgarstatus. Dersom ein tropp hadde vist eksepsjonelt mot eller liknande, kunne heile troppar bli gjeve borgarstatus av keisaren. Troppen fekk då nemninga CR, som står for *Civicum Romanorum*. Etter Tiberius vart alle som tenestegjorde, romerske statsborgarar. Keppie meiner dette var eit viktig steg mot å akseptere *auxillia* som ein standardisert del av den romerske hæren, samt å akseptere *peregrini* som ein del av det romerske samfunnet. I starten av imperiet var mange av soldatane til *auxilliares*, rekrutterte gjennom verneplikt eller avtalar. Sjølv om dette stort sett fungerte bra, kunne det by på problem, dersom regimentet tena nært dei vart rekrutterte frå, og lokalbefolkninga ikkje var tilstrekkeleg pasifisert eller romanisert, noko som romarane hadde smerteleg opplevd med Arminius sitt mytteri. Løysinga var då å sende troppane bort frå heimlandet, eller blande ulike stammar i same regiment. Resultatet vart då at den etniske homogeniteten i mange av desse troppane forsvann og med den forsvann også kulturelt betinga våpen og klede, og behovet for «lokale» offiserar minka også. I starten, var det eit skarpt skile mellom mennene i legionen, og dei i *auxilliares*, men seinare i principatet såg vi at dette skilet vart stadig meir uklart, og seinare i principatet, kunne ein finne borgarar i *auxilliares* og ein kunne finne ikkje-borgarar i legionen.⁷²

Dessverre for romarane, skulle denne praksisen med å trene og bruke utanlandske adelsmenn som offiserar ikkje vere utan risiko. I år 6, skulle Augustus sette den siste finpussen på riket ved å overkaste den Bøhemske kongen Maroboduus. Det Augustus ikkje visste, var at folket i grenseområda ikkje var så pasifiserte som han hadde rekna med, og det braut samtidig ut opprør i Pannonia og Dalamtia.⁷³ Tiberius som var på veg nordover, vart tvinga til å snu for å hjelpe å stogge opprøret. Det vart og sendt troppar frå aust, og veteranar, så vel som ferske rekruttar melde seg frivillig. Den romerske hæren var no ute i full styrke, og den romerske historikaren Velleius kjem med ein forbløffa skildring i det dei samla seg ved breidda av Sava-elva:

⁷¹ Keppie 1984: 183-185

⁷² Keppie 1984: 185-186

⁷³ Sjø Fig 18 (Kart Pannonia og Dalmatia)

When the two armies were united, that is to say the troops which had served under Caesar and those which had come to reinforce him, and there were now gathered together in one camp ten legions, more than seventy cohorts, fourteen troops of cavalry and more than ten thousand veterans, and in addition a large number of volunteers and the numerous cavalry of the king — in a word a greater army than had ever been assembled in one place since the civil wars — all were finding satisfaction in this fact and reposed their greatest hope of victory in their numbers.⁷⁴

Sjølv om samlinga av denne imponerende styrken var eit teikn på Roms militære makt, men medan Balkan igjen vart pasifisert, så dukka det og opp problem i Germania.

Den germanske adelsmannen Arminius, som hadde tenestegjort i den romerske hæren som kommandør for eit *auxillia* regiment, hadde gjort seg skuldig i mytteri. Legaten Varus, samt den yngre Asprenas og deira legionar, vart lurt inn i eit bakhald i Teutoburger skogen. Over 12,000 legionærar, samt eit stort regiment med *auxillia* og kavaleri, vart omringa og drepte. Dei som overgav seg, vart lemlesta og ofra på alter til dei keltiske gudane. 6 år seinare, kom ein ekspedisjon leia av Germanicus til åstaden, Tacitus skildrar synet som møtte dei der:

(..) In the centre of the field were the whitening bones of men, as they had fled, or stood their ground, strewn everywhere or piled in heaps. Near, lay fragments of weapons and limbs of horses, and also human heads, prominently nailed to trunks of trees. In the adjacent groves were the barbarous altars, on which they had immolated tribunes and first-rank centurions. (..). They pointed out too the raised ground from which Arminius had harangued his army, the number of gibbets for the captives, the pits for the living, and how in his exultation he insulted the standards and eagles⁷⁵.

Keppie hevdar at den gamle frykta for kva mørke krefter som skulde seg i dei germanske skogane atter greip det romerske folket. Det var panikk i byane, folk frykta ein germansk invasjon, og det vart og gjennomførte «kriseopptak» av nye soldatar. Legionane som vart tapt i Teutoburg skogen vart ikkje erstatta under Augustus, og det totale talet legionar sank til 25.⁷⁶ Sviket til den germanske Arminius er nemneverdig, fordi det hadde utvilsamt ringverknadar på både hæren og riket. Rhinen utgjorde både då og seinare ei naturleg grense, men ein kan spekulere i om at romarane ville prøvd hardare å ekspandere aust for Rhinen dersom dette ikkje hadde skjedd. Germanarane stod heller ikkje høgt i kurs hos enkelte romarar, og denne hendinga ville nok ikkje hjelpe på ryktet

3.1.3 Pretorianargarden

Eit anna brot med republikanske tradisjonar, var at Augustus no oppretta ein permanent garnison av soldatar i sjølve Rom, den viktigaste var pretorianargarden, som fungerte som keisaren sine personlege livvakter. Tidlegare hadde ein pretorianargarde fungert som livvakter for ein embetsmann i felten⁷⁷, men no hadde dei fått ei ny rolle. Etter at Cæsar vart myrda, laga både

⁷⁴ Velleius 2:113

⁷⁵ Tacitus :*Ann*: 1: 61

⁷⁶ Keppie 168-169

⁷⁷ Sjå Fig 19 (Pretorianer)

Augustus og Markus Antonius seg store livvakter av Cæsar sine veteranar. Dei var inndelt i 9 kohortar, på 500 mann kvar, og dei fungerte som keisaren sine personlege livvakter. Garden var leia av ein prefekt frå riddarklassa, og dette var ein svært ettertrakta posisjon, sidan det gav ein eit personleg forhold til keisaren. Når garden var på parade i byen, hadde dei tradisjonelle uniformer og utstyr som stamma tilbake frå republikken, men ute i felten, var dei vanskeleg å skile frå dei vanlege legionærane. Pretorianargarden, med si korte tenestetid og høge løn var eit populært syssel, og blant italienske menn. Etter den flaviske perioden derimot, då keisaren sjølv tok til felten, følgde garden med på kampanje, og det vart danna ein kavaleri elite kalla *equites singulares Augusti*, som fungerte som pretorianargardens kavaleri.⁷⁸ Soldatar i garden var ofte sett på som den ypparste eliten i den romerske hæren, dei tente i 16 år og tente ein og ein halv, og seinare tre gangar så mykje som ein vanleg legionær, noko som sikkert var gjenstand for misunning for legionærane ute i felten.⁷⁹ Pretorianargarden, meiner eg er både interessant, og omstridt av ein rekkje grunnar.

På dødsleiet dobla Augustus løna til soldatane i pretorianargarden, for å sikre deira lojalitet til arvtakaren. Med allereie overlegne tenestevilkår, samanlikna med legionærane i periferien, så ergra og forbitra dette dei andre soldatane. Misnøgde soldatar, prøvde ved fleire høve, og med varierende hell, å skifte ut keisaren. Dette skjedde for fyrste gang allereie i år 14, då soldatane i Illyricum, som var misnøgde med forholda, ville ha sin eigen kommandør; Germanicus på trona. Germanicus motstod presset frå eigne soldatar, men det er sagt at Tiberius var oppmerksom og til og med nervøs over Germanicus sin popularitet blant soldatane. Dette viser at den romerske hæren ikkje berre var eit reiskap som mektige menn kunne bruke til sine formål, men ein politisk organisme, med makt til å stille krav og med sine eigne interesser. Germanicus vart då ikkje ein potensiell tronranar som eit resultat av eigne ambisjonar, men frå “press nedanifrå”, noko som skulle vise seg å bli eit gjennomgåande fenomen. Faktisk berre 27 år etter at Germanicus hadde stått imot presset frå eigne soldatar, skjedde det eit tronskifte, orkestret av soldatane då pretorianargarden myrda Caligula og innsette Claudius som keisar. Edward Gibbon, som har teke for seg “forfallet” i det romerske riket, meiner at opprettinga av pretorianargarden inne i Rom, var fyrste steget mot rikets undergang.⁸⁰ Då Nero tok sitt eige liv, enda det med ein kort borgarkrig og “året med fire keisarar”, der ein var vitne til påfølgjande vekst og fall av Galba, Otho, Vitellus, før Vespasian omsider fekk makta. Tacitus har kommentert denne hendinga, og kjem med ein ganske treffande skildring på problemstillinga:

⁷⁸ Birley 2007: 380

⁷⁹ Tacitus: *Ann.*: 1: 17

⁸⁰ Birley 2007: 381

Although Nero's death had at first been welcomed with outbursts of joy, it roused varying emotions, not only in the city among the senators and people and the city soldiery, but also among all the legions and generals; for the secret of empire was now revealed, that an emperor could be made elsewhere than at Rome⁸¹

Inne i sjølve Rom hadde keisaren i prinsippet valdsmonopol, sidan pretorianargarden var hans å kommandere. Ironisk nok, gikk heile 14 keisarar ein tidleg død i møte på enden av pretorianargarden sine sverd. Over dei neste 200 åra, var der fleire slike kupp og utskiftingar, nokre initiert nedanifrå, andre ovanifrå. Det som virka å vere målsetjinga til mange av keisarane, var å opprette eit dynasti, dvs la tittelen gå i arv til sine soner. Det enda som regel i at dynastiet enda i mordet på ein keisar, og ein ny familie tok over makta.⁸² Pretorianargarden var ikkje berre soldatar, som handheva keisaren sin kommando inne i hovudstaden, dei vart etterkvart ein mektig politisk aktør, og mang ein keisar fekk møte sin skapar då han hamna på feil ende av sverda deira.

3.1.4 Kommandostrukturen

Kommandostrukturen og offiserhierarkiet hadde også utvikla seg mykje i denne perioden. I provinsane som keisaren styrte, hadde han overordna sivil og militær kommando under *legatus Augusti pro praetore*. I provinsar med meir enn ein legion, var ein legat og tidlegare konsul i kommandoen, medan i små provinsar med ein legion, ein ex-pretor. Alle legatar vart tilsett av keisaren, og dette systemet med å fragmentere kommandoen var i hovudsak for å halde restriksjonar på ein enkelt legat si makt, og sikre keisaren sitt maktgrunnlag.⁸³ Under republikken, var det som kjend politisk valde embetsmenn med *imperium* som hadde kommandert dei romerske styrkane. Under principatet derimot var det ein *legatus legionis* som sat med den øvste kommandoen over legionen. Ein legat tenestegjorde for 3 år, og ved godt utført teneste venta det som regel ein politisk posisjon eller ei stilling som guvernør i ein av dei mindre provinsane. Under legaten var det ein tribun av senator rang kalla *tribunus laticlavius*, samt 5 tribuner frå ridderklassa kalla *tribuni angusticlavii*. Desse tribunane var som regel unge menn med lita eller inga erfaring, og dei hadde ingen direkte kommando, men fungerte som rådgjevarar for legaten. Under seg, hadde også legaten ein prefekt kalla *praefectus castrorum*. Han hadde ansvaret for å halde orden i leiren, sanitet, samt vedlikehald av artilleri og anna utstyr. Som Keppie peikar ut, så krevja ei slik stilling meir erfaring med dei daglege gjeremåla i legionen, så desse prefektane var som regel erfarne centurionar eller tribunar.⁸⁴ Trass i at kommandoen i den romerske hæren og hadde gjennomgått ei viss

⁸¹ Tacitus: *Hist*: 1: 4

⁸² Birley 2007: 385-386

⁸³ Keppie 1984: 189-190

⁸⁴ Keppie 1984: 176-177 ;

profesjonalisering, så ser ein at det og i principatet var ein link mellom militær kommando og politisk og sivil status.

Den romerske hæren gjekk altså frå å vere ein vernepliktshær, med bondesoldatar, til å vere ein profesjonell, ståande styrke. Men at hæren tok dette steget frå verneplikt til ståande styrke var ikkje ein gjeve konklusjon i det borgarkrigen var over. Tidlegare hadde det vore vanleg å sette opp nye legionar når riket var i krig, for så å løyse dei opp når konflikta var over. Så kvifor gjorde ikkje Augustus dette i kjølevatnet av borgarkrigen? I følgje Cassius Dio, argumentere Agrippa faktisk for at dei skulle vende tilbake til det "gamle" systemet, der hæren vart sett saman og løyst opp utifrå behov. Som vi har sett, kunne ein ståande styrke kunne vere ein trugsel for riket, noko som ikkje er ei ugrunna otte i mine auge. Cæsar prova, at under leiinga av ein dyktig og karismatisk general, så kunne soldatane sin lojalitet og interesser skiftast frå riket til å samsvare med den enkelte kommandøren. Politisering av hæren var framleis ein trugsel, men Augustus greidde gjennom smart manøvrering å dempe denne trugselen gjennom å skape lojalitetsband frå seg sjølv til troppane. Soldatane, så vel som kommandørane måtte sjå til han for både betaling og forfremming. Sjølv om det neppe fungerte slik i praksis, så vart det i det minste lagt vekt på at Augustus var patron, og dei tilsette i hæren hans klientar. I tillegg vart kommando i felten tidsavgrensa, for å unngå at det skulle danne seg personlege band mellom soldatane og kommandøren. Eit anna argument for å vende tilbake til verneplikt var dei finansielle byrdene ein ståande hær tok med seg. Tross alt virka det som riket for augeblikket var fritt for både eksterne og interne fiendar, og å ha ein stor ståande styrke var utvilsamt ein stor fiskal byrde. På den andre sida, argumenterte Maecenas for at den romerske hæren måtte utvikle seg. Augustus, valde å følgje Maecenas sitt råd. No skal det nemnast at Cassius Dio gjenga denne debatten over 100 år etter at den fann stad, så kor vidt dette er sant, eller om den er konstruert av Cassius Dio er usikkert.⁸⁵ Eg meiner at Augustus no såg realiteten i den forstand; at han hadde eit enormt rike å forsvare, og at ein ståande hær rett og slett var naudsynt. Sjølv om ein ståande hær var ei stor utgift, så var dette steget frå verneplikt til profesjonell styrke eit naudsynt vonde. Sjølv om verneplikt heilt klart hadde sine fordelar, meiner eg både Hannibal og ikkje minst Cæsar prova styrken ved erfarne og krigsvande soldatar kontra grøne rekruttar. Under borgarkrigane, hadde nokre av dei ytterleg liggjande provinsane blitt ignorerte, og Augustus og Agrippa starta ein storstilt kampanje for å «rydde opp». Augustus var innstilt på å konsolidere og forsvare Rom sine eksisterande grenser, men var skeptisk til å utvide for langt vekk frå kjerneområdet. Ei lang rekkje sigrar, nokre av dei hardt vunne, førte til at Augustus atter brakte fred og stabilitet til det romerske riket.⁸⁶

⁸⁵ Keppie 1984: 147

⁸⁶ Keppie 1984: 154

3.2 Livet i den romerske hæren

3.2.1 Livet i leiren

Sjølv i fredstid hadde soldatane nok å gjere. I leiren hadde dei oppgåver som å tømme latrinene, samle inn ved, mat og vatn og diverse anna vedlikehald av både utstyr og fortifikasjonar. Dei hadde og plikter som til dømes vakthald, eskortering og bodbringarar. Når det var lite å gjere, kunne dei og trene, anten fysisk som lange marsjar, eller i våpenkunst som spydkast eller i øvingskampar med tresverd. Kor hardt soldatane vart drilla, var for det meste opp til kommandøren, nokre drilla dei knallhardt, medan andre hadde eit litt mildare regime. Når dei hadde ei ledig stund, fekk dei tida til å gå med terning og vin.⁸⁷ Så kva var det som fekk unge menn til å melde seg frivillig til dette harde livet? Sanninga var, at for dei fleste var ikkje livet utanfor hæren stort betre. Det innebar ofte tungt fysisk arbeid, usle måltid og ustabil inntekt. I hæren derimot fekk dei fast betaling og faste måltid, og for dei som fullførte tenesta venta det ei klekkelig påskjønning. Ein av bakdelane med livet i hæren var at det var forbode for soldatane å gifte seg. Det som derimot var vanleg var at dei fann seg “ulovlege koner” eller elskarinner blant lokalbefolkninga der dei var stasjonert. Sjølv om den romerske kommandoen helst såg at soldatane var fri frå emosjonelle band, så hadde denne praksisen likevel ein fordel: “Ulovlege” søner av romerske soldatar, vart ei viktig kjelde til rekruttar.⁸⁸

Under Augustus vart det som nemnd forbode for soldatane å gifte seg. “Forbod” er eigentleg ikkje eit passande omgrep, sidan staten ikkje nekta dei å ha samkvem med kvinner eller å få barn. Det vart derimot ikkje rekna som eit “offentleg” ekteskap og dermed var det utanfor det juridiske rammeverket som følgde med giftemål. At dei ikkje annarkjende paret blir dermed ein meir sømeleg beskriving. Resultatet av dette, var at soner av soldatar vart rekna som illegitime, og hadde mellom anna ikkje krav på borgarskap eller arv, uavhengig om faren var borgar eller ikkje. Dette temaet er dessverre dårleg dekt i kjeldene, men den moderne oppfatninga er at det var tildels for å forhindre emosjonelle band blant soldatane, og dermed minske sjansen for desertering. Ei anna forklaring er at desse illegitime sønene, som vaks opp utan rettar, men i eit militært miljø, ville skape ein sterk base for rekruttar, noko som for så vidt viste seg å stemme. “Forbodet” vart oppheva under Septimus Severus, som gav soldatane lov til å “leve med konene sine»⁸⁹ men og etter det var det vanleg at soldatane fann seg lokale kvinner. I nokre døme, der ein hadde ein stor romersk garnison, i relativt tynt bebudde regionar, kunne dette føre til ein ujamn kjønnsbalanse, kniving om kvinnene og spenning mellom soldatane og den mannlege befolkninga.⁹⁰

⁸⁷ Sjø Fig 20-22 (Leir., trening)

⁸⁸ Herz 2007: 307-308

⁸⁹ Scheidel 2007: 419-420

⁹⁰ Scheidel 2007: 425

3.2.2 Mat og Helse

Famine makes greater havoc in an army than the enemy, and more cruel than the sword is starvation. Time and opportunity may help to retrieve other misfortunes, but where forage and provisions have not been carefully provided, the evil is without remedy.⁹¹

Som Vegetius her skriv, så var svolt og mangel på rasjonar katastrofalt. Sjølv om soldatane nødvendigvis ikkje døde av hungersnød, så gjorde underernæring dei svake og dårleg skikka til strid. Dessverre, så veit ein ikkje så mykje om logistikken og suppleringa til hæren som ein skulle ønskje, men den imponerande vegbygginga og infrastrukturen som romarane skapte, meiner eg provar at dette var noko dei tok på alvor.

Den grunnleggjande rasjonen dei fekk, var 880 gram med ukverna kveite. Kornet kverna dei sjølve med handkvern⁹², som dei kunne anten kunne koke med salt og olje til ein graut (*puls*) eller bake brød med (*panis militaris*). Dei fekk og omlag 620 gram med andre rasjonar, som nøtter, ost, vin, frukt, fisk, kjøt, salt og olje. Som regel nytta ein seg av lokale ressursar, men det er funne prov på at også ulike matvarer vart frakta langvegs frå. I England har ein til dømes funne mat som stammar frå Spania, Hellas og Tyrkia. Under spesielle høve, som religiøse festivalar eller etter vellykka slag, kunne dei vere heldige å få eit festmåltid på staten sin kostnad. Då kunne dei få servert grilla kjøt med godt krydder, og skikkelig vin. Det var og mogleg å kjøpe ekstra rasjonar eller luksusvarer som *garum*, ein gjæra fiskesaus, frå leiren si “kantine” eller frå lokale kjøpmenn. Elles måtte soldatane nytte seg av det naturen hadde og tilby, og dersom situasjonen tilet det, vart jakt, fiske, bær og frukt eit kjærkome supplement til kosten. Å kome med eit anslag for det totale konsumet til hæren er vanskeleg, sidan talet soldatar og andre involverte ikkje er godt nok dokumenterte. Peter Kehne, som går utifrå ein “total” på omlag 480,00 skriv at den romerske hæren årleg konsumerte 154,000 tonn kveite og 108,000 tonn andre matvarer, i tillegg hadde hestar og pakkdyr behov for omlag 244,000 tonn bygg og 400,000 tonn høy eller grønfôr⁹³.

Det er og mykje som tilsei at romarane såg nytten i eit balansert og variert kosthald. Vegetius til dømes skriv at: “soldatane skal alltid ha korn, eddik, vin og salt”⁹⁴, i starten av si tredje bok, har også eit heilt avsnitt omkring viktigheita av soldatane si helse og velvære. Fordelen med god kost var i mine auge todelt. For det fyrste, gav det openbare helsemessige fordelar, men eg trur også det hadde ein stor innverknad på moralen til soldatane. Å sette seg ned framfor leirbålet og ete etter ein hard arbeidsdag var nok eit av dagens høgdepunkt, men dersom alt ein fekk var smaklaus graut, ville nok det sette ein dempar på moralen. Eg trur nok dei aller fleste har sjølv opplevd

⁹¹ Vegetius 3: 3: 1

⁹² Sjø Fig 23 (Handkvern)

⁹³ Kehne 2007: 324-325

⁹⁴ Vegetius 2007: 3: 3: 3

korleis eit godt måltid kan løfte humøret etter fysiske strebelsar, og eg ser ikkje nokon grunn til at dette ikkje skulle vere sant for romarane og. På den andre sida, var det nok også i offiserane si interesse at soldatane ikkje fekk det “for godt”. Mange antikke forfattarar la vekt på nytten av streng disiplin og at soldatane måtte tole vanskar. Til dømes Ammianus hadde lite til overs for dei soldatane som “hengast til vin og luksus”⁹⁵, og at dette ofte var verre i byane, der tilgangen til slikt var lettare. Om matmangel var ille, var mangel på drikke langt verre. Eit menneske kan overleve over ein månad utan mat, men vil døy innan ei veke utan væske. Dette var romarane fult klar over, og dermed vart også opprettinga av leirar og festningar avhengig av tilgang til drikkevatn. Med strategisk plassering og akveduktar leid dei stasjonerte troppane sjeldan av mangel på vatn, men på felttog var det eit langt større problem. Til dømes under Julian sin mislukka persiske kampanje, var vatn og matmangel eit stort problem og det gjorde det svært tøft for romarane. Så lenge dei kunne flytta seg sørover langs elva, så var ikkje det eit problem, men då situasjonen krevja at dei endra kurs og gjekk innover i landet, vart dei plaga av tørsten og ifølge Ammianus var det einaste vatnet dei fann “stillestående og illeluktande”⁹⁶

Oddsane for å overleve militærtjenesta, er omlag eit umogleg reknestykke, og ville variere utifrå periode, og kva region soldaten tente i. Å døy i strid, var mindre vanleg enn ein skulle tru, og det var infeksjon og sjukdom som vart undergangen til dei fleste. Dermed vart kvaliteten på drikkevatnet, sanitet og tilgang på medisinsk hjelp, ofte viktigare faktorar i mortalitetsraten enn kva trussel ein eventuell fiende utgjorde. Infeksjon og koldbrann i sår var svært alvorleg, men henda ikkje alt for ofte. Det verste var smittsam sjukdom, som ofte resulterte i mange dødsfall dersom det var ei alvorleg sjuke. Tacitus fortel om eit slikt utbrot i ein legionærleir langs Rhinen⁹⁷.

Relativt dårleg kunnskap om epidemiologi, kombinert med at soldatane budde så tett innpå kvarandre gjorde at smitta kunne spreie seg svært hurtig. Sjukdommar som tuberkulose, koppar og tyfus var dei mest alvorlege, og i dei sørlegare regionane langs elvane, var også malaria eit stort problem. Utan tilgang på ordentleg antibiotika, var det einaste førebyggjande tiltaket god hygiene, og dette var noko romarane skjønnte. Reint drikkevatn, var ein prioritet, både når dei var på kampanje, og når dei var stasjonerte i fort, sette dei i verk store tiltak for å sikre dette. Akveduktar og brønner er å finne i nesten alle leirar og fort, og berre på ein liten garnison på 500 mann i nord-England, hadde dei ein akvedukt på 10km til å bringe dei reint vatn. Ein har og funne spor etter badehus i mange leirar, og ein har funne handvaskar ved sidan av latrinene. Latrinene varierte noko, men ein har funne ganske sofistikerte og forseggjorte latriner i stein, der ein har hatt eit røyrsystem

⁹⁵ Ammianus 22:4:6

⁹⁶ Ammianus 25:8:6

⁹⁷ Tacitus: *Hist.* 2.93

med konstant vasstilførsel som skyldte bort avfallet.⁹⁸

I tillegg til hygiene, hadde dei romerske soldatane også god medisinsk hjelp tilgjengeleg. Ein *medici* var ein soldat, som var trenta til å gi medisinsk hjelp både i garnisoner og på felttog. Kva grad av ekspertise dei hadde er usikkert, men truleg vis dreia det seg om akutt felthjelp. I tillegg hadde dei kirurgar, indremedisinar, augelækjar og spesialistar på slangebitt. Kor mykje medisinsk personell dei hadde per soldat er usikkert, men Scheidel meiner ein plass mellom 350-500 soldatar per lege er eit rimeleg overslag. I dei permanente legionærleirane, og seinare i dei permanente forta, har ein funne ganske store feltsjukehus. Spesielt dei romerske kirurgane var berømte for sine evner, og det er funne prov på at dei utførte svært krevjande og avanserte inngrep.⁹⁹ Romarane hadde også veldig god kunnskap om medisinske urter, planter og lækjemiddel. Scheidel hevdar at dei romerske garnisonane nytte vern mot sjukdom og prematur død som var langt betre enn andre pre-industrielle hærar. Og at i fredstid, hadde dei faktisk høgare sjanse for å nå alderdommen enn ein stor del av den sivile befolkninga.¹⁰⁰

3.2.3 Veteranar og pensjon

Wesch-Klein, meiner at veteranane som ei sosial gruppe, førte til endringar i hæren under principatet og etter. Sidan dei som fekk eit heiderleg dimisjon var godt vaksne menn, så måtte staten “ta vare på dei”. Dette gjorde dei ved å gjeve dei land (*missio agraria*), og seinare vart dette endra til ein monaleg pengesum (*missio nummaria*). I tillegg fekk dei ulike juridiske fordelar, som mellom anna skattefritak. Ansvar for å dimittere soldatar (*honestia missio*), låg hos guvernøren i dei enkelte provinsane, men keisaren kunne og gjere det ved spesielle høver. Dersom ein soldat måtte gi seg av medisinske grunnar (*missio causaria*), fekk han også pensjon. Dette endra seg etter Caracalla og soldatar som vart tenesteudyktige, måtte ha tenestegjort i minst 20 år for å få “full pensjon” og storleiken på pensjonen ved *missio causaria* vart rekna utifrå kor lenge han hadde vore i teneste¹⁰¹.

Frå Augustus fekk legionærane utbetalt 3,000 *denarii* i pensjon, og etter Caracalla, auka denne til 5,000. Dersom dei fekk utdelt land i staden for pengar, skulle verdien på landet i prinsippet vere verdt det same som pensjonen. Dette var ikkje alltid tilfelle, og det er mange døme på at veteranar ikkje var nøgde med landet dei fekk utdelt¹⁰²

Lengda på tenesta i hæren varierte noko, avhengig av periode og kva eining soldaten tilhørde, men den vanlege tenestetida for å få eit heiderleg dimisjon, eller *honestia missio*, var 20 år

⁹⁸ Scheidel: 2007: 429-430 ; Sjø Fig 24 og 25 (Akvedukt, latrine)

⁹⁹ Sjø Fig 26 og 27 (reiskap og lege)

¹⁰⁰ Scheidel 2007: 431

¹⁰¹ Wesch-Klein 2007: 440-441

¹⁰² Wesch-Klein 2007: 444

med 5 år i reserve, men dette var minimumstida og soldatar og offiserar kunne tenestegjere lengre dersom dei ønska det. Dersom soldaten vart tenesteudyktig ved skade eller sjukdom, kunne han bli dimittert gjennom ein *causaria missio*. Dette var riktig nok standard praksisen, og det finst døme på soldatar hadde tenestegjort langt over den fastsette tida. I år 14 braut det ut mytteri blant troppane i Pannonia og Germania, då troppane var misnøgde med tenstevilkåra og lengda dei hadde vore der. Tacitus skriv at nokre av soldatane hadde tenestegjort i 40 år, og var gamle menn, sliten av strev og vansira av skader.¹⁰³ Dette var riktig nok i år 14, men ettersom soldatmangel var eit større problem i seinantikken, meiner eg det er rimeleg å tru at soldatane og tenestegjorde på overtid då også. Ved fullført teneste fekk veteranane i den romerske hæren ein *premia* og etter Diokletian eit sertifikat som prova at dei hadde fullført si teneste. Veteranane fekk også skattefritak for seg og ein eventuell ektefelle, samt valet mellom å sette opp ei bedrift, der han fekk startkapital frå staten, eller vart tildelt landjord og ein sum pengar. Jones peikar ut at landjorda som soldatane fekk tildelt ofte var udyrka utmark, noko som ofte gjorde at veteranane sat igjen med land med dårleg jordsmonn, eller jord som krevja mykje arbeid.¹⁰⁴ Denne teorien blir støtta av Tacitus, som skriv at veteranane vart «drege til eit fjernt land der han fekk tildelt ei vassdrukken myr eller ei ukultivert fjellside».¹⁰⁵

Etter Konstantin, skjedde det og endringar i pensjonsordningane for veteranar. Dersom veteranen ville starte ei bedrift, fekk han ein monetær pensjon på 100 *follis*, som var ein ny mynt introdusert av Diokletian. Dersom han ville drive jordbruk, fekk han land, korn, to oksar og 25 *follis*.¹⁰⁶ Dette endra seg på nytt i 364 under Valentinian, då den monetære pensjonen forsvann fullstendig, og soldatane fekk berre oksar, korn og jord.¹⁰⁷ At veteranane no berre fekk jord, tydar på at den romerske økonomien var i dårleg stand.

¹⁰³ Campell 1994: 22

¹⁰⁴ Southern 88

¹⁰⁵ Campell 1994: 22)

¹⁰⁶ Follis var ein ny type mynt innført i slutten av det tredje hundreår

¹⁰⁷ Wesch-Klein 2007: 445

3.3 Logistikk og finansiering

3.3.1 Dei logistiske utfordringane

Å samle saman tilstrekkeleg mannskap til hæren var ei utfordring, men utstyring og supplering, var ei heilt anna. Soldatane måtte ha våpen, utrusting, klede, telt, mat, pakkdyr, hestar og meir. Med seg hadde dei og smedar og ingeniørar som kunne reparere øydelagd utstyr, men Erdkamp hevdar at den største logistiske utfordringa var å skaffe tilstrekkeleg mat og dyrefôr. Ikkje berre var volumet stort, men ei mislukka supplering, kunne ha katastrofale følgjer. Den viktigaste rasjonen, var kveite, og sidan mjøl var meir sårbart, fekk soldatane ubehandla korn som dei måtte male sjølv. Kveita vart supplert med salta kjøt eller fisk, olivenolje, vin og eddik, men leveransen av desse andre rasjonane var ikkje garantert. Etterkvart som krigane vart utkjempa i stadig fjernare strøk, vart leveranse frå *latium* vanskeleg, og ansvaret falt på dei næraste annekterte områda. Likevel, sette dei logistiske utfordringane ofte avgrensingar på både storleiken og rekkevidda til hæren, og romarane vart og sett seg nøydde til å "leve av landet". Å levere nok fôr til hestane og pakkdyra var så og sei umogleg, og det vart ofte naudsynt å stoppe for å la dyra beite. I nokre dømer, tok og soldatane seg til rette å plyndre mat frå nærliggjande sivile lager, ein prosess som har blitt kalla *pabulatio*. Når romarane var på kampanje, så måtte dei alltid balansere strategi og kva logistikken tillet. Sjøvegen vart den viktigaste ruta for å transportere forsyningar til troppane på kampanje, men dette let seg ikkje alltid gjere. Mellom anna då romarane sleit med å underleggje seg den iberiske halvøya, var mangelen på forsyningar til innlandet ein akilleshæl.¹⁰⁸

Ein hær på 40,000 ville trenge like mange muldyr for å ha rasjonar i 30 dagar, men dette ville skape eit uhandterleg tog, på omlag 50 kilometer. Vogner var også naudsynt for å kunne transportere ting som beleiringsmaskiner, men dette hadde sine eigne utfordringar, då vogner er vanskeleg å få fram der det ikkje er veg.¹⁰⁹ Ifølge Strobel, fungerte logistikken og suppleringa av troppane i det tredje hundreår glimrande. Dette til tross at riket var herja av krig og intern strid, og med skapinga av den mobile hæren skapte det heilt nye behov. Den mobile hæren fekk sendt rasjonar, men måtte og belage seg på å "leve av landet" dersom leveranse vart vanskeleg. For å gjere dette lettare, hyra dei inn private entreprenørar som leverte rasjonar og godar til den mobile styrken. I nokre tilfelle vart byar pålagd å huse og fø dei omreisande hæren, men dette var ein praksis ein måtte vere forsiktig med å bruke, spesielt dersom ein gjorde seg upopulær og nokon andre hadde sett auga på trona.¹¹⁰

I mine auge, var nok logistikk og supplering, ei av dei vanskelegaste problemstillingane den

¹⁰⁸ Erdkamp 2007: 103

¹⁰⁹ Erdkamp 2007: 108

¹¹⁰ Strobel 2007: 280

romerske hæren stod ovanfor, spesielt når ein tek omsyn til avgrensingane innan transport og kommunikasjon. I kystområda var det lettare, sidan skip kunne frakte større kvantum relativt fort og lett, men vart fort problematisk då transporten føregjekk innanlands. Eit døme på dei logistiske utfordringane dei fekk innanlands kan ein sjå då Tiberius sendte ein stor styrke inn i Germania. Medan dei haldt seg på romersk jord, var det mindre problematisk, men det vart straks verre då dei flytta seg inn i fiendtleg territorium. Tiberius som hadde ein styrke på 27,000 mann, samt 3,500 hestar og 7,000 muldyr, hadde behov for å få tilsendt 56 tonn med forsyningar dagleg, trass i at soldatane og dyra bar egne rasjonar for 17 dagar. Ein kunne løyse dette med enda fleire pakkdyr, men desse dyra måtte og ha føde, og dersom det ikkje var moglegheiter for å beite, så skapte det berre nye problem. Lange forsyningslinjer var ugunstig, spesielt i fiendtleg område, og eit brot i desse kunne få alvorlege konsekvensar. Soldatane kunne plyndre til seg mat frå fienden, men det var sjeldan nok til å mette så store styrkar, spesielt i golde strøk eller i område med primitivt jordbruk.¹¹¹ I nokre situasjonar, måtte ein improvisere, og til dømes Cæsar sin hær gav hestane sjøgras under krigen i Afrika.¹¹²

Peter Kehne skriv at romarane aldri utvikla eit uniformt eller universelt suppleringsystem i hovudsak på grunn av to ting: Keisarane sin motvilje til å etablere sentraliserte eller organiserte funksjonar utanfor deira kontroll, og det faktum at mykje av suppleringa skjedde på ein ad-hoc basis, det vil sei det var vanskeleg å lage eit standardisert system sidan situasjonen ofte krevja improvisering eller ei mellombels løysing. Den ståande hæren under principatet, hadde likevel eit ganske effektivt system for sjølv-supplering. Store areal av det omliggjande området (*prata legionis*) var reservert til hæren, og her kunne privatpersonar eller soldatane sjølve kultivere planter, slaktedyrr eller la hestar og pakkdyr få beite. Til trass for at den romerske hæren var statleg styrt og finansiert, var private entreprenørar og innblanda i logistikk og forsyning. Private handelsmenn kunne få transportavtalar der dei leverte statlege varer til leirane, eller dei kunne selje egne varer, og nokre handelsmenn, reiste med hæren. Romerske byar og landsbyar var og forplikta til å huse og fø soldatar på felttog, og dette kunne vere problematisk, spesielt for dei mindre samfunna. Ikkje berre var det ugunstig å måtte gi vekk eller selje varene sine til låge prisar, men soldatane oppførte seg og til tider kritikkverdige, noko som førte til klagemål blant befolkninga. Romarane er kjende for si vegbygging, men transport med sjøvegen var likevel å føretrekkje. Medan eit muldyr med vogn kunne frakte mellom 270-500kg 30km om dagen, kunne sjølv dei minste elvebåtane frakte opp mot 35 tonn med forsyningar. Romarane gjorde masse arbeid for å gjere dei ulike elvane seglbare så

¹¹¹ Kehne 2007: 332-33

¹¹² Cæsar: *African War*: 24

langt som mogleg og det var greve ut både kanalar og demningar for å gjere dette mogleg.¹¹³

Den største skilnaden innan logistikk frå republikken til principatet, var at legionane no var permanent stasjonert, og det vart eit større fokus på å forsvare eksisterande land framfor å ta nytt. I mine auge, ville nok dette gjer suppleringa lettare, sidan dei som oftast var fastsett til ein lokasjon, men og fordi mesteparten av transporten kunne føregå i venleg territorium. Dersom ein større styrke skulle på felttog, måtte dei sjølvstilt tilpasse seg dette, men felttog var ikkje noko dei var ukjende med, og suppleringa var såleis noko dei hadde eit godt grep om. Roth, som har teke for seg logistikken til den romerske hæren, meiner at dette handla om rutinar, og dei hadde eit godt innarbeida og testa system for supplering på kampanje. Der det var mogleg, ville dei frakte varene så langt som det let seg gjere til sjøs. Skip kunne frakte langt større kvantum, raskare, billigare, og sett dei ikkje støtte på piratar, også tryggare. Varene vart frakta til destinasjonen, anten ei hamn eller ein operasjonell base. Deretter, vart dei frakta innanlands og distribuert til garnisonar, eller offensive leirar dersom dei var på felttog.¹¹⁴

I seinantikken, når strukturen i hæren endra seg, vart det også nokre endringar i det logistiske rammeverket. Administrasjonen av den romerske hæren forgjekk på tre nivå, imperium, provinsielt og lokalt. Det var i hovudsak *praefectus praetorio* som hadde ansvaret for administrasjonen av den romerske hæren, og det dreia seg i hovudsak om rekruttering, logistikk og forsyning. Matforsyninga til hæren var ein del av det statlege skattesystemet, og tre gangar i året vart det samla inn og sendt til statlege lager kalla *horrea*. Desse lagera vart vakta av soldatar, men det var sivile som hadde oversyn med distribusjon. Grensetroppane, ville mest truleg hente rasjonane frå eit nærliggande lager, så sant dei ikkje hadde lager og leveranse til basen. Og som legionæranne under principatet, var det nok og tilfelle der grensevaktene dyrka eigen mat. Som regel prøvde ein å forsyne hæren med mat lokalt frå regionen dei var stasjonerte i, men av og til måtte den transporterast langt, og dette kunne vere problematisk. Ein veit ikkje heilt omfanget, men mykje tydar på at dersom forsyningane måtte transporterast lange strekker, var svinn eit vedvarande problem. Produksjon og distribusjon av våpen, utrusting og andre varer til hæren, vart også gjenstand for endring i seinantikken. Under republikken og principatet, kom utstyret frå rundt dei urbane sentra, men dette endra seg og i løpet av det fjerde hundreår fekk dei majoriteten av utstyret av statleg styrte *fabricae*. Urbane senter, virka som det naturlege valet å plassere desse fabrikkane av ei rekkje grunnar: Dei kunne supplere tilstrekkeleg arbeidskraft, dei kunne tilby betre vern, og byane var ofte eksisterande produksjonssenter. Likevel, var desse fabrikkane som oftast lokalisert

¹¹³ Kehne 2007: 327, 328, 329

¹¹⁴ Southern 2007: 222 ; Sjå Fig 28 Palisade leir

langs frontlinjene, og plasseringa av dei tydar på at dette var eit resultat av strategisk planlegging ¹¹⁵

Den mobile hæren derimot, krevja ei meir fleksibel løysing. Når dei stod stille, vart dei nok forsynte av området dei var stasjonert i, men når dei flytta på seg var det nok vanskelegare å supplere dei. Sidan dei ikkje hadde permanente basar, veit ein ikkje heilt korleis autoritetane løyste dette problemet, men det er nok truleg at det bydde på store logistiske utfordringar. Southern skriv at det er ikkje utruleg at den mobile hæren kunne ete seg gjennom provinsane når dei flytta på seg. ¹¹⁶ Trass i dei store utfordringane dei romerske styresmaktene stod ovanfor i samhøve med å supplere hæren, virka den romerske logistikken til å fungere relativt godt, også i seinantikken. Romarane var kjend for vegbygging, og dette hjelpte dei å transportere godar på tvers av riket, og det viser at dette var noko dei verkeleg tok på alvor.

3.3.2 Finansiering av hæren

Under republikken, var det som kjend den sosiale og økonomiske klassa til soldaten som avgjorde kva rolle han fekk i hæren. Etter Marius sine reformer, med stateleg supplering av utstyr, vart den sosiale klasseinndelinga mindre relevant. I republikken sine siste år, med dei store generalane og dei “private” hærane vart hæren i hovudsak finansiert av krigsbytte. Etter at republikken hadde falt og einevelde vart oppretta, bremsa den romerske ekspansjonen noko. Dette betydde at hæren i mindre grad vart finansiert av krigsbytte, og den økonomiske byrda falt på staten

Legionane og dei tilhøyrande *auxillia* regimenta var permanent i kommisjon, med dei same namna og nummera. Dei ulike legionane vart konstant supplert med ferske rekruttar, og ein fastsett administrativ struktur gjorde at løna vart betalt, og der var ei fastsett pensjon ved enda teneste og ordninga med utdeling av land til veteranar vart fjerna. Augustus etablerte eit militært skattekamer kalla *aerarium militare*, som skulle sørge for at soldatane mottok si rettmessige betaling ved enda teneste. Denne summen var ein fast sum sett til 3000 *denarii*, noko som tilsvara 14 årsløner for ein legionær. ¹¹⁷ For å kunne ha denne ordninga sette Augustus opp ei arveavgift på 5% samt ein skatt på 1% på alle auksjonar. Dette var ikkje populært blant borgarane, men Augustus visste at det var å føretrekkje framfor utdeling av land til veteranane, noko som kunne bety at borgarar vart utsett for tvungen flytting. ¹¹⁸

Under den republikken, veit ein lite om den romerske økonomien, bortsett frå at “rikdom” som oftast var eit mål for kor mykje land ein eigde, og kor mykje overskot ein fekk frå jordbruket. Landeigarskap haldt fram gjennom heile riket å vere ein målestokk for rikdom, og dei aller rikaste

¹¹⁵ Southern, Dixon 1996: 89,90

¹¹⁶ Southern, Dixon 1996: 79

¹¹⁷ Sjå Fig 29 (Tabell økonomisk utvikling mot ein profesjonell hær)

¹¹⁸ Keppie 1984: 146-148

hadde enorme gods som ikkje berre gav rikdom, men også status og politisk valuta. Til dømes Marcus Crassus, som var kjend for å vere svært velstående uttala: “*Ein kan ikkje kalle seg rik, dersom ein ikkje har råd til betale for ein hær*”

Men, då Rom kom i kontakt med dei greske bystatane, trengte dei ein valuta, og dei innførte det etter den greske modellen. Gjennom Rom si historie, vart det aldri innført noko planlagd eller regelmessig preging av myntar, og når det fann stad, var det som regel for å møte behova til hæren. Under den andre puniske krigen, opplevde romarane eit stort press, både økonomisk og militært, ein ny skatt vart innført, og ein fekk ein ny sølvmynt; *denarius*. Ein mynt som varte heilt til sølvangel og samanbrot i pengeøkonomien i det tredje hundreår førte til at den forsvann ut av produksjon. Etterkvart som riket vaks, spreidde også den romerske valutaen seg, og det var stadig behov for å prege fleire myntar. Dette var fordi soldatane under principatet skulle ha løn, men og fordi skatt i valuta var lettare å hente inn enn naturvarer. I aust var ikkje dette noko nytt, men det var nesten revolusjonerande for den vestlege delen. Med Augustus fekk ein også ein slags standard på preginga av myntar basert på verdien av ein *aureus*. Ein *aureus* var av gull, og var verd 25 *denarii*, 1 *denarius* var verd 4 *sesterii*, og 1 *sesterius* var verd 4 *as*¹¹⁹. Å kome med ei moderne samanlikning på verdien av myntane og løn er omlag umogleg, sidan innhaldet av gull og sølv varierte stort, og dermed også verdien. Til dømes i løpet av det tredje hundreår, vart *denarius* bytta ut med ein *antoninianus*, som og var av sølv, men var "verdt" det dobbelte. Sjølv om dette sikkert var eit grep for å forbyggje sølvangelen, så innhenta denne også den nye mynten, og den vart også verdiløst etter nokre få år.¹²⁰

Den romerske hæren, var utan tvil den største utgiftsposten til den romerske staten, og stod for godt over halvparten av utgiftene, og ofte meir enn dette¹²¹. Mykje av dette gikk sjølvstilt til administrering, logistikk og produksjon av utstyr, men ein monaleg del gikk for å løne soldatane. Sjølv om systemet med å kjøpslå og bytte i varer aldri forsvann, vart likevel dei romerske soldatane ei viktig brikke i økonomien i provinsane, og der myntane dukka opp, dukka det også opp moglegheiter til å bruke dei. Handel var svært viktig i riket, og den imponerande infrastrukturen, gjorde at alle moglege varer kunne fraktast på tvers av riket. Trass i dette, var den statlege økonomien relativt primitiv, og i følgje Southern, var den reaktiv framfor pro-aktiv, utan noko langsiktig plan, og spesielt i krisesituasjonar hadde den ein tendens til å destabiliserast. "Vanleg" skatt (*tributum*) vart heller ikkje standardisert, og vart innkravd på ein uregelmessig basis. Staten fekk også inntekt gjennom toll på varer (*portoria*), og under Augustus vart det sett opp tollpostar

¹¹⁹ Southern: 2007: 70-71

¹²⁰ Sjå Fig 30, 31, 32 (Myntar, Nedgang denarius og antoniatius)

¹²¹ Southern 2007: 76

langs alle dei viktigaste handelsrutene.¹²²

Men, sjølv om den romerske hæren var “dyr i drift”, betalte den også for seg. Velstanden til riket, kom ifølge av krigsbytte og utnytting av ressursane i dei nye områda. Trass i det fjellrike området, hadde faktisk Italia lite edelmetall, og ein fekk ikkje statlege eigde gull og sølvgruver før romarane tok over den iberiske halvøya. Dette i kombinasjon med krigsbytte, gjorde at riket vart svært velståande under republikken. Faktisk, så vart dei så godt stilt, at i 167 fvt, vart alle borgarar i Italia fritakne frå å betale *tributum*. Dette privilegiet vart aldri utvida til å omfatte borgarane i provinsane.¹²³ Det har blitt gjort forsøk på å estimere inntekta til staten under principatet, ulike tal blitt foreslått, men om dette er korrekt og for kor lenge dette var gyldig er svært usikkert. Etter borgarkrigen i 69, estimerte Vespasian at staten hadde behov for 1,000,000,000 *denarii* for å gå i balanse, og for å dekkje inn dette, dobbla han nokon av skattane, og innførte nokre ganske oppfinnsame skattar, som mellom anna den berykta skatten på urin. Sidan urin inneheld ammoniakk vart det brukt til reinsing, farging og valking av stoff. Dei som dreiv ei slik bedrift, hadde ofte urinalar strategisk plassert utanfor verkstaden, slik at dei alltid hadde ei frisk forsyning.¹²⁴

Sjølv om skatten på urin kan virke som eit merkverdig og litt morosamt faktum, så vitnar det om ein stat som var hardt pressa for å balansere økonomien. Hæren og krigføringa åt opp dette overskotet ganske raskt, og det vart stadig vedteke nye skattar eller skatteauke for å prøva å minske underskotet. Keisaren måtte ofte trå til å dekkje slike utgifter frå eiga lomme, der problemstillinga som oftast var å halde soldatane nøgde ved å gi dei donasjonar. Slike donasjonar vart som oftast brukt for å løne soldatane etter eit suksessfullt felttog, men var også eit viktig verkemiddel for å halde dei lojale under politiske omveltingar. Under republikken var dei økonomiske bekymringane langt mindre, då låg løn og mellombelse soldatar gav små utgifter, og den raske ekspansjonen gav rikelig med krigsbytte som ikkje berre finansierte krigane, men gav overskot. Den ståande hæren til romarane under principatet er ein eineståande prestasjon, men for meg virkar det rimeleg klart at dette ikkje var økonomisk berekraftig. Tek ein med i reiknskapet at ekspansjonen og sakka ned farta og det vart mindre krigsbytte, så gjorde det situasjonen enda vanskelegare.

Southern hevdar at etter romarane annekterte Dakia, og fekk tilgang til dei rike gullgruvene der, greidde dei kanskje å balansere rekneskapet i fredstider. I krisetider derimot, så auka utgiftene, samt at skattegrunnlaget eller evna til å samle inn skatt vart dårlegare. Under krisa i det tredje hundreår, stupte sølvinnhaldet i myntane, og vart til slutt så verdilause at ikkje en gang staten ville akseptere sine eigne myntar som skatt. Den monetære løna til soldatane uteblei også, og det måtte i

¹²² Southern 2007: 71

¹²³ Southern 2007: 72

¹²⁴ Southern 2007: 73

staden for betalast i rasjonar og klede.¹²⁵

Trass i at romarane hadde fjerna eignedomsklasser som ein kategori for soldatane, var det framleis enorme lønsforskjellar innad i hæren. Dei som tenestegjorde i *auxillia*, fekk ei mager løn; omlag 40 *denarii* årleg, ein vanleg legionær tente omlag 250 *denarii* i året, medan ein i kavaleriet omlag 300. Den store skilnaden, var mellom soldatane og offiserane. Ein vanleg centurion fekk 3,300 i året, ein centurion i *cohors prima*; 6,700 og den øverst rangerte centurionen, *primus pila*; fekk heile 13,500 *denarii* årleg. Forskjellen mellom offiserane og soldatane er slåande, og *primus pila* til dømes, tente over 300 gangar meir enn ein soldat i *auxillia*. Ein må og hugse på at ting supplert av staten; som rasjonar, klede og utstyr, vart trekt frå løna til soldatane, så den prosentvise skilnaden vart enda høgare. Prisen på rasjonane varierte etter tilgangen, men som regel ville ein i *auxillia* sitte att med som godt som ingenting. Dette førte til at nokre soldatar takka nei til noko av rasjonen, og valde å få den utbetalt i mynt i staden. Det som og er verdt å merkje seg, er at denne ujamne strukturen ikkje vart endra, og haldt fram ut keisartida.¹²⁶

Tanken bak dette lønsgapet var nok å motivere soldatane til å søke forfremming gjennom god teneste, men eg trur og det kunne slå tilbake, og dei såg på fordelinga som urettferdig. Løna haldt seg på dette nivået og var nesten uendra frå Augustus fram til slutten av det andre hundreår. Derimot etter Septimus Severus, steig den noko valdsamt, og i 235 var løna til ein legionær oppe i omlag 1800 *denarii*. I tillegg slutta staten å trekkje frå noko av rasjonane og utstyret frå løna, og dermed auka statens utgifter ytterlegare. Herz skriv at med fjerning av fråtrekket, steig lønsutgiftene med 500% i perioden 193-235,¹²⁷ men eg er usikker på om han tek i omsyn inflasjonen i denne perioden. Sølvangel i denne perioden gjorde at sølvinnhaldet i denariusen sank, noko som førte til inflasjon, og dermed ei lågare realløn.

Løna til soldatane, kom i hovudsak frå skatteinntekter. I dei godt utvikla og urbaniserte regionane som Hellas, Egypt og Lille-Asia, hadde staten gode inntekter, og det Herz meiner at dei lett kunne finansiere legionane i dette området. Derimot i dei mindre utvikla område som til dømes grensene langs Rhinen og Donau, der det var mindre verdiskaping og dermed mindre inntekt, måtte finansieringa kome utanfrå. Herz anslår, at lønsutgiftene til troppane stasjonert langs Rhinen og Donau, låg på omkring 15 millionar *denarii* årleg, ein sum denne regionen neppe greidde å skatte. I tillegg til løn, måtte og staten sjå til å utstyre troppane med våpen og utrusting. Dette var i hovudsak ei eingangsutgift, men dette som alt anna behøvde vedlikehald og reparasjonar. Å kome med eit anslag av kostnadane på dette, er svært vanskeleg, men det utgjorde truleg ein solid utgiftspost¹²⁸.

¹²⁵ Southern 2007: 76

¹²⁶ Herz 2007: 308

¹²⁷ Herz 2007: 313

¹²⁸ Herz 2007: 315

Ein tredje stor utgiftspost var hestar, pakkdyr og fôr til desse dyra. Herz anslår at i fredstid, trengte berre det romerske kavaleriet minst 3000 nye hestar årleg, og at prisen på ein hest, låg på omlag 125 *denarii*. Trass i at der finst prov for statleg eigde heste-farmar, så trur ein at dei aller fleste hestane måtte kjøpast frå privatpersonar. Nye hestar var ein ting, men den verkeleg store kostnaden var fôret. Ein militærhest, trengte eit dagleg minimum av 10kg høy, og omlag 2kg bygg,¹²⁹ så sjølv om hestane ikkje fekk løn, utgjorde dei ei monaleg utgift.

Men ein plass den romerske staten “sparte” pengar, var på pensjon av soldatane. Dersom dei såg slutten på tenesta, fekk dei ein *donativum*. Denne pensjonen var knytt til den enkelte soldaten, og berre han, og den vart ikkje utbetalt til eventuelle arvingar dersom han skulle døy. Augustus betalte lenge denne pensjonen frå eiga lomme, men dette var nok for å underbygge sin posisjon som soldatane sin patron. Dersom ein soldat vart tenesteudyktig som følge av skade eller sjukdom, kunne han bli frigjort frå hæren (*missio causuria*), men det var ikkje noko etablert praksis å betale pensjon til desse soldatane. Om dei fekk noko, var det godvilje(*beneficium*) frå staten si side, og ikkje eit resultat av noko lovleg forplikting.¹³⁰ Dette var utvilsamt vegen til mange dystre lagnader for dei soldatane som hadde blitt vansira og handikappa under teneste, for så å bli sendt tilbake til det sivile liv, utan noko form for kompensasjon.

3.3.3 Finansiering av hæren i seinantikken

I seinantikken fekk ein soldat i den romerske hæren framleis betaling gjennom eit årleg *stipendium*. Ein vanleg infanterist fekk utbetalt 300 *denarii* i året, og denne summen auka til 500 *denarii* under Septimus Severus. Til samanlikning kunne ein senior offiser få heile 54,000 *denarii* i året. Problemet med desse utbetalingane, var at med eit stadig lågare sølvinnhald i myntane, vart også myntane sjølve langt mindre verdt, og dette førte til ein ukontrollert inflasjon som reduserte verdien av romersk valuta. Under den største delen av principatet vart soldatane løna av staten i gull og sølv og den romerske valutaen var noko lunde stabil. Dette endra seg omkring krisa i det tredje hundreår, då sølvinnhaldet i *denarius*, som hadde gått jamt ned, stupte, og mynten vart så og sei verdiløst. Dette førte ikkje berre til at løna til soldatane vart ikkje-eksisterande, men ikkje heller staten ville godta sine eigne myntar som skatt. Under krisa og borgarkrigen, vart heller skatten betalt gjennom rekvisisjon og naturytelsar. Aurelian forsøkte å gjenrette den haltande valutaen, men mislukkast og *denarius*en var død. Då Diokletian omsider greidde å samle og stabilisere riket, gjennomførte han også storstilte reformer av både skattesystemet og valutaen. Skatteytelse vart no

¹²⁹ Herz 2007: 317

¹³⁰ Herz 2007: 321

basert på kor mange arbeidarar som jobba under landeigaren (*capita*), og kor stort og givande godset var (*iuga*). Med reforma vart *aureus/solidus* i gull den mest verdifulle mynten, *argentus* og *follis* i sølv og *radeatus* og *laureatus* små myntar støypt i bronse. Diokletian forsøkte å gjenopprette sølvmyntar som ein stabil valuta, men dette vart forlete av Konstantin, og gullmynten *solidus* vart rikets primære valuta.¹³¹

Resultatet av dette var at løna som soldatane og offiserane mottok, ikkje lenger vart utbetalt i gull og sølv, men i naturytelsar som rasjon (*annonae*) og fôr til hestane (*capitus*). Medan *limitanei* henta rasjonane sine frå lokale lager, krevja *comitatenses* ei meir fleksibel løysing, mest truleg fekk dei proviant lokalt frå provinsen dei var stasjonert i.¹³² Ved starten av det fjerde hundreår, bestod mesteparten av den vanlege løna av mat og dyrefôr. Jones hevdar at eit slikt system førte til store problem, sidan offiserane, sjølv om dei hadde eit stort hushald, ikkje greidde å konsumere dei store mengdene mat og fôr dei fekk tildelt.¹³³ *Foederati* som tenestegjorde i hæren, fekk dei fyrste åra i hæren, betaling i matrasjonar (*annonae foederaticae*) framfor vanleg betaling. Southern skriv at dette truleg vis var fordi dei ikkje hadde fast tilgang på mat når dei fyrst emigrerte inn i riket, og inntil dei fekk sett opp egne gardar til å fø familien, var dette løysinga¹³⁴

Sal eller omgjering av rasjonar til pengar var ulovleg, og resultatet var at store mengder med rasjonar vart liggande på lager og vart øydelagt. Styresmaktene innsåg etterkvart at dette ikkje fungerte, og det vart lovleg å omgjere noko av rasjonane til pengar. Ved inngangen til det femte hundreår var det og standard prosedyre at offiserane disponerte og kunne til og med tileigne seg noko av rasjonane til soldatane. Spesielt *limitanei*, vart utnytta og ei lov frå 443 slo fast at kvar soldat måtte gi opp ein månads rasjon til ulike offiserar og embetsmenn. No som rasjonar kunne omsettast til pengar, var det og uunngåeleg at dette vart utnytta. Fleire antikke forfattarar, mellom anna Libanius, meiner det var vanleg praksis for offiserane å ta imot rasjonar for døde soldatar, noko som betydde at korruperte offiserar kunne tene seg ei lite formue, men og at troppar og garnisonar ofte var grovt underbemanna på grunn av dette. Synesius skriv at der fanst og tilfelle der offiserar selde permisjonar til soldatane sine eller tvinga dei til å ta ein «uløna permisjon»¹³⁵ eller embetsmenn som ikkje gav beskjed om soldatar som hadde mista livet, slik dei kunne selje rasjonen deira¹³⁶

Southern meiner at dette var ei ordning som alle tapte på, noko eg er einig i. Staten utbetalte

¹³¹ Southern, Dixon 1996: 76, 77

¹³² Southern, Dixon 1996: 77,79

¹³³ Jones 1964: 645

¹³⁴ Southern 2007: 259

¹³⁵ Southern, Dixon 1996: 81

¹³⁶ Southern, Dixon 1996: 62-63

store summar som hamna i hendene på korrupte offiserar framfor soldatane, i tillegg var troppane og garnisonane ofte underbemanna. Soldatane på si side, vart gjenstand for utnytting, og ofte fekk dei ikkje forfremminga dei hadde fortent fordi den var besett av avdøde junior offiserar. Mange antikke forfattarar har nemnd denne problemstillinga med korrupte offiserar som gjorde seg sjølv rik på bekostning av troppane. Procipus nemner eit tilfelle der ein *praefectus praetorio*, for å spare pengar, berre baka brød ein gang i staden for det sedvanlege to, noko som gjorde at soldatane ofte fekk gammalt, råte brød, og mange vart alvorleg sjuke eller døydde¹³⁷. Ei litt meir lystig døme blir lagt fram av Synesius som fortel om ein kommandør kalla Ceralis, Synesius skriv:

*«I have with me the soliders of the regiment of the Balagritae. Before Ceralis took command, they used to be mounted archers, now they are just archers».*¹³⁸

Det viser seg altså at den godaste Ceralis hadde seld hestane til dei ridande bogeskyttarane og putta profitten i eiga lomme, nok eit døme på den profitt motiverte mentaliteten som mange offiserar hadde.

Korrupsjon var eit alvorleg problem. Styresmaktene hadde ikkje alltid kontroll over kor mange soldatar som var i dei ulike troppane, og ettersom den sentrale kontrollen virka til å svikte meir og meir, opna dette moglegheitene for korrupte embetsmenn til å tene seg litt ekstra. Det kan og tenkast at separasjonen av sivile og militære embete også gjorde det vanskelegare å oppdage dei som ikkje hadde ærlege føremål.

Eit årleg *stipendium* var framleis i bruk i år 360, då Julian sine soldatar klaga over at dei ikkje hadde fått løna si eit år.¹³⁹ Mesteparten av løna til soldatane i seinantikken kom gjennom *donativum*, eller donasjonar frå keisaren, høgtstående embetsmenn eller hærføraren som leia soldatane. Soldatane kunne og få bonusar frå generalane sine, som oftast for å oppfordre til mot og lydnad, men også for å unngå desertering eller mytteri.¹⁴⁰ Eit utsnitt frå Dio peikar på at donasjonar var vanleg praksis framfor ei «gåve» i det andre hundreår. Etter eit vellukka slag mot germanarane, bedde soldatane til Marcus Aurelius om ein donasjon for sitt mot. Keisaren nekta derimot, og sa at alle pengar gjeve utanom den vanlege løna, ville gå på bekostning av deira familiar og frendar.¹⁴¹

Zosimus merkar at borgarkrigar kunne vere lukrative tider for soldatane, fordi dei konkurrerande generalane prøvde ofte å kjøpe deira lojalitet med den høgaste summen pengar.¹⁴² Det er og døme på at keisarane brukte donasjonane for å kjøpe seg lojalitet i politisk sensitive periodar. Eit døme er Caracalla som i følgje Dio skjemde vekk troppane med ekstravagante gåver i

¹³⁷ Southern, Dixon 1996: 82

¹³⁸ Southern, Dixon 1996: 82

¹³⁹ Ammianus 20.8.7

¹⁴⁰ Southern, Dixon 1996: 78

¹⁴¹ Campell 1994: 26

¹⁴² Zosimus 4.6.3

form av donasjonar. Caracalla var ikkje den mest populære keisaren og dette var ein måte å sikre seg støtte på. I eit tilfelle kjem Caracalla ridande inn til ein camp der ein legion er stasjonert og han ropar:

Rejoice fellow soliders, now i can indulge you ...For i am one of you; it is for you alone i want to live, so that i can grant you all kinds of favours; all the treasuries are yours.¹⁴³

Caracalla, som kan reknast som ein av dei meir «ubehagelege» keisarane var svært oppteken med å innynde seg med troppane, dette mellom anna ved å gi dei hyppige donasjonar. Eit slikt system, kan ein kjenne seg igjen i frå republikken, og det er liten tvil om at det kunne vere problematisk. Dersom mesteparten av soldatane si løn kom frå den enkelte generalen framfor keisaren eller den styresmaktene, ville jo då mest truleg lojaliteten ligge hos hærføraren som kunne gjere dei rike, framfor «Rom». Når den statlege løna var utilstrekkeleg og ambisiøse stormenn kunne kjøpe seg innverknad, så er ein fort i same situasjon som betydde slutten for den romerske republikken.

Eit anna problem, var at i nokre tilfelle fekk ikkje soldatane betaling i det heile tatt, verken frå staten eller generalen, noko som utvilsamt hadde ein svært negativ effekt på soldatane sin moral og disiplin. Mellom anna Procopius kan melde om at under den persiske krigen i det sjette hundreår, var det mange romerske soldatar som ikkje hadde motteke løn, og skifta side då persarane viste seg meir villige til å betale.¹⁴⁴ Ei siste inntektskjelde for soldatane, var frå plyndring. Dette kunne vere alt frå slavar og dyr, til edle metall og våpen. Å plyndre ein slagen fiende var vanleg, men dette vart eit langt større problem når romarane kjempa seg imellom og dei som vart plyndra var folket i dei romerske provinsane. Til dømes den «galliske keisaren» Postumus, vart drepen av eigne soldatar, då han nekta dei å plyndre Mogonaticum.¹⁴⁵ Dette meiner eg illustrerar to ting: Soldatane var ikkje alltid like lett å kontrollere, og dei var i nokre tilfelle villige til å plyndre inne i riket for eiga vinning.

Etterkvart endra dette seg noko, og i 423 fekk soldatane utbetalt gull i staden for klede og måtte dermed kle seg sjølv. Southern hevdar og at i løpet av det sjette hundreår, gjaldt denne ordninga også for våpen og utrusting. Denne teorien stammar frå Procopius som gjengir ein tale frå Belaisarius rett før eit slag. Her sei han: «*Ikke lat nokon av dykk spare hest, boge eller noko våpen. For eg vil skaffe dykk nye for alt det som er øydelagt i kamp*». Når denne endringa frå sentralisert væpning til reine pengeutbetalingar fann stad, og om det var vanleg praksis, er usikkert. Men som Southern peikar ut, så var det godt mogleg at dette var eit ineffektivt system, sidan soldatane kunne

¹⁴³ Campbell 1994: 23

¹⁴⁴ Procopius 2.7.37

¹⁴⁵ Southern 2007: 107

kutte kostnadane på eige utstyr for å heller bruke pengane til privat bruk.¹⁴⁶ Ei anna vanskeleg problemstilling var supplering av hæren på kampanje. Ikkje berre skulle ei stor styrke væpnast før felttoget, men øydelagt utstyr skulle og erstattast. Til dømes under Julian sin kampanje mot germanarane, fortel både Zosimus og Ammianus at han utstyrte soldatane med våpen og utrusting han fann i landsbyar i Gallia. Ein anna moglegheit var å ta utstyret til nedkjempa fiendar, til dømes under sin persiske kampanje væpna romarane seg med persiske våpen etter at dei hadde tatt byen Bersabora.¹⁴⁷

I starten av det fjerde hundreår var sølvinnhaldet i myntane så lågt, at løna var så og sei verdiløst, og mesteparten av løna kom i form av mat eller dyrefôr og den monetære løna kom i hovudsak gjennom *donativum*. Dette var utvilsamt ei svært upraktisk løysing, men om ikkje anna, så er det eit prov for at logistikken i forhold til supplering av rasjonar framleis fungerte bra. Problemet med denne praksisen, var at offiserane, som hadde høgare løn, fekk tilsvarande løn i rasjonar, og dermed langt meir enn dei nokon gang kunne håpe å konsumere. Resultatet vart då at det vart liggjande på lager å bli råte, eller at dei prøvde å selje noko av dei overflødige rasjonane dei fekk tildelt. I starten av det femte hundreår, innsåg til slutt staten at dette var ei håplaus løysing, og det vart lov å konvertere rasjonane til pengar.¹⁴⁸

I løpet av det fjerde hundreår, hadde inflasjon ført til at den monetære betalinga var svært dårleg, og mesteparten av "løna" kom i form av mat, dyrefôr og klede. Pengar fekk soldatane i hovudsak av gåver frå keisaren.¹⁴⁹ Dette meiner eg er sær problematisk, sidan uregelmessig løn både kunne vere eit klagemål for soldatane og føre til svekking av moralen og disiplinen. Men også fordi slike donasjonar like gjerne kunne kome frå dei som hadde ambisjonar om å utfordre keisaren for trona. Pengar var eit effektivt middel for å halde soldatane lojale. Opprør og mytteri kunne løysast ved tilstrekkelege donasjonar. Problemet med ei slik lønsauke var at det skapte stor belastning på skattebetalarane. Severus ha fått kritikk for dette, og både Dio og Herodian meinte han blødde riket tørt med denne reforma.¹⁵⁰ Hadde dei skjønna at dei kunne stille krav til styresmaktene gjennom trusselen av opprør? Etter Trajan, hadde og den romerske ekspansjonen så og sei stogga fullstendig, og fokuset vart flytta over til å halde på eksisterande land, framfor å erobre nytt land. Sjølv om felttog heilt klart var dyre, så mista også romarane ei svært viktige inntekt, nemleg krigsbytte. Eg trur at det romerske riket i realiteten var avhengig av å ekspandere for å kunne finansiere hæren, og når denne ekspansjonen stogga, så starta det å tære på ressursane.

¹⁴⁶ Southern, Dixon 1996: 76

¹⁴⁷ Zosimus 3.18.6

¹⁴⁸ Southern, Dixon 1996: 81

¹⁴⁹ Goldsworthy 2003: 209

¹⁵⁰ Southern, Dixon 1996:7

3.4 Den romerske hæren i strid

3.4.1 Kamp

Å forstå romersk kamp på mikronivå er vanskeleg, sidan det som blir skildra i kjeldene er som regel handlingane til kommandøren, heile regiment, og dersom enkelte soldatar blir nemnd, har dei gjort noko eksepsjonelt. Krigføring har alltid vore ei brutal affære og som eit resultat har ofte den fælslege realiteten ved kamp blitt oversett av forfattarane. Det ein veit om kamp i antikken, er at dei kunne vare i mange timar, og i nokre døme, heilt til mørkets frambrøt.¹⁵¹ Romarane kjempa vanlegvis i "tynne linjer" og unngikk den "tunge bataljonen" som falanksen var. Fordelen med dette systemet var at lengre linjer, gjorde at fleire menn kunne kjempe samtidig. Det var heller ikkje slik at dei i fronten vart venta å kjempe til døden, men det var regelmessig rotasjon, noko som og gjorde at soldatane fekk kvile, Ferrill hevdar at dette og gav dei sjølvtilitt. Dette gjorde at dei som regel påførte fienden store tap, og at dei så og sei var uslåelege for ein utrena styrke. Han meiner den taktiske styrken til romarane, kom best fram i forhold til dei germanske barbarane, som var organisert ein djup, laus formasjon, og at dei i fronten ofte storma fram åleine.¹⁵²

For det fyrste, så kunne ein soldat falle tilbake dersom han vart skada og hans evne til å kjempe var redusert. For det andre, så var dette ekstremt utmattande. Løysinga var då å ha fleire rekkjer, slik at dei sletne soldatane i fronten kunne falle tilbake for å hente pusten, og "friske" soldatar kunne ta over. Denne typen krigføring var svært fysisk krevjande og sunne soldatar var utvilsamt ein stor fordel.

Til dømes Vegetius legg vekt på kva slags fysiske kvalitetar som var viktige i ein god soldat og meinte at soldatar frå landsbygda var å fortrekke framfor dei frå byen, sidan dei som regel hadde opparbeida seg betre fysikk gjennom det tunge gardsarbeidet.¹⁵³ I mine auger, hadde også taktikken ein viktig psykologisk verknad sidan det ville gi soldatane ein auka følelse av tryggleik. I følge Thorne var brot i rekkjene det verste som kunne skje og ein kaotisk retrett ville ofte føre til store tap dersom dei vart etterfylgd av ein raskare fiende. Dersom ein del av hæren stod i fare for å bli overmanna, så var ein taktisk retrett den vanlegaste løysinga. Det betyr at soldatane trakk seg tilbake til ein trygg avstand, der "trygg" er eit relativt uttrykk sidan dei kunne framleis vere innanfor rekkjevidde for fiendtlege missilar. James Thorne meiner og at det som oftast ikkje var eit tilfelle der dei involverte stod å hamra laus på kvarandre i timevis, men at til dømes ei side ville jage framover, møte fienden for ein kort periode, før ei eller begge sider trakk seg tilbake¹⁵⁴.

På den måten, bølga slaga ofte fram og tilbake og ofte kunne dei avgjerast dersom den eine

¹⁵¹ Tac. Hist. 4.29

¹⁵² Ferrill 1988: 29

¹⁵³ Vegetius: 1: 2-7

¹⁵⁴ Thorne 2007: 220

sida vart pressa til ein ugunstig posisjon. I slike slag var terrenget svært viktig, og ofte avgjerande, som til dømes i slaget ved Strasbourg, då Julian vann ein imponerande siger mot dei germanske stammane. I dette tilfellet fortel Ammianus at Julian greidde å presse fienden tilbake til elva, og med ingen plass å manøvrere braut det ut panikk i dei germanske rekkjene og dei som ikkje hoppa i elva vart kutta ned av romarane¹⁵⁵ Thorne peikar også ut at å "presse" er eit figurativt omgrep, og at soldatane ikkje var innblanda i ein slags rugby match, på lik linje med at moderne stridsvogner ikkje fysisk pressar fiendtlege soldatar bakover. Vidare skriv han at å ha moglegheita til ein taktisk retrett var enormt viktig, spesielt dersom ein tropp stod i fare for å bli angripne frå flanken eller bakenden. Trass i at djupe rekkjer som oftast tillèt soldatane å danne ein front i fleire rettingar, så hadde det ofte ein svært negativ innverknad på moralen, og det gjorde dei langt meir sårbare for missilar¹⁵⁶

3.4.2 Beleiring og beleiringsvåpen

I tillegg til dei personlege våpna, var dei romerske legionane og godt utstyrte med artilleri og beleiringsmaskiner. Ifølge Vegetius, var kvar legion utstyrt med omlag 60 maskiner kvar¹⁵⁷. Desse maskinene var mellom anna katapultar (*onager*) og rambukkar, men den mest ikoniske romerske krigsmaskina var *ballistae*. Desse kom som regel i to storleikar, ein *carroballistae* trekt av vogner og bemanna av 2-3 mann, og ein mindre variant kalla *manualballistae*¹⁵⁸ bemanna av ein mann. *Ballistae* som opererte på same prinsipp som ei armbrøst og kunne avfyre enorme boltar, men kunne og modifiserast til å skyte stein. Ironisk nok, var ikkje ballistaen ein romerske oppfinning, men den vart adoptert frå grekarane. Arkeologiske funn gjort ved Hod Hill i Dorset er eit testament til den imponerande rekkjevidda og treffsikkerheita til dei romerske beleiringsvåpna. 17 boltspissar har blitt funne, 11 av dei i eit område som har blitt identifisert som "høvdingen si hytte", og ein estimerar at desse vart avfyrt frå 170 meters avstand.¹⁵⁹ Under beleiringar, var det fyrste målet til romarane å ta seg over festningsverka og kome seg nært innpå fienden. Medan åtakstroppen nærma seg, fekk dei "eldstøtte" frå skyttarane slik at fienden vart tvinga til å søke dekning. Legionærane i åtakstroppen, ville om situasjonen krevja det, danne ein *testudo*¹⁶⁰ for å beskytte seg mot fiendtlege missilar. Når åtakstroppen nådde den befesta situasjonen, ville dei sette opp stigar eller byggje "jordverk" for å kome seg opp.¹⁶¹ Sjølv om desse var viktige under beleiringar, så vart dei og hyppig brukt i opne slag. Samanlinka med dette, hadde ei vanleg komposittboge i antikken ei effektiv rekkjevidde på omlag 55 meter.¹⁶² Dette gav ikkje berre eit taktisk overtak då dei kunne bombardere fienden frå

¹⁵⁵ Ammianus 16: 12: 50-57

¹⁵⁶ Thorne 2007: 221

¹⁵⁷ Vegetius 2.25

¹⁵⁸ Sjå Fig 33, 34, 35 (beleiringsvåpen)

¹⁵⁹ Thorne 2007: 221

¹⁶⁰ Sjå Fig 36, 37 (Testudo)

¹⁶¹ Thorne 2007; 228

¹⁶² Lutwak 1979 : 44

trygg avstand dermed utkjempe kampen på deira premissar, men den psykologiske effekten dette hadde på fienden måtte og ha vore monaleg.

3.4.3 Utrusting og våpen

Eit anna interessant tema, blir då dei romerske soldatane si utrusting og kor effektiv denne var mot ulike typar våpen og kva praktisk effekt dette hadde på slagmarka. Skjoldet som romarane nytta (*scutum*)¹⁶³ var soldaten sitt primære forsvar mot fiendtlege åtak. Sidan det var laga av tre, så var ikkje haldbarheita den beste, men det gjorde skjoldet relativt lett som bidrog til den største styrka: Nemleg storleiken. Storleiken kunne variere noko, men vanlegvis var dei minst 1m x 80 cm, noko gjorde det relativt tungt, med ei vekt på omlag 10 kg, men som og betyr at det gav glimrande vern. Polybius nemner og at under dei puniske krigane, gav storleiken på skjoldet soldatane sjølvtilitt og det gjorde dei svært vanskelege å felle.¹⁶⁴ Ikkje berre gav skjoldet soldatane godt vern, det kunne og brukast offensivt. I midten av skjoldet var ein skjoldbule i stål, som gjorde at det og kunne brukast til å slå fienden med. Tacitus nemner at under eit slag mot ein germansk stamme, brukte romarane skjoldet til å "skubbe dei over ende, eller slå dei ut av balanse"¹⁶⁵, og dette var neppe eit isolert tilfelle.

Som nemnd tidlegare, så vart *lorica segmenta* den standardiserte brynja for dei romerske legionæranne. Akkurat kor godt vern denne gav er opent for debatt, der mellom anna kvaliteten på det romerske stålet er ein viktig faktor. Ein veit at produksjon av stål var ein teknikk som ikkje berre romarane, men mange andre i den antikke verda beherska. Mellom anna Pliny den eldre, har i si bok naturhistorie eit utdrag om produksjonen av stål, og viser at dette var ein kunst romarane hadde god kunnskap om.¹⁶⁶ Stål blir laga ved å tilsette karbon til jarnmalm, reint jarn er ueigna til våpen sidan det er for mjukt. Mellom anna Polybius nemner dette i eit tilfelle der romarane kjempa mot ein keltisk stamme og keltarane måtte "rette ut sverdet med foten" etter å ha truffe romerske skjold.¹⁶⁷ Då produksjonen av stål vart oppdaga, så bytta dette ut bronse. Hardheita til stål er bestemt utifrå karboninnhaldet i stålet. Jo meir karbon, jo hardare og sprøare vil det vere. Problemet er at smeltepunktet til jarn ligg på 1540°C og at slike temperaturar først var mogleg med masomnen som ikkje dukka opp før i middelalderen. I staden for, vart jarnet i dei romerske omnane mjukna og dette ville føre til at oksiderte ikkje-metall av malmen vart skild ut og ein fekk smijarn. Ved å tilsette karbon til smijarnet¹⁶⁸, så greidde ein å skape stål, høgare karboninnhald betydde som regel høgare

¹⁶³ Sjå Fig 38, 39 (*scutum*)

¹⁶⁴ Polybius *Hist.* 15.5.9

¹⁶⁵ Tacitus *Hist.* 4.29

¹⁶⁶ Pliny. *Nat.* 34.41

¹⁶⁷ Polybius *Hist.* 2.33

¹⁶⁸ Sjå Fig 40, 41 Ovn og "Bloom"

kvalitet på stålet. Det såkalla "Damaskus stålet" skal ifølge mange ha vore stål av svært høg kvalitet og er nærmast legendarisk for sin tidsalder. Damaskus hamna som kjend under romersk kontroll i det siste hundreår fvt, og det er godt mogleg romarane oppdaga løyndomen bak dette stålet.

Uheldigvis, har denne løyndomen gått tapt og akkurat korleis dette stålet vart laga er eit mysterium. I 1981, hevda to metallurgistar ved Stanford, at dei hadde funne løyndomen bak Damaskus stålet. Ved å bruke jernmalm av svært høg kvalitet, og ved å bearbeide stålet mange gangar og "brette" det, greidde smedane å skape eit stål med svært høgt karboninnhald.¹⁶⁹ Denne prosessen med "bretting" og gjenteke bearbeiding av stålet vart også til dømes brukt i Asia og, kanskje mest kjend i Japan, for å lage det godt kjende "katana" sverdet. Når det er sagt, så skal ein ikkje trekkje konklusjonen at romerske brynjer var laga av slikt godt stål, sidan ein slik prosess var både langsam og omstendig. Likevel, meiner eg det er grunn til å tru at dei romerske brynjene, gav dei relativt god vern mot den tids konvensjonelle våpen. Ein interessant observasjon er at under Trajan sin kampanje mot Dakia, møtte romarane eit nytt våpen; den dakiske *falcata*.¹⁷⁰ Dette store to-hands våpenet, som kan minne om ei øks eller ein halberd viste seg effektiv og dakarane utnytta dette ved å hogge mot den sårbare sverd-arma til romarane. Når dei romerske brynjene viste seg å ikkje vere effektive, tok romarane i bruk ei skulder-plate (*manica*)¹⁷¹, som tradisjonelt sett var atterhaldt gladiatorar.¹⁷² Dette meiner eg er interessant, fordi det viser at romarane var i stand til å tilpasse utrustinga når behovet oppstod, men eg meiner og det viser at den vanlege utrustinga hadde fungert godt opp til då.

Romarane nytta seg og av ringbrynjer, sjølv om desse ikkje var vanleg for legionærane i det tidlege riket. Når det gjeld ringbrynjer, så viser moderne testar, mellom anna ved *Royal Armoury* i Leeds at ei god ringbrynje er så å sei immun mot konvensjonelle kuttvåpen.¹⁷³ Men, trass i godt vern, så var der alltid ein fare for mindre skader, og dette kunne føre til infeksjon, som før antibiotika, var svært alvorleg. Til dømes i Pliny den eldre si bok om naturens historie, inneheld bok 20-32 informasjon om ulike naturlege lækjemiddel og medisinske inngrep. Mykje av det er sjølv sagt overtru, men til dømes kvitlauk og honning, som har prova antibiotiske kvalitetar vart hyppig brukt. I tillegg til brynjer, hadde også dei romerske legionærane standardiserte sko, hjelmar, leggskinn og kapper i ull.¹⁷⁴

Etter å no ha tatt ein gjennomgang av utrustinga, vil eg ta eit lite blick på det offensive utstyret romarane disponerte. Kanskje ikkje den mest ikoniske, men ein av dei mest effektive, var

¹⁶⁹ Sherby, Wadsworth 1981: Ancient Blacksmiths, The Iron Age, Damascus Steel and Modern Metalurgy

¹⁷⁰ Sjø Fig 42, 43 falc

¹⁷¹ Sjø Fig 44 (Manica)

¹⁷² Schmitz 2005: 33-36

¹⁷³ Howard: Mail: Unchained ; Sjø Fig 45, 46 rustning

¹⁷⁴ Sjø Fig 47, 48, 49, 50 (Utstyr)

den romerske *pilum*¹⁷⁵. Eg har tidlegare prata om utforminga, men korleis fungerte den i praksis? Ifølge Thorne, kunne ein dyktig soldat, kaste sin *pilum* opp mot 30 meter og med den lange spydspissen og ei vekt på 1,7 kilo kunne den trenge igjennom dei fleste skjold.¹⁷⁶ Mot ein enkelt mann, eller ei spreidd gruppe, var det svært vanskeleg å treffe, men mot ei tett gruppe, var det vanskeleg å bomme.

Hovudvåpenet til dei romerske legionæra var *gladius*, eit sverd på omlag 60 cm. Det vart brukt til å kutte og stikke med, og med ei grunnleggjande utforming som ikkje har endra seg på over to millenium, framstår sverdet som kanskje det mest allsidige nærkampvåpenet. I den antikke verda, var falanksen toneangivande i krigføringa, der soldatane brukte skjold og spyd, og til dømes Alexander la under seg det persiske riket med denne formelen, så kvifor tok romarane i bruk sverdet? Ein interessant samanlikning, kan vi finne då romarane målte krefter med den greske kongen Pyrrhos i ein rekkje slag i det tredje hundreår fvt. Under Pyrrhos var den makedonske falanksen på toppen av sin evolusjon, og soldatane var utstyrt med ein *sarissa*, eit spyd som var omlag 5 meter langt. Åleine var det eit ubrukeleg og uhandterleg våpen, men i ein falanks utgjorde det eit strittande tornekraft av spydspissar. Samanlikna med dette beistet av eit spyd, hadde den romerske *gladiusen* ei beskjeden rekkjevidde på 60cm, 1/8 rekkjevidda til spydet. Trass i at Pyrrhos faktisk “vann” slaget, var det ein tett siger, og sidan romarane hadde langt fleire rekruttar i reserve, og Pyrrhos sjølv uttala: “Enda ein slik siger, vil bli min ende”. Trass i at spydet er eit formidabelt våpen med god rekkjevidde, så har det ein stor svakheit; kjem fienden for tett innpå, er det ubrukeleg. Sverdet derimot, er like farleg tett innpå som det er på maks avstand. Problemet med falanksen er og at det er ein relativt “stiv” formasjon og den kan vere tung å manøvrere, spesielt i kuppert terreng. Dette gjorde den ueigna mot enkelte galliske og keltiske stammar som kjempa i meir opne formasjonar. I seinantikken bytta romarane ut sin *gladius* med det større å tyngre *spathae* sverdet. Om bakgrunnen for dette var funksjon, eller eit større tal barbarar i hæren, er det usemje om.¹⁷⁷

Som ein kan sjå, så hadde den romerske legionen imponerande slagkraft, men alt dette utstyret hadde ein pris; mobilitet. Ikkje berre måte soldatane bere våpen, rustning og anna personleg utstyr. Dei måtte og bere med seg ulike verktøy og reiskap som var naudsynt. Når hæren då hadde det travelt, så vart ofte dei lettare utstyrte soldatane i *auxilliaen* sendt som fortropp, og i nokre døme var kampen allereie over då legionæra omsider nådde fram.

¹⁷⁵ Sjå Fig 51 (pilum)

¹⁷⁶ Thorne 2007: 223

¹⁷⁷ Thorne 2007: 222 ; Sjå Fig 52, 53, 54, 55 og 7 (Sverd)

3.4.4 Endringar i seinantikken

Strobel hevdar, at allereie tidleg i seinantikken, skjedde det ein del endringar med det romerske infanteriet. Der var aldri noko sentralisert reform, og endringar i utstyr kom anten gradvis, regionalt eller som resultat av ein vrien fiende. Sidan romarane no i større grad kjempa mot kavaleri, var det mange regiment som bytta sverdet ut med eit tungt spyd kalla *lancae*. Som eit resultat av dette forsvann kastespydet *pilum*. Det store rektangulære skjoldet *scutum* og brynja *lorica segmenta* leid same skjebne. I staden for *lorica segmenta* brukte no romarane ringbrynjer eller ei brynje kalla *lorica squamata*¹⁷⁸. Utstyret til infanteriet, både legionærane og dei i *auxillia* var no likt, og distinksjonen var ikkje lenger relevant. I staden for det rektangulære skjoldet, nytta no romarane seg av ovale eller runde skjold.¹⁷⁹ Vegetius kjem med ein skildring om kvifor det utvikla seg slik:

But the method of the ancients no longer is followed. For though after the example of the Goths, the Alans and the Huns, we have made some improvements in the arms of the cavalry, yet it is plain the infannry are entirely defenseless. From the foundation of the city till the reign of the Emperor Gratian, the foot wore cuirasses and helmets. But negligence and sloth having by degrees introduced a total relaxation of discipline, the soldiers began to think their armor too heavy, as they seldom put it on¹⁸⁰

Eg synst desse endringane er både fascinerande og merkverdige, men om det Vegetius her sei er sant; at dei kom utifrå latskap og slakk disiplin, framfor ei strategisk utvikling, så betyr ikkje desse endingane at det var ei forbetring, kanskje snarare tvert i mot. Ei *lorica segmenta*, funne ved Newstead i Nord-England, hadde platene ein gjennomsnittleg tjukking på 1,5mm, reknar ein ut det samla “arealet” på brynja, ville den åleine vege omlag 10kg¹⁸¹.

Ferrill støttar Vegetius sin påstand og, meiner at det romerske infanteriet heilt klart var dårlegare utstyrt og trenar. Bakgrunnen for dette, var auka bruk av *foederati* som ikkje hadde gjennomgått romerske trening og drill. Ein veit og til dømes at soldatar i *auxilliaen*, som vart rekruttert blant stammar og andre etniske minoritetar, som oftast nytta seg av “eige” utstyr, altså våpen, altså tradisjonelle våpen og utrusting dei var komfortable med å bruke, og eg ser ingen grunn til at dette også ikkje skulle gjelde i dette tilfellet. Med auka bruk av *foederati*, kan det og vere med på forklare kvifor *lorica segmenta* forsvann, sidan dei mest sannsynleg måtte utstyre seg sjølv.

Goldsworthy hevdar Vegetius sin påstand er feil, og at dei romerske styrkane stor sett brukte brynjer.¹⁸² Desse brynjene var anten av skal, eller ringbrynjer. Problemet med ringbrynjer, var at dei var ekstremt tidkrevjande å lage. Simkins, hevda at dei aller simplaste ringbrynjene, tok omlag 180

¹⁷⁸ Sjø Fig 56 , 57 Scale

¹⁷⁹ Strobel 2007: 277 ; Sjø Fig 58 (infanteri seinantikken)

¹⁸⁰ Vegetius 1.19

¹⁸¹ M.C Bishop: The Newstead *Lorica Segmenta*

¹⁸² Goldsworthy 205

timar å lage for ein erfaren smed.¹⁸³ Personleg vil eg tru at det var langt mindre tidkrevjande å produsere ein *lorica segmenta*, en kva det tok å lage ei ringbrynje. Med den fyrstnemnde, er det snakk om å hamre ut metallplater, medan å lage ei ringbrynje, er ein omstendig prosess som først krev å lage dei små ringane, for så å linke dei saman.

Dersom ein skal følgje Simkins, så ville det altså ta ein handverkar i overkant av to veker å lage ei ringbrynje, dersom ein går ut i frå han jobba 12 timar om dagen. Ein arbeidsstokk på 10,000 mann, ville då vere i stand til å produsere omlag 26,000 brynjer i året. At dei då, rett etter ein destruktiv borgarkrig, skulle velje å bytte ut ei enklare brynje, med ei meir komplisert, virkar merkverdig for meg. I følgje Piotir Letki, var der under Diokletian 35 statleg eigde *fabricae*, 20 i vest, 15 i aust, men kor mange av desse som faktisk produserte brynjer er usikkert.¹⁸⁴ Southern hevdar at dei fleste av desse fabrikkane, var sett til å produsere skjold og våpen (*scutaria et armorum*)¹⁸⁵. Southern skriv også at mange gravsteinar og relieff frå denne perioden, avbildar soldatar i lærtunik og kappe, noko som kan peike i retning av bruken av utrusting hadde falt.¹⁸⁶

Ei anna endring i utrusting kan også hjelpe oss å gjenskape situasjonen. Simon James, har føreteke ein studie, der han ser på utviklinga av hjelmane som dei romerske soldatane nytta seg av. Han skriv at under republikken og principatet, vart mesteparten av utrustinga produsert av private entreprenørar, eller smedar hyra inn for å jobbe i statlege fabrikkar, der dei vart løna med pengar. Med krisa i det tredje hundreår, og når den romerske valutaen kollapsa braut dette systemet saman, og staten vart tvinga til å sette opp fleire fabrikkar for å produsere nok utstyr. Hjelmane som vart brukt under republikken og principatet, var ein relativt avansert design, der sjølve hjelmen var eit solid stykke metall, der hengslar festa på mellom anna nakkevern.¹⁸⁷ I seinantikken derimot, går ein bort frå denne utforminga, og ein får ulike variantar med hjelmar, der hjelmen er sett saman av to separate delar kalla som er klinka saman, kalla «spanger-hjelm»¹⁸⁸. I følge James, var denne typen hjelm lettare å produsere, men samtidig simplare, og den dårlege kvaliteten på mange av desse «spanger-hjelmane», tydar på at dei vart laga av ufaglærte smedar, eller slavar¹⁸⁹. Om dei då måtte gå over ei enklare og «dårlegare» utforming av hjelmane, virkar det svært motstridande at dei då skulle gå bort frå *lorica segmenta*, for å lage ringbrynjer, som ganske sikkert var meir tidkrevjande å lage.

¹⁸³ Simkins 1979: 18

¹⁸⁴ Letki: State factories during the time of Thetarcy, 2009: 56

¹⁸⁵ Southern 2007: 260

¹⁸⁶ Southern 2007: 261

¹⁸⁷ Sjø Fig 47 Hjelm, principat

¹⁸⁸ Sjø Fig 59 Ridge-helm

¹⁸⁹ Simon James: Evidence from Dura Europos for the origins of late roman Helmets: 131-132

Ei anna problemstilling er mobiliteten: Rustning er tungt, og sidan ei brynje åleine ville vege ein plass mellom 7-10kg, så ville dette utvilsamt gjere soldatane tregare. For dei som hadde hest, så var ikkje dette noko problem, men for infanteri, så ville utvilsamt tunge brynjer vere eit hinder dersom rask respons var den viktigaste faktoren. Sjølv om *scutum* gav glimrande vern var det og med sine 10 kg, relativt tungt. I seinantikken, forsvann også dette store rektangulære skjoldet, og ein fekk mindre skjold som var ovale eller runde.

Noko som kan vere interessant, er å studere utstyret til dei germanske krigarane på eit tidlegare tidspunkt. I følgje Malcom Todd, så endra utstyret til dei germanske troppane i *auxillia* seg svært lite i det fyrste og andre hundreår. Spyd var i hovudsak det mest brukte våpna, og romersk utrusting vart ikkje adoptert. Etterkvart vart denne skilnaden noko mindre, og germanske krigarar i den romerske hæren adopterte noko av det romerske utstyret. Likevel, meiner Todd at dette på ingen måte gjaldt alle, og dei fleste germanarane gikk i kamp, utstyrt med sine tradisjonelle våpen.¹⁹⁰ Simon McDowall, som har skreve eit verk spesifikt om dei germanske krigarane, har og nokre interessante observasjonar. Ifølgje Mcdowall, var sverd, og spesielt utrustingar særst vanskeleg å tidkrevjande å produsere, noko som kan forklare kvifor spyd var det føretrukkne våpna til dei germanske krigarane. Han skriv også at arkeologiske funn gjort av graver, kan vere misvisande med tanke på utbreiinga av utrusting, sidan berre dei mest velståande som regel vart begravd med verdifullt militærutstyr. Om “vanlege” soldatar hadde brynje, så hadde det mest truleg gått i arv i familien, eller det hadde blitt teke frå ein slagen fiende.¹⁹¹

Ikkje berre vart det store endringar i utrustinga, men også i våpna som soldatane nytta:

Their offensive weapons were large swords, called *spathae*, and smaller ones called *semispathae* together with five loaded javelins in the concavity of the shield, which they threw at the first charge. They had likewise two other javelins, the largest of which was composed of a staff five feet and a half long and a triangular head of iron nine inches long. This was formerly called the *pilum*, but now it is known by the name of *spiculum*.¹⁹²

Akkurat kvifor *pilum* skifta namn til *spiculum* er usikkert. Southern skriv at mange historikarar trur at med fleire germanske soldatar i hæren, vart *pilum* kombinert med det germanske *angon*, og *spiculum* vart fødd.¹⁹³ Med ei lengde på 9 tommar (22cm), var spissen på *spiculum* monaleg kortare enn den på *pilum*, som var opp mot 60cm på den store varianten, noko som tydar på at *spiculum* også fungerte som spyd for nærkamp, der *pilum* helst var brukt til å kaste mot

¹⁹⁰ Todd 1997: 450-451

¹⁹¹ McDowall 1996: 20-23

¹⁹² Vegetius: 2: 10: 1

¹⁹³ Southern 2007: 261

fienden. Dei 5 andre “kastespjda” han nemner, er ikkje spyd, men mest truleg vis *plumbata*¹⁹⁴, som var bly-vekta piler med ei imponerende rekkjevidde. Under slaget ved Strasbourg, nemner Ammianus fleire gonger at dei to partane kasta “javelins” mot kvarandre¹⁹⁵, så ulike variantar av missilar var framleis i bruk av infanteriet.

Strobel hevdar at effektiviteten til den romerske hæren, ikkje sank drastisk i det tredje og fjerde hundreår, og meiner dei framleis var ein effektiv styrke.¹⁹⁶ Det ein i kan sei med sikkerheit, er at den klassiske «legionæren» var historie, sidan dei no hadde kvitta seg med det mest karakteristiske utstyret dei hadde. Om dette førte til store endringar i taktikk på slagmarka er usikkert. For meg, virkar det som desse endringane i utstyr, ikkje nødvendigvis var forbetringar på det eksisterande utstyret. I mine auge, så virkar det på meg som det romerske infanteriet i det tredje og fjerde hundreår ofra styrke til fordel for mobilitet. Med lettare utrusting, men desto dårlegare vern, vil eg tru at overlevingsevna sank noko.

3.5 Overordna strategi.

3.5.1 Krisa i det tredje hundreår

Perioden frå Augustus tok trona i 27 fvt til Marcus Aurelius sin død i 180, er kjend som *Pax Romana*, den romerske fred. Dette var ein periode då riket opplevde stabilitet og velstand, og spesielt under det Nerva-Antoniske dynasti, blomstra det romerske imperiet. Den engelske historikaren Edward Gibbon skildra riket under dynastiet på denne måten:

The vast extent of the Roman Empire was governed by absolute power, under the guidance of virtue and wisdom. The armies were restrained by the firm but gentle hand of four successive emperors, whose characters and authority commanded respect.¹⁹⁷

Då «filosof-keisaren» Marcus Aurelius døde, var det hans biologiske son Commodus som tok over trona. Commodus, viste seg å vere ein vondsinna dåre, og då han vart myrda av sine eigne vakter, vart riket kasta ut i kaos. Ikkje før den snarrådige generalen Septimus Severus sikra trona, vart freden gjenopprett. Han oppretta også det som har blitt kjend som det Severiske dynastiet, men desse keisarane greidde aldri å gjenopprette riket til tidlegare glansdagar. Då den siste keisaren i dynastiet; Alexander, møtte same skjebne som Commodus, braut heile riket sama i fullstendig kaos. I perioden 235-284, sat der 21 keisarar på trona, dei fleste for ein svært kort perioden og mange fleire døde på vegen opp dit. Då keisar Valerian vart teken til fange av persarane i 260, og brukte

¹⁹⁴ Sjå Fig 60 Plumbata

¹⁹⁵ Ammianus: 16: 12: 43

¹⁹⁶ Strobel 2007: 281

¹⁹⁷ Gibbon, *The History of the Decline and Fall of the Roman Empire*, I.78.

resten av sitt naturlege liv som krakk for den persiske kongen; braut dei galliske provinsane laus og danna sitt eige rike, medan store delar av dei austlege provinsane var under persisk kontroll. Sidan romarane ikkje virka i stand til å handtere persarane, braut også byen Palmyra laus, under leiarskap av den Palmyrenske Dronning Zenobia. Då keisar Aurelian tok til trona i år 270, snudde vinden for romarane. Og i løpet av 6 sensasjonelle år, greidde han å nedkjempe opprørarane og vinne tilbake dei tapte områda. Men sjølv om Aurelian sin prestasjon var eineståande, så kunne det ikkje skjulesanninga som no var openbar. Dei enorme murane som Aurelian sette opp rundt hovudstaden, er ei påminning på den ambivalente situasjonen: Rom var sårbart.¹⁹⁸

Keisar Aurelian greidde å vinne tilbake dei tapte områda mellom 270-276, men ikkje før Diokletian steig til trona i 284, vart riket stabilisert igjen. Overgangen frå den klassiske antikken til seinantikken, blir markert av slutten på krisa i det tredje hundreår og Diokletians steg opp til keisartrona.¹⁹⁹ Diokletian gjennomførte mange reformer, men to var av spesiell interesse: Inndelinga av hæren i stasjonære grensetroppar, og ein stor mobil styrke. Han delte også riket i to delar, med Rom som hovudsete for Vest, og Konstantinopel som hovudsete for aust. Inndelinga gjorde administreringa meir overkomeleg, men samtidig så skapte det eit meir turbulent politisk klima, og dei to delane stod fleire gangar mot kvarandre på slagmarka. Når Konstantin kom til makta, skifta maktsenteret frå vest til aust. Og sjølv om Roma var symbolsk senter, var no Konstantinopel den viktigaste byen i riket.

3.5.2 Statisk forsvar under principatet

I sitt viktige bok frå 1976, skreiv Edward Lutwak om «The Grand Strategy of the Roman Empire». Denne boka skapte heftig debatt blant historikarar, både om emnet, og om det i det heile teke eksisterte noko form for overordna strategi for den romerske hæren.

Også naturen og rolla til den romerske hæren endra seg i keisartida. Trass i at det aldri vart sagt rett ut, så bremsa farta på den romerske ekspansjonen, og hovudfokuset vart no å tryggje grensene og dei eksisterande provinsane framfor å erobre nytt land. Denne nye haldninga ville omlag vore uhørt under republikken, men den gradvise pasifiseringa av dei eksisterande områda, samt den reine storleiken på riket gjorde denne endringa naudsynt. Ein anna faktor som påverka denne endringa var at dei tidlegare klientkongedømme som hadde skjerna romarane frå eksterne trugslar, no anten gikk under eller hamna under romerske flagg, og dermed hamna romarane tett opp mot fiendar dei ikkje greidde å truge eller smigre. Det betyr ikkje at romarane slutta med

¹⁹⁸ Sjå Fig 61, 62, 63 (Mur Aurelian + krise)

¹⁹⁹ Southern 2007: 245-246

aggressive ekspedisjonar, og mellom anna Julian prøvde eit storstilt felttog inn i Persia.²⁰⁰

Men denne meir defensive tilnærminga hadde og sine utfordringar. Speiding og overvaking langs grensene vart naudsynt, og dei lange grenseområda gjorde ofte at troppane måtte spreia ut over lange strekker. Når den romerske hæren vart meir statisk under keisartida vart det også vanskelegare å svare på plutslege trugslar eller fiendtlege invasjonar. Under republikken ville dei ha svart på ein slik trugsel ved å handheve verneplikta og sende ferske troppar til fronten, men no måtte dei i staden flytte eksisterande legionar til dei utsette områda. Som regel vil dei ha ei kortast mogleg respons-tid, og hente inn den geografisk næraste legionen som forsterkning, men dette let eg ikkje alltid gjere, så dermed vart det plukka ut soldatar frå fleire legionar til å danne ein respons-styrke kalla *vexillum*.²⁰¹

Sikkerheita til det romerske riket i det første og andre hundreår, var basert på eit strategisk prinsipp om «semi-mobilt forsvar» framfor “stasjonert forsvar” der troppane var spreidd utover ei grense. Strategien til romarane, gikk ut på å ha legionane stasjonerte i fort i dei utsette provinsane, og marsjere mot trusselen med ei solid styrke. Ifølge Thorne, er eit mobilt forsvar overlegent, sidan alternativet kan gi ein relativt svak fiende lokalt overtak mot eit tynt spreidd forsvar. Problemet til romarane var at den enorme størleiken på riket kombinert med faktumet at dei måtte gå til fots kunne gi ei lang respons-tid på ulike trugslar. Om ein tok rikets omlag 300,000 soldatar og fordelte dei jamt over den omlag 5,400km lange grensa, hadde det vore stasjonert ein mann per 20 meter. Dette ville sjølvstundt vore absurd, men det illustrera utfordringa romarane stod ovanfor. Å marsjere frå Roma til Köln tok 67 dagar, til Antiokia 124 dagar, i det sistnemnde sitt tilfelle ville nok sjøvegen vore eit betre alternativ. Ikkje berre stod dei ovanfor problemet med å få soldatar til det truga området, men dei måtte også få sende beskjed frå det angripne området, til forsvarsstyrken. Historikaren Frontinus, nemner at romarane nytta seg av brevduer²⁰², så dette var eit raskare alternativ ein bodbringerar. Om brevduer vart brukt langs grensene er usikkert, men der hurtig kommunikasjon med enkle beskjedar var viktig, brukte dei og røyk og lyssignal.²⁰³ Kor vidt romarane hadde ein overordna strategi, som framstilt av Lutwak, er eit omdiskutert tema. Benjamin Isaac har kritisert Lutwak sin teori og hevdar at den keisarlege romerske hæren ikkje var styrt utifrå noko overordna strategisk prinsipp og at dei ikkje var disponerte etter nokre “moderne” strategiske prinsipp.²⁰⁴ Alternativet ville då vore at romarane ikkje hadde noko plan og berre løyste problema ettersom dei oppstod. I mine auge, virkar det som sanninga ligg ein plass imellom. Til dømes Tacitus beskriv her stasjoneringa av legionar langs Rhinen:

²⁰⁰ Keppie 1984: 191 ; Sjø Fig 64 (Julian)

²⁰¹ Keppie 1984: 194-196

²⁰² Frontinus *Strat*: 3: 13: 8 ; Sjø Fig 66 og 66 (Trajan og Hadrian)

²⁰³ Southern 2007: 228

²⁰⁴ Thorne 2007: 228-229

Our main strength, however, lay on the Rhine, eight legions ready to cope indifferently with the German or the Gaul. The Spains, finally subdued not long before, were kept by three. Mauretania, by the national gift, had been transferred to King Juba. Two legions held down the remainder of Africa; a similar number, Egypt: then, from the Syrian marches right up to the Euphrates, four sufficed for the territories enclosed in that enormous reach of ground; while, on the borders, the Iberian, the Albanian, and other monarchs, were secured against alien power by the might of Rome.²⁰⁵

Tacitus sitt sitat, viser om ikkje anna at romarane tilpassa dei taktiske disponeringane etter korleis dei oppfatta trusselen i dei ulike områda. Å forvente at romarane skulle ha ein imperievid standardisert plan på linje med ein moderne nasjon, ville vel kanskje vore mykje å forlange og med dei avgrensa kommunikasjons moglegheitene dei hadde. Det betyr og at fleire avgjersler ville kvile på enkeltpersonar, og krig som i alt anna, er det ikkje slik at “ein storleik passar alt”.

Ein veit også at romarane nytta seg av speidarar (*exploratores*) og spionar (*speculatores*) for å halde oppsyn med fienden, spesielt i forkant av slag, der speidarar vart sendt for å få eit innblikk i fiendtlege formasjonar og rørslar.²⁰⁶ Korleis dette fungerte langs grensene, veit enn ikkje, men mest truleg var speiding og innhenting av informasjon ein av dei viktigaste rollene dei hadde, sidan det gav dei ein sjanse til å førebu seg til eventuelle åtak.

Likevel, så starta dette “stasjonerte grenseforsvaret” å dukke opp under principatet. Sjølv om ein sterk, lokalisert forsvarsstyrke var å føretrekkje, så kunne det ikkje fungere skikkelig utan eit slags varslingsystem, altså menn i grenseområda. *Limites* vart då originalt oppretta for å ha overvaking og eit varslingsystem, samt å kunne handtere svake trugslar.²⁰⁷ Seinare i principatet, kan det virke som det vart lagt stadig meir vekt på det sistnemnde, og det vart bygd ulike festningsverk og barrierar i utsette område, med Hadrians mur som eit viktig døme på denne utviklinga. At romarane såg seg nøydde til å bygge slike forsvarsverk er ikkje overraskande, sidan ein patruljerande speidar vil vere langt tryggare bak brystvernet til ein mur, enn han ville vore på bakkenivå. Denne utviklinga, meiner eg er interessant og i antikken med deira avgrensa kommunikasjons moglegheiter, ville forvaret av ei meir eller mindre definert grense, vore ei enorm oppgåve. Det som kjenneteikna ein by, frå dei første i Mesopotamia, til dei greske bystatane, var bymurar. Dette trygga dei innanfor byen mot aggressive naboar og andre kjeltringar, men omlandet ville som alltid vore utsett for åtak.

Så korleis utvikla *limes* seg i aust? Som i vest med Rhinen, nytta romarane seg av naturlege barrierar for å markere grensa, i aust, var desse grensene Svartehavet og Euftrat. Det skal nemnast at

²⁰⁵ Tacitus *Ann.* 4.5

²⁰⁶ Cæsar: *Bello de Gallico*: 6:10, 6:29

²⁰⁷ Thorne 2007: 229

det blir litt ukorrekt å kalle Eufrates for ei “grense” i så forstand, fordi romarane hadde territorium aust for elva, spesielt i dei nordlege delane, men etterkvart som det Parthiske riket vaks, minka og romersk innverknad aust for elva. Det som skilde dei austlege grensene frå dei langs Rhinen, var at medan Germania og Gallia var relativt sparsamt bebudd og bebygd, var dette området langt meir urbanisert. Her hadde ein gamle byar og kulturar, nokre som kunne sporast til tidleg bronsealder, og ein hadde og eit eksisterande vegnett. Det som gav Eufrat den viktige strategiske verdien, var geografien i området. Rundt dei store elvane, var det frodig, med både mat og vatn tilgjengeleg, men dei omliggjande områda og den arabiske halvøya til sør, var for det meste dominert av ørken. Dette gjorde det vanskeleg å flytte større styrkar i dette området, og om det skulle kome ein trussel frå aust, måtte dei ha flytta seg nordaust langs elva. Det romerske klientkongedømmet Armenia, som låg langs den øvre delen av elva, fungerte og som ein buffer.²⁰⁸

I likskap med den grensene i vest, har det sidan 1976 vore ein debatt om kor vidt det fanst ein romersk “Grand Strategy”, altså noko form for sentralisert, strategisk planlegging. Wheeler skriv at ei grein av fornektarane, hevda romarane ikkje såg på Partharane, Sassanidene og Saransarane som noko trugsel, og at dei romerske garnisonane i aust var der primært som ein okkupasjonsstyrke, og ikkje ein forsvarsstyrke.²⁰⁹ I mine auge er dette ein feilaktig påstand, og sjølv om ein overordna strategi kan vere vanskeleg å prove, så er det rimeleg klart at romarane både var klar over, og gjeninnførte tiltak for å verne seg mot åtak frå aust.

Då Augustus skulle disponere styrkar i aust, måtte han ta ei avgjersle som utvilsamt vart forma av tidlegare hendingar i regionen, og spesielt slaget ved Carrhae, som var eit av dei store romerske nederlaga ville ha forma avgjersla hans. I dette slaget som vart utkjempa i 56 fvt mellom Marcus Crassus og den parthiske generalen Surena, vart det demonstrert at romarane ikkje ville få nokon lette sigrar aust for Eufrates, og det demonstrerte og styrken til det parthiske kavaleriet. Sjølv om Crassus disponerte ein styrke som var 4 gonger større enn det Surena hadde, bestod Surena sin styrke utelukkande av kavaleri. Medan bogeskyttarar til hest, sleit ned romarane litt etter litt, hadde Surena og tungt kavaleri som han brukte med destruktiv effekt.²¹⁰ Men trass i dette, var det parthiske riket ofte herja av intern konflikt og tronran, så den “parthiske trusselen” varierte veldig. Romers-parthiske relasjonar er svært innfløkte, og situasjonen endra seg mange gangar. Dette gjorde det vanskeleg for romarane å utarbeide ein konsekvent strategisk plan, men det gjer og at det er vanskeleg å oppsummere strategien langs den austlege frontlinja, sidan den var stadig under endring.²¹¹ Eit samla Parthia, viste fleire gangar at dei kunne måle krefter med romarane. Under

²⁰⁸ Wheeler 2007: 235-236

²⁰⁹ Wheeler 2007: 237-238

²¹⁰ Plutarch *Crass.* 24.5, 25: 1-10

²¹¹ Wheeler 2007: 240-241

Augustus derimot, var trusselen lågare enn tidlegare, og 4 legionar stasjonert i Syria hadde ansvaret for det austlege forsvaret. Dette bildet endra seg under den parthiske krigen i 55-63, då romarane igjen såg seg nøydde til å styrke den austlege fronten. Armenia, som det var stadig kniving om, mellom romarane og partharane, vart tapt, noko som kunne gi parthrane fri inngang til det relativt uverna Anatolia.²¹²

Det vaksande riket og opprettinga av nye provinsar og nye grenseområde langt borte frå Rom, hadde konsekvensar for organiseringa av hæren. Dette gjorde det naudsynt, å ha stasjonert soldatar der, på ein permanent basis. Sjølv om desse leirane og høgborgene er noko vi gjerne forbinder med keisartida, stamma den grunnleggjande strukturen frå republikken. Ein leir, kalla *castra*, var rektangulær, med avrunda hjørne²¹³ leirane var godt planlagde, og dei arkeologiske funna viser ein imponerande likskap. Inne i leiren hadde ein kommandøren sitt telt, brakker, telt til soldatane, kantine, latriner og kanskje ei smie. Avgrensinga og forsvarsverka til leirane, var ein palisade, bygd opp av skansepælar.²¹⁴ Ein palisade var relativt rask å sette opp, men gav dårleg vern mot eventuelle åtak, noko som gjorde at dei måtte ha vakthald heile døgnet.²¹⁵ Norbert Hanel skriv at til og med under principatet, då det vart oppretta meir eller mindre permanente leirar, fortsette forsvarsverka og dei interne bygningane i leirane å vere laga av tre. Baktanken med desse leirane var heller ikkje at dei skulle vere ein sterk defensiv posisjon, men vere strategisk plassert langs grensene, slik at troppane kunne vere nærmast mogleg ein eventuell trussel.²¹⁶ Dette endra seg drastisk i det tredje og fjerde hundreår, då intern strid og Diokletian sine reformer, reduserte talet soldatar i troppane og delte hæren inn i *comitatenses* og *limitanei*. Med færre soldatar, måtte det byggjast meir solide forsvarsverk, og det vart lagt meir vekt på å byggje ein solid defensiv posisjon, der troppane kunne halde fienden inntil forsterkingar kunne kome til. Desse meir solide defensive posisjonane, ofte bygd ut med forsvarsverk i stein, vart kalla *castellum*²¹⁷, og vart plassert langs strategiske punkt på grensene. I det tredje, og i større grad fjerde hundreår, såg ein og at militærleirar vart smelta saman med landsbyar for å danne fortifiserte posisjonar²¹⁸. Desse landsbyane knytt til leirane vart kalla *vici*, som betyr nabolag på latin. Sjølv om soldatane i hæren fekk dei basale behova dekt av staten, kunne det vere vanskeleg med andre varer og tenester i dei meir avsidesliggjande strøka, noko som gjorde dette til ei smart løysing. Soldatane fekk no tilgang på varer og tenester dei vanlegvis måtte ha greidd seg utan, og deira pengar kunne vere med på å

²¹² Wheeler 2007: 243

²¹³ Polybius *Hist.* 6.26-29

²¹⁴ Sjå Fig 20, 28 Leir

²¹⁵ Polybius *Hist.* 6.35

²¹⁶ Hanel 2007: 398

²¹⁷ Sjå Fig 67, 68, 69 Borg

²¹⁸ Hanel 2007: 399-400 ; Sjå Fig 70 Vici

stimulere økonomien i desse landsbyane. I dei fleste tilfelle vart desse fortifiserte leirane oppretta ved eksisterande landsbyar, men Hanel skriv at i mange av desse landsbyane så var jordbruksmoglegheitene dårlege, noko som får meg til å tru at det vart oppretta ein landsby ved sidan av leiren, og ikkje omvendt. Dessverre, så er det svært lite kjelder som tek for seg forholdet mellom fort/landsby og soldat/landsbybuar, så ein veit lite om kva rolle og ansvar desse landsbybuarane hadde. Arkeologiske utgravingar frå nokre av desse byane, viser at mykje av tenestene og produksjonen som føregjekk i desse landsbyane, var retta mot opp mot militæret. Likevel, så har ein i nokre av dei funne restar som tydar på produksjon av mellom anna glas og pyntegjenstandar, noko som tydar på at dei ikkje berre var ein utviding som skulle forsyne soldatane med tenester, men eit faktisk eit uavhengig landsbysamfunn.²¹⁹

3.5.3 Limitanei og Comitatuses

I starten av det nittande hundreår argumenterte den tyske historikaren Theodor Mommsen for at den viktigaste utviklinga i den romerske hæren, var opprettinga av ein mobil reserve. Han hevda og at dette var Konstantin den store som stod bak, ikkje Diokletian, og at dette var ein etterlengta og naudsynt endring i den romerske strategien. Mommsen sitt verk har vore svært toneangivande i debatten omkring den romerske hæren i seinantikken, og hans grunnleggjande teoriar vart og møtt med brei aksept blant historikarar. Dei seinare åra derimot, har Mommsen sitt syn blitt utfordra, og debatten har blitt gjenopna.

Då Diokletian omsider greidde å stabilisere riket, innførte han det som har blitt kalla Tetrarkiet, som betyr firemanns-velde. Riket vart delt i aust og vest, der ein keisar (*Augustus*) og junior-keisar (*Cæsar*) delte på ansvaret for sin del. Rom var framleis symbolsk hovudstad, men mista mykje av si militære og administrative rolle, og det vart i staden for 4 nye «hovudstader», ein for kvar del av riket. Trier og Milan for vest, og Sirmium og Nicomedia for aust.²²⁰ Trass i inndelinga, var ikkje riket inndelt i 4 sub-rike der kvar keisar hadde administrativt ansvar og jurisdiksjon i sin del, men inndelinga var eit militær-strategisk grep. Ideen var at kvar keisar hadde militært ansvar for sin del, og sat dermed øvst i kommando over troppane i regionen. Å ha keisaren som øvstkommanderande feltgeneral var på ingen måte noko revolusjonerande tiltak, men no var ansvaret altså fordelt på fire framfor ein²²¹. Men var verkeleg denne overgangen til ein mobil reserve noko nytt? og gjorde det hæren meir effektiv eller var det eit strategisk feilgrep?

For det fyrste, vil eg hevde at dette på ingen måte var eit nytt konsept. Tidlegare har diskusjonen i fagmiljøet dreia seg om det var Diokletian eller Konstantin som oppretta den mobile

²¹⁹ Hanel 2007: 410, 411, 412

²²⁰ Sjå Fig 71 (Imperie Tetrarki)

²²¹ Ferrill 1988: 25

hæren. Tendensane til ein mobil hær, dukka opp lenge før Diokletian.

Då Septimus Severus etterkvart gikk sigrande ut av borgarkrigen, stasjonerte han *Legio II Parthica* utan for Alba i Italia. Severus løyste og opp den eksisterande pretorianargarden, noko som tydar på han hadde like stor frykt for interne fiendar som eksterne. Dette var kanskje ikkje ein mobil reserve i namn, men konseptet vart framleis det same. Problemet med Severus sin «mobile reserve», var sjølve mobiliteten. Sidan hæren måtte marsjere til fots, ville det ta omlag to månadar i marsjere frå Italia til Kôln i Germania. Spesielt under soldatkeisarane, kan ein finne mange likskapsstrek. Strobel meiner at spesielt under Valerian og Gallienus, vart det tatt store steg i denne rettinga, der store ståande styrkar var tilgjengeleg for keisaren. Det som ofte skjedde, var at keisarane auka talet soldatar i sin eigen hær, ved å trekkje ut soldatar frå andre legionar, desse sub-legionane, vart kalla *vexillatio*. Omgrepet *sacer comitatus*, var i bruk allereie under det severiske dynastiet, og med ein stor styrke leia av keisaren, som “stal” soldatar frå dei stasjonere legionane, kan vi allereie då begynne å sjå eit mønster i utvikling.²²²

Under borgarkrigen, eksisterte framleis *II Parthica*, men for å gjere denne styrken meir allsidig sette den romerske keisaren Gallienus han saman ein kavaleristyrke i tillegg til det eksisterande infanteriet. Fordelen var sjølvsagt at kavaleri er langt raskare og har dermed kortare respons-tid i krisesituasjonar. Som eit resultat av dette, vart kavaleri, som tradisjonelt sett ikkje hadde hatt den viktigaste rolla i den romerske hæren langt viktigare i seinantikken.²²³

Dessverre er kjeldegrunlaget for den mobile hæren relativt tynt, og den vesle informasjonen ein har, kjem frå det meste frå det offentleg dokumentet *Notitia Dignatum*, som for det meste er ei liste av offentlege verv i riket, og dokumentet stammar frå starten på det femte hundreår, så det som står der er nødvendigvis ikkje korrekt for hæren under Diokletian. Likevel, er det semje blant historikarar at den mobile hæren var inndelt i fire under tetrarkiet, ein for kvar keisar. Kor mange soldatar kvar keisar hadde, og korleis styrkane var oppbygd veit ein dessverre lite om.²²⁴

Ein veit at under Konstantin var den mobile hæren "ferdig utvikla", men den vart som nemnd; ikkje til over natta. Etter at Konstantin hadde nedkjempa sin rival Maxentius, stod han igjen med sin eigen, og restane av Maxentius sin hær. I staden for å løyse den opp å sende dei tilbake til postane sine, behaldt han den samla for å kunne hanskast med andre utfordrarar til trona.²²⁵ Etter Konstantin vann borgarkrigen, hadde det og dukka opp nokre nye militære embete. Dei mobile hærane vart ofte inndelt i kavaleri, leia av *magister equitum* og infanteri leia av *magister peditum*.

²²² Strobel 2007: 270

²²³ Southern, Dixon 1996: 13-14

²²⁴ Sjå Fig 72 (kommando tetrarki)

²²⁵ Southern, Dixon 1996: 18

Det var også ein tittel kalla *magister militum*, som betydde at hæren ein leia bestod av både infanteri og kavaleri. Nokre av kommandørane hadde og *praesentealis* i tittelen, noko som betydde at dei var «nært keisaren» og tente rett under han. I vest fekk ein og etterkvart ein tittel som heite; *magister militum utrisque militiae*, som betydde at ein var øvstkommanderande for alle dei væpna styrkane i vestriktet.²²⁶

Sjølv om desse generalane i prinsippet måtte svare for keisaren var det dei som i realiteten som styrte hæren. Dette førte til at ein fekk ekstremt mektige generalar, noko som ikkje overraskande var problematisk, og noko eg kjem inn på seinare. Zosimus hevda at opprettinga av desse embeta hadde ein negativ verknad på moralen og lojaliteten til soldatane. Bakgrunnen for denne kritikken var at kommandørane no hadde ansvar for kommando og disiplinering av hæren, men ikkje løn, og at det dermed auka sjansane for mytteri og dårleg disiplin.²²⁷ Zosimus som var militant heidning, kan ikkje akkurat seiast å vere objektiv når det gjeld Konstantin, men det er like fullt ein interessant påstand. På den eine sida, så såg ein mange gonger i romersk historie, at militærkommando pluss moglegheitene til å spreie om seg med økonomisk gevinst kunne vere farleg. Putta ein gulrota og pischen i hendene på same mann, kunne han fort utfordre trona. På den andre sida; så fekk ein generalar som ikkje kunne løne soldatane sine på same måte som før, og dermed mista dei ei viktig kjelde til motivasjon. Zosimus kritiserte også Konstantin for å «fjerne folk frå grensene»:

*Constantine destroyed this security, by removing troops from the frontiers and stationing them in cities which did not need assistance thus both stripping of protection those being molested by barbarians, and subjecting the cities to the outrages of the soldiers*²²⁸

Dette er og i ein interessant påstand. Zosimus hevdar at ved å trekkje soldatane tilbake frå grensene, og gå over til eit djupt forsvar, så øydela Konstantin sikkerheita langs grensene. At soldatane var stasjonerte i byane, ser eg kan vere problematisk, men om Konstantin skal ha skulda for å øydelegge sikkerheita til riket er eg meir skeptisk til. Kritikken er då litt urettferdig, sidan Konstantin ikkje åleine var ansvarleg for denne utviklinga, og Southern hevdar han faktisk gjorde masse for å utbetre grensene.²²⁹

Når det gjeld soldatane i *comitatenses*, var dei rekna som «eliten» i forhold til grensetroppane. Ein sentral mobil hær var ofte ikkje nok, og det finst eksempel på at det vart danna mindre regionale mobilhærar kalla *pseudo comitatenses*, henta frå *limitanei*.. Dessverre veit ein lite om korleis dei vart rekrutterte, kvar dei kom frå og kor godt trena dei var. Det ein veit, er at det no

²²⁶ Southern, Dixon 1996: 19 ; Sjå Fig 73, 74, 75, 76 (Kommando 395 og aust/vest)

²²⁷ Zosimus 2: 33

²²⁸ Zosimus 2: 34

²²⁹ Southern , Dixon 1996: 33

vart ein langt større fokus på kavaleri. Den romerske hæren hadde vore kjenneteikna for sitt fokus på det tunge infanteriet, og den relativt svake satsinga på kavaleri. Under republikken og det tidlege principatat var forholdet mellom infanteri og kavaleri 10:1, men dette endra seg drastisk og i løpet av det tredje og fjerde hundreår, og i det fjerde hundreår var forholdet nærmare 3:1.²³⁰ At kavaleri nok fekk ei viktigare rolle når mobilitet vart ein av dei viktigaste faktorane, er ikkje overraskande. Likevel, meir kavaleri, ville i mine auge og bringe med seg ei rekkje utfordringar.

While the Romans were in consternation at this din, suddenly their enemies dropped the coverings of their armour, and were seen to be themselves blazing in helmets and breastplates, their Margianian steel glittering keen and bright, and their horses clad in plates of bronze and steel.²³¹

Dette sitatet frå Plutarch, kjem frå *Crassus*, og beskriv romarane sitt kanskje fyrste møte med ein type svært tungt utrusta kavaleri. Det er to namn brukt om desse rytтарane *cataphractii* og *cilbanarii*, men skilje mellom dei to er difust. *Cilbanarii*, betyr “metall omn” på gresk, og siktar nok ikkje berre til det faktum at dei var heildekt i metall, men at det også kunne bli ganske varmt å ha slik utrusting i varmt klima. I slaget ved Carrhae, som blir rekna som eit av dei største nederlaga i romersk militærhistorie, vart Crassus sine styrkar knust i møte med dei partiske kataraktane. Den partiske generalen Surena, som hadde ei styrke beståande av omlag 1000 katafraktar, samt 6000 ridande bogeskyttarar, greidde å bruke ein kombinasjon av mobilitet og stormåtak frå katafraktane for å nedkjempe romarane.²³² Den fyrste kjende eininga med romerske katafraktar; *Ala I Gallorum et Pannonirum cataphracta*, vart skapt under Hadrian. Wheeler hevdar at ideen til å adoptere denne eininga inn i hæren, kom frå då romarane kjempa mot samaritanske katafraktar ved Donau, og hadde ikkje noko å gjere med partharane, trass i at dei disponerte liknande kavaleri.²³³

Under Septimus Severus, vart tungt utrusta kavaleri i den romerske hæren fult organisert. Rytтар og hest var dekt av ringbrynje, og dei bar eit solid spyd på omlag 4 meter, samt skjold og sverd. Ikkje berre adopterte dei ideen til katafraktar, men ridande bogeskyttarar vart og ein viktig del av den mobile hæren, gjerne med tung utrusting dei og.²³⁴ Kor mange einingar med katafraktar romarane nytta, er usikkert, men tek ein omsyn til kostnadane av å utstyre dei, så vil eg tru dei var i stort mindretal i forhold til det lettare kavaleriet. Den tunge utrustinga gjorde dei og mindre mobile en vanleg kavaleri, og i lengre slag kunne både hest og mann bli utsliten. Eit sitat frå Ammianus under slaget ved Strasbourg, er ein god illustrasjon for både styrka og svakheita til det tunge kavaleriet:

²³⁰ Wheeler 2007: 262

²³¹ Plutarch: *Crass*: 24

²³² Plutarch *Crass*: 24-25

²³³ Wheeler 2007: 262

²³⁴ Strobel 2007: 274-275 ; Sjø Fig 77. 78 (Katafrakt)

Now that had happened for the reason that while the order of their lines was being re-established, the cavalry in coat-of mail, seeing their leader slightly wounded and one of their companions slipping over the neck of his horse, which had collapsed under the weight of his armour, scattered in whatever direction they could; the cavalry would have caused complete confusion by trampling the infantry underfoot, had not the latter, who were packed close together and intertwined one with the other, held their ground without stirring. So, when Caesar had seen from a distance that the cavalry were looking for nothing except safety in flight, he spurred on his horse and held them back like a kind of barrier²³⁵

Tungt kavaleri i seinantikken har ei rekkje problemstillingar knytt til seg, og det herskar ein del usemje omkring mange av desse felt. For det fyrste, har det blitt hevda at hestane var mindre i antikken, men dette vil sjølvsagt avhenge av rase, og kor mykje mindre dei var er usikkert. Ein veit at i middelalderen dreiv ein med avl for å få største mogleg krigshestar, som den nederlandske frieser hesten som var prissett blant riddarane.

Eit anna stort problem var mangelen på stighbøylar. Stighbøyelen kan virke som ein relativt enkel og beskjeden oppfinning, men har i seg sjølv vore med å skapt ein historisk debatt kalla “Stighbøyel kontroversen”, der nokre historikarar hevdar stighbøyelen førte til framveksten av krigarelitene og føydalismen. Uansett, var mangelen av denne eit stort problem for det antikke kavaleriet, sidan det gjorde det vanskeleg å halde seg på hesten, spesielt dersom ein storma inn i ein fiendtleg formasjon. Riddarane i middelalderen var gode ryttrarar, men den tunge kavaleriet i antikken måtte ha vore eksepsjonelle ryttrarar, som fører til neste problemstilling; nemleg trening. Både under den romerske republikken og seinare, var som oftast kavaleri ein militærpost atterhaldt eliten. Dette var til dels fordi det var berre dei rike som hadde råd til hest, men det var og som regel dei som hadde tid til å lære seg å kjempe til hest. Å ri er ein ting, å bli rytta i krig er noko heilt anna, og det krevja årevis av trening for både mann og hest for å bli effektiv. Ein hest vil til dømes ikkje friviljug storme inn i ein tett formasjon med fiendar, sidan han oppfattar dei som eit stort solid objekt, og det ville vere det same som å gallopere rett inn i ein vegg. Dersom ein hest då skulle bli skada eller døy under eit slag, var det ikkje berre for ein rytta å skaffe seg ein ny hest å halde fram, men ein måtte ha ein hest som og hadde blitt trenad for krig.²³⁶

Trass i at kavaleri var ein effektiv styrke, så hadde det og ei rekkje problem knytt til seg: Kavaleri, og spesielt tungt kavaleri, var langt dyrare å rekruttere og drifte en det infanteri var. Ikkje berre skulle rytta ha betaling, men hesten måtte og ha mat. Eit anna stort problem var trening og erfaring. Gir ein eit sverd til ein bonde, så er ein ingen soldat, men ein bonde med sverd, og for kavaleriet var dette enda meir sant. Både hest og rytta trengte årevis med trening for å fungere på

²³⁵ Ammianus 16: 12: 38

²³⁶ Caginart 2007: 87-88

slagmarka, noko som ville gjere rekruttering vanskeleg, sidan erfarne ryttrarar ikkje akkurat vaks på tre. Dette ville og gjere dei vanskelegare å erstatte, dersom dei skulle falle i kamp.

Danninga av den mobile hæren og ein overgang til dybdeforsvar er ei spennande utvikling, men var det naudsynt, eller var det eit strategisk feilskjær? Då Diokletian danna tetrarkiet, var nok håpet hans at ei regional inndeling ville gjere dei militære utfordringane lettare å handtere. Dessverre braut systemet fort saman, og då Diokletian og Maximian begge abdiserte i 305 vart det fort usemje om kven som skulle vere *Augustus*, og i 309 enda det sjølvsgat i borgarkrig. Å ha mektige generalar, keisar eller ei, med store hærar i ryggen, hadde gang på gang vist seg å vere problematisk, og denne gangen var heller ikkje noko unntak. Med 4 posisjonar som keisar meiner ville og føre til auka rivalisering, og i mine auge var det eit veldig skjørt system, der det minste vindpust kunne bringe det i ubalanse. Eit anna problem, var mobilitet og responstid. Som Zosimus kanskje noko urettferdig skulda Konstantin for, så var dette like fult ei utfordring. Sjølv om hæren no fekk langt meir kavaleri, så kan ikkje ein styrke bevege seg raskare en den tregaste eininga. Alternativet ville då vere å sende kavaleriet i forvegen, men med tanke på distansen dei kanskje måtte reise, ville då kavaleri kome fram timevis, om ikkje dagar før infanteriet. Om dei så hasta til fiendane, ville dei då vere utsletne før slaget i det heile tatt var i gang, noko som i følge Ammianus, var avgjerande då Valerian vart knust av gotarane ved Adrianopel.²³⁷

Under principatet, gjekk sivil og militær kommando hand i hand, der det var provinsguvernørane som hadde ansvaret for både sivil administrasjon og militær kommando i dei respektive provinsane²³⁸. Etter et desse to områda vart skild vart den sivile administrasjonen gjeve til ein *praeses*, medan ein *dux* hadde kommandoen over troppane. *Dux* eller *duces* i fleirtal, hadde kommandoen over *limitanei* i sin region og var ansvarleg for forsvaret av sin eigen provins, samt ansvaret for å vedlikehalda fortifikasjonane. Ein *dux* hadde og eit juridisk ansvar, sidan det var både ein militær og ein sivil domstol, og det var han som straffa soldatar som gjort seg skuldig i lovbrøt.²³⁹

Når det gjeld *limitanei*, er dei like viktige som *comitatenses*, men dessverre blir dei nesten aldri nemnd i kjeldene, og ein veit svært lite om desse soldatane. Noko som gjer at det er stor usemje blant historikarar om kor effektive desse troppane faktisk var. Strobel hevdar at det soldatane stasjonerte langs grensene, var profesjonelle, godt utstyrte, og godt trenar soldatar, og det var forbode for dei som fekk våpen og rasjonar frå staten å drive med jordbruk. Vidare skriv han at desse på ingen måte var noko bondemilits, og at dei kan sjåast på som seinantikken sin versjon av

²³⁷ Ammianus 31: 12-13

²³⁸ Southern, Dixon 1996: 14

²³⁹ Southern, Dixon 1996: 59-60

legionærene som var stasjonerte i grenseområda under principatet. Vidare hevdar han at Diokletian sine reformer ikkje kom som noko resultat av krisa i det tredje hundreår, men vart sett i verk for å skape stabilitet og sikre grenseområda.²⁴⁰ Ferrill støttar denne påstanden og skriv at i det fjerde hundreår, var *limitanei* framleis effektive, og hadde ikkje degenerert til den nedarva bonde-militsen som forsvara grensene i det femte hundreår.²⁴¹ Lutwak hevdar at grensetroppane var av dårlig kvalitet, både når det gjaldt disiplin og kampferdigheiter.²⁴² Dette synspunktet har møtt motstand frå andre historikarar, som meiner at trass i at grensetroppane var mindreverdige den mobile hæren, så utfylte dei stort sett den funksjonen dei hadde. Mellom anna så var der fleire eksempel der *limitanei* vart sett saman til ein mellombels mobil styrke kalla *pseudo comitatenses*, og Jones hevdar at ved nokre tilfeller vart heile troppar av *limitanei* overført til den vanlege mobile hæren.²⁴³

Kor mange og kvar *limitanei* var stasjonerte ville nok variere etter tid og trussel, men konseptet var at dei utgjorde den statiske delen av forsvaret slik legionærene hadde gjort under principatet. Dei vart no spreidd utover dei ulike forta og garnisonane, der oppgåva vart å sikre det romerske området mot små plyndretokt, krigføring på større skala, var no opp til dei mobile styrkane. Ein veit at etter Diokletian sine reformer, vart kommandostrukturen blant grensevaktene og endra og det vart innført ei rekkje nye titlar. Leiaren for grensevaktene i sin region var ein *dux* og den høgaste rangerte offiseren heite *primicerius* og tente rett under *dux*. Under han kom senator, som det dessverre finst lite informasjon om. Under senator var der ein *ducenarius*, som i følgje Vegetius hadde kommandoen over ca 200 menn. Dessverre er det svært lite informasjon om desse ulike offiserane, og det er svært vanskeleg å sei noko konkluderande om kva funksjonar dei hadde²⁴⁴

Under principatet, var den overordna strategien basert på eit statisk forsvar, der legionærene var stasjonert langs grensene og enorme forsvarsverk som Hadrians Mur vart bygd for å halde barbarane ute. Sentralt i denne strategien var og at dei romerske keisarane ikkje hadde noko sentral reserve inne i riket. I følgje Ferrill, hadde denne strategien mange fordelar, ikkje minst ein relativt lav kostnad. Disiplin og trening gjorde også legionærene overlegne sine fiendar, og i mange tilfelle nedkjempa dei hærar av barbarar som var langt større enn dei.²⁴⁵ Ein av argumenta for at den mobile hæren var naudsynt, var at det stasjonere forsvaret under principatet ikkje ville vere i stand til å handtere to samtidige åtak, men som Ferrill peikar ut, ville to slike åtak vere katastrofalt for kven som helst, og meiner at i mange tilfelle, var ei sterk barriere å føretrekkje framfor ein strategisk

²⁴⁰ Strobel 2007: 268-269

²⁴¹ Ferrill 1988: 83

²⁴² Lutwak 1979: 173

²⁴³ Jones 1964: 649-54

²⁴⁴ Southern, Dixon 1996: 60-61

²⁴⁵ Ferrill 1988 24-25

reserve.²⁴⁶ Likevel, denne strategien med sterkt forsvar langs grensene var basert på stabilitet og tryggleik inne i riket, og då riket vart herja av borgarkrig i det tredje hundreår, endra dette seg, og troppane vart flytte frå grensene og inn i riket. I det tredje hundreår, var desse mobile styrkane alltid styrt av ein Cæsar eller ein Augusts, men utover i det fjerde hundreår, vart nokre av desse mobile hærane styrt av ein *magister militum*. Dette var ikkje ufarleg, for med ein slik hær i ryggen, kunne ein utfordre keisaren.²⁴⁷

Den store endringa i den romerske hæren, kom med Konstantin, som trakk troppar frå grensene for å skape ein stor mobil reserve på omlag 100,000 mann. Zosimus såg på dette som katastrofalt, og også Gibbon meinte dette var eit feilgrep, sidan grensene vart svekka, og stasjonering av troppane inne i rikets byar, hadde negative konsekvensar for både moral og disiplin. Som nemnd tidlegare, hevda Mommsen at sterkt grenseforsvar ikkje no lenger var gangbart, og at overgangen til ein mobil reserve var naudsynt. Konseptet med dybdeforsvar, var som Ferrill peikar ut; at keisarane ikkje no såg på grensene som ugjennomtrengelege, og at fiendar ville bryte igjennom før eller seinare. Med ei inndeling i eit svakare grenseforsvar og ein mobil reserve, kunne dei på grensene halde fienden i sjakk, heilt til den mobile styrken kunne kome til unnsetning å nedkjempe dei²⁴⁸.

Ferrill hevdar derimot at det stasjonere forsvaret fungerte godt, og at overgangen til forsvar i djupna ikkje var så bra som tidlegare har blitt hevda. Han peikar til perioden mellom Hadrian og fram til Severus, der det statiske forsvaret haldt stand og fungerte i over 100 år. Han skriv og at, medan ein mobil reserve inne i landet kunne vere tryggjande for keisaren, så var distansane dei måtte reise svært lange, og det var ei mager trøst for dei som budde langs grensene, der ein barbarinvasjon faktisk var ein reel trussel. Ein anna bakdel med denne strategien, var at den mobile styrken ville bli ein elite, medan grensetroppane ville bli redusert til annanrangs statistar. Akkurat dette skjedde hevda han, og *limitanei* vart nesten verdilause, sidan det var *comitatenses* som vart forventa å handtere fiendane²⁴⁹

Det verste med den mobile strategien, var i følgje Ferrill at den undergravde infanteriet. I ein mobil styrke ville sjølvsgat kavaleri bli favorisert, og det romerske infanteriet, som tradisjonelt sett hadde vore den romerske hærens store styrke vart forsømt, og hærens samla effektivitet leid som eit resultat av dette. Han skriv vidare at romersk infanteritaktikk og disiplin forsvann, og dette vart katastrofalt, sidan dei store slaga i det kommande hundreår, skulle vise seg å bli avgjort av nettopp infanteri.²⁵⁰

²⁴⁶ Ferrill 1988: 27

²⁴⁷ Strobel 2007: 271

²⁴⁸ Ferrill 1988: 45

²⁴⁹ Ferrill 1988: 46

²⁵⁰ Ferrill 1988: 47

I mine auge, virkar det som overgangen frå sterkt grenseforsvar til ein mobil reserve, i større grad var basert på internpolitiske forhold enn dei var på strategiske. Den «gamle» strategien hadde fungert relativt godt under principatet, og det er ikkje noko som tilsei at den ikkje ville fungere like godt seinare. Ein anna ting som slår meg er at bestefaren til den mobile hæren Severus sin *Legio II Parthica*, var stasjonert i Italia, langt frå der «fienden» ville dukke opp. Ferrill sin observasjon om at ein mobil reserve ville undergrave infanteriet, ser eg og på som problematisk, sidan det er som han sei: infanteriet hadde alltid vore den store styrken til den romerske hæren.

3.6 Keisaren som Øvstkommanderande: Autoritet og styring

3.3.1 Autoritet og styring under principatet

Historikaren Tacitus, hadde eit ganske klart syn på kva slags plikter og handlingar som var forventa av ein god general. Han skulle lede ved eksempel, og ved det utvise same djervskap som var forventa av soldatane, ta del i dei same sliteverka og gjerne vere involvert i kampen²⁵¹. Denne framstillinga av Tacitus var normativ, og var unntaket heller enn regelen. Blant soldatkeisarane var det for mange av dei viktig å framstå som ein djerv og god soldat. Caracalla, som var ein av dei meir “ubehagelige” keisarane, var ifølge Cassius Dio desperat etter å bli sett på som “ein av dei” av sine eigne soldatar og brukte både løgner, drap og gåver for å oppnå dette²⁵². På den andre sida, vart Julian heidra av både Zosimus og Ammianus for sin djervskap, måtehald og leiarskap.

Alle romerske leiarar var krigarar, om sjølv dei ikkje var involvert i strid, så prøvde dei å få den romerske befolkninga til å oppfatte dei som djerve krigarar. Både under republikken og keisartida, var dei romerske leiarane del av eit politisk og normativt system, der militær suksess var ein viktig komponent i ein mann sin *virtus*. Resultatet av dette, var at romerske keisarar gjorde sitt beste for å framstå som ein mandig krigar. Ser ein på ulike avbilingar av keisarane, som statuar, myntar, byster og maleri, så ser ein at svært ofte er dei avbilda i militær utrusting, eller i tilsvarende maskuline settingar som jakt eller i kamp.²⁵³ Det er også litt morosamt å sjå bystene av romerske leiarar. I det store fleirtalet, ser dei maskuline, alvorlege og kanskje til og med litt morske ut. Nokre keisarar, som Commodus, gikk til ekstreme lengder for å prova sin djervskap og mannlege *virtus* til befolkninga. Commodus, som var på grensa til sjukleg opptatt av si eiga legende, framstilte seg sjølv som ein gjenfødd Hercules og deltok i arrangerte kampar i arenaen.²⁵⁴ Men, til trass for Commodus sine beste forsøk på å framstå som ein stor krigar, virkar det ikkje til at han greidde å lure folket. Dio beskriv han på denne måten:

²⁵¹ Tacitus *Hist* 5.1

²⁵² Cassius Dio 78: 2-3

²⁵³ Sjå Fig 79, 80, 81, 82 Augustus, mynt, Hadrian maleri, byste

²⁵⁴ Cassius Dio: 73: 17-18

This man, was not naturally wicked, but, on the contrary, as guileless as any man that ever lived. His great simplicity, however, together with his cowardice, made him the slave of his companions, and it was through them that he at first, out of ignorance, missed the better life and then was led on into lustful and cruel habits, which soon became second nature²⁵⁵

Sterke ord frå Dio, men eg meiner det viser at desse maskuline verdiane som romarane sette så høgt, måtte vere genuine, og kunne ikkje forfalskast. Keisarleg “propaganda” er eit heit tema, og nokre forskarar er og ueinige at omgrepet “propaganda” blir rett i bruke i denne samanhengen, sidan det er eit negativt lada ord som ofte blir forbunde med totalitære regime. At ein leiar skal framstå som eit forbilde og eksempel til etterfølging er på ingen måte eksklusivt for romarane, men det var likevel ein viktig del av keisarane sin jobb. Ser ein på bygg og kunstverk i Rom, ser ein og viktigheita av keisarane sine militære triumfar der dei ofte er avbilda, eller store monument, som er reist for å minnast tidlegare bragder. Til dømes i Konstantinbuen, kan vi finne eit relieff som avbildar Trajan i krigen mot Dakia. Her ser vi keisaren sjølv, der han er i fronten av åtaket mot dei hjelpelause barbarane.²⁵⁶

I realiteten, ville nok ikkje keisaren lede åtaket på ein slik dramatisk måte, men heller ta kommandoen frå ein sikker posisjon i dei bakre rekkjene. Desse avbildingane er ikkje berre av symbolsk og normativ relevans, men sei også noko om posisjonen den romerske hæren hadde i samfunnet. Som Sulla hadde vist tidlegare, kom den politiske makta frå hæren. Ifølge Cassius Dio var Septimus Severus sine siste ord til sine søner: “Hersk saman i harmoni, berik soldatane og gi blaffen i alle andre”.²⁵⁷ Severus sin son; Caralla, virka til å ta dette rådet litt vel bokstaveleg, og virka nærmast desperat etter å framstille seg sjølv som ein soldat. Medan konsulane under republikken måtte kjempe seg imellom for militær æra, tok keisarane ut monopol på dette. Likevel vart det og ein slags “konkurrans” mellom keisarane, sidan dei ikkje ville bli stilt i eit dårleg lys samanlikna med sine forgjengarar. Dette førte til at nokre av dei, henga seg til løgner og dårskap for å stå fram som ein triumferande krigsherre. Det kanskje verste dømet er Caligula, som sendte soldatane sine ut i sjøen for å sanke skjell, som skulle vere “krigsbytte”. Deretter tok han tak i dei høgaste gallarane han fann tak i, farga håret deira raudt, og paraderte dei rundt i gatene som germanske krigsfangar. I likskap med Commodus etter han, fungerte ikkje dette skodespelet, og han vart i staden for gjenstand for latter og hån. Men i dei tilfella keisarane faktisk hadde vunne militære sigrar, så var dei svært flittige til å understreke det. Dette skjedde mellom anna ved å legge til titulaturar til namnet sitt. Trajan til dømes hadde titulaturen: *Trainus Optimus Augustus Germanicus Dacius Parthicus*. Den rullar ikkje akkurat av tunga, men understreka dei militære bragdene han

²⁵⁵ Cassius Dio: 73: 1

²⁵⁶ Sjøå Fig 83 (Trajan relieff)

²⁵⁷ Cassius Dio: 77: 15

stod bak.²⁵⁸

Monument og relieff i Rom var ein ting, men eit anna viktig medium for å spreie budskapen om sine storverk var myntar, og desse militære titulaturane, fann ofte vegen til myntane. I motsetning til byggverka i Rom, kunne myntane, og den tilhøyrande “propagandaen” beskuast av folk på tvers av riket. I kva grad denne propagandaen påverka folk si oppfatning av keisaren er svært omdiskutert, men at det hjelpte å innsette keisaren som eit forbilde er nok truleg. Men kanskje den viktigaste delen av denne “propagandaen” var å sette seg i respekt, og vinne gunsten til soldatane. Soldatane var ofte avbilda i desse heroiske monumenta saman med keisaren, men dei dukka også opp på myntar. Mellom anna Claudius som steig til trona, mot senatet sine ønskjer, men med pretorianargarden i ryggen, “takka” dei ved trykke dei på myntar, saman med teksten: *Pretorianus Receptus*. Andre legionar, som hadde utvist god teneste, eller vunne viktige slag, kunne også bli æra ved å verte motivet på myntane. Ein anna metode å byggje eit personleg forhold til legionane, var å kalle dei opp etter seg sjølv. Dette fungerte to vegar: Legionen vann ære på keisaren sine vegne, og dei skilde seg ut frå dei andre legionane ved å bere keisaren sitt namn. Uansett: Dei romerske keisarane gjorde mangt for å sette seg i respekt, og sjå til at deira forhold til hæren var uproblematisk. Dette gjorde dei til dels ved “propaganda” og smiger, til dels ved å faktisk prove at dei sat inne med militære evner.²⁵⁹ Ein tredje og veldig effektiv metode; var å faktisk delta personleg i krig.

Men til sjuande og sist var klingande mynt den sterkaste motivatoren. I tillegg til den vanlege løna, kunne keisarane “kjøpe” seg gunst ved å dele ut *donativum* til soldatane. I starten var dette ei gåve som berre vart utdelt ved spesielle høve, som merkedagar eller etter vellykka krigar, men vart normalisert til det til slutt vart sett på som noko keisarane var forplikta til å dele ut. At ein slik praksis vart normalisert og forventa frå soldatane si side, men ikkje standardisert, var i mine auge eit stort problem, og kunne brukast som påskott og smurning av dei som ønska å sitte på trona. Eit dynasti som har eit godt etermæle er det Nerva-Anoniske, betre kjend som “dei 5 gode keisarane”, et omgrep skapt av den italienske filosofen Niccolò Machiavelli som kom med denne forklaringa:

From the study of this history we may also learn how a good government is to be established; for while all the emperors who succeeded to the throne by birth, except Titus, were bad, all were good who succeeded by adoption, as in the case of the five from Nerva to Marcus. But as soon as the empire fell once more to the heirs by birth, its ruin recommenced²⁶⁰.

²⁵⁸ Hekster 2007: 348

²⁵⁹ Hekster 2007: 351-352

²⁶⁰ Machiavelli, *Discourses on the First Decade of Titus Livy*, Bok 1 Kapittel 10.

"Nedgangen" starta med Commodus, som var den biologiske sonen til Marus Aurelius. Som nemnd over, var han ein dåre, og ikkje ein spesielt god eller populær keisar. Han, som så mange andre, møtte sitt endelikt ved sverdet, då hans eigen kammerherre Ecletus konspirerte imot han. Senatoren Perintrax tok "motvillig" trona, men møtte same skjebne berre 3 månadar seinare då dei nye disiplinere tiltaka ikkje falt i smak hos pretorianargarden. Det som seinare følgde, er av mange sett på som ein skamplott på romersk historie, då pretorianargarden "auksjonerte" bort trona til høgstbydande. Dei to kjøparane var Sulpicianus og Didus Julianus, og sistnemnde vann bodrunden ved å tilby pretorianarane 5000 *sesterces* meir per mann. Nyheita om dei politiske tumultane i Rom, nådde etterkvart Septimus Severus, som på det tidspunktet var prokonsul, og hadde kontrollen over ein relativt stor styrke ved Donau. Soldatane under Severus hylla han som keisar, og etter ein relativt kort borgarkrig, tok han trona. Resultatet av dette, var at Severus gav soldatane ein solid lønsauke. Han løyste også opp den eksisterande pretorianargarden, og sette inn nye soldatar som var lojale mot han. Den kanskje viktigaste endringa, var at han stasjonerte legionen *II Parthica* ved *Castra Albana*, berre 2 mil utanfor Rom.²⁶¹

Dette var den fyrste romerske legionen stasjonert i Italia på over 2 hundreår, og er eit prov på det ustabile politiske klimaet. Å ha ein legion stasjonert der, var tilsynelatande av liten strategisk verdi, og det er lite tvil om at den heller var eit forsvar mot interne, framfor eksterne fiendar. Då S. Severus omsider døde, og sonen hans Caralla tok over, viste det seg i likskap med Commodus, at den biologiske sonen til ein keisar ikkje nødvendigvis var skikka til å vere keisar sjølv, og han vart myrda i 217. Den turbulente perioden som følgde, og toppa seg med "krisa i det tredje hundreår" og oppdelinga av riket er innfløkt. Dessverre er kjeldegrunnlaget for denne perioden også svært tynt og upålitelig.

Krisa i det tredje hundreår, kom som eit resultat av at den keisarlege autoriteten hadde blitt stadig svakare. Medan sterke og kompetente keisarar kunne halde orden i kritiske periodar, var det dessverre ikkje alltid slike menn som sat på trona. Eit anna problem var dynastia og ein arverett, til trona. Dette var ikkje ein etablert og akseptert praksis i Rom, og då inkompetente arvingar tok over, så var det omlag uunngåelege at andre stormenn meinte dei var betre skikka til å sitte der og at dei hadde legitime krav på makta. Det som slår meg, er at det romerske principatet som styresett var "uferdig" og ein relativt svak struktur. Der keisaren, som trass i all si makt, stadig var under gransking, og satt på trona så lenge han ikkje skapte seg fiendar. Dersom opinionen skifta kurs og vendte seg mot han, så var det ikkje slik at han måtte abdisere eller trekkje seg tilbake, som regel; måtte han bøte med livet. Det romerske riket gikk frå å vere ein til dels demokratisk republikk, til å

²⁶¹ Birley 2007: 388

bli eit meir eller mindre totalitært einevelde. Problemet med denne utviklinga, er i mine auge, at under republikken, fekk ein utvikla politiske tradisjonar, og ein politisk bevisstheit, noko som vart ein akilleshæl under principatet, då "tradisjonen" framleis var der, men folket, i dette tilfellet soldatane hadde mista sin politiske innverknad. Rivalisering og kniving om makta var ikkje noko nytt. Under republikken var slik maktkamp ein del av politikken, men skilnaden no var at arenaen for denne maktkampen hadde ekspandert frå ein åskam i Rom, til eit heilt rike. Resultatet av dette, var at riket nesten kollapsa i det tredje hundreår og vart kasta ut i ein 50 år lang borgarkrig. Ikkje før Diokletian kom til makta, skulle situasjonen roe seg ned.

3.6.2 Keisarmakt i seinantikken.

Separasjonen av sivile og militære embete under Diokletian, vart vidareført av Konstantin. Og medan ei *dux* hadde ansvaret for *limitanei*, hadde dei ulike *magistri* ansvaret for den regionale hæren. Ferrill hevdar at det er lite som tyder på at separasjonen av sivil og militær kontroll førte til betra effektivitet i hæren. Guvernørane og generalane var mindre mektige en under principatet, men dette førte og til at det opna seg fleire moglegheiter for korrupsjon, då generalane kunne drive med lokal utpressing. Fordelen med dette systemet, var at enkeltindivid hadde mindre makt, og var dermed var det mindre sjanse for at dei ville gjere opprør, og sett i alt, meiner Ferrill dette systemet fyrst og fremst var diktert av politiske omsyn framfor militære.²⁶²

Konflikt mellom den sentrale autoriteten, og den landeigande eliten, er ei problemstilling som dei fleste vil forbinde med middelalderen, men i følge Wolf Liebenscuetz, førekom dette og i seinantikken i romarriket. Liebenscuetz meinare det er liten tvil om at monopolet på militær makt minka for keisarane i det fjerde hundreår, og at det var i utkantane dei mista mest innverknad. Den viktigaste faktoren, var at imperiet no delegerte ansvar vedrørande grenseforsvar til *foederati*, som var under lokal styring. Desse offiserane hadde tittelen *praepositi limitis*, og nokre av dei hadde mykje makt, og har blitt kalla krigsherrar av mange. Mellom anna ein maurisk prins, leia eit stort opprør mot romarane i 373, og eit nytt opprør av ein maurisk prins fann stad 24 år seinare.²⁶³ Inndelinga i aust og vest, hadde også sine bakdelar. Det førte til politisk rivalisering, både innad, og imellom dei to delane, og det fjerde hundreår vart prega av fleire blodige borgarkrigar. Spesielt krigen mellom Maxentius og Constantin, som kulminerte i slaget ved Mursa, var katastrofalt for den romerske hæren. I dette slaget, mista så mange som 50,000 soldatar livet, og dette var og i ein periode då riket opplevde sterkt eksternt press frå barbarane. Det som er litt spesielt med dette

²⁶² Ferrill: 1986: 47

²⁶³ Liebenscuetz 2007: 479-480

slaget, er at soldatane haldt fram å kjempe mot kvarandre, sjølv om generalane prøvde å stogge blodbadet. Zosimus skriv dette:

But meanwhile the armies remained locked in combat, and Mangnetius supporters were so enraged that not even the onset of night put an end to the battle. Even their officers carried out the tasks of common soliders as well as extorting their troops to press their enemies even harder²⁶⁴

Cromwell hevdar at borgarkrig mellom romarane, var basert på eit uskreve, men velkjend prinsipp om at partane ikkje kjempa til siste mann, men at konfliktane skulle bli løyst med minst mogleg vald, og då sigerherren vart klar, var det berre leiarane for den tapande parten som måtte bøte med livet. Barbarane derimot, hadde ein anna krigarkultur og æreskode, der døden var å føretrekke framfor å legge ned våpna sine.²⁶⁵

Dei siste 100 åra av det vestlege riket si levetid er både dramatisk og kaotisk, og dei romerske keisarane var under både eksternt og internt press. Ein person som kan seiast å ha hatt ei avgjerande rolle i lagnaden til den romerske hæren, og dessutan det romerske riket, er Theodosius. Når det gjeld Theodosius, som har fått tilnamnet “den store”, er meiningane delte om kor vidt hans handlingar var øydeleggande. Ferrill hevdar han må ta ein del av skulda for krisene som utspant seg i det kommande hundreår, ved å inngå kompromiss med dei gotiske barbarane²⁶⁶, men slik eg ser det, var det på det tidspunktet den einaste sjansen han hadde. I følgje Ferrill, kom det fatale støytet til den romerske hæren, i form av barbariseringa etter 395. Dette hadde i følgje Ferrill hadde langt større innverknad i vest enn i aust, noko han meiner er merkverdig, sidan han meiner den mobile reserven i vest, faktisk var langt betre enn den i aust.²⁶⁷ I etterkant av Theodosius sin død, var den austlege hæren meir barbarisert enn den vestlege, som og hadde sin del av barbarar, men desse var ein meir nøye utvald “elite” som hadde undergått betre trening og drill. I aust derimot, var gotarane under kommando av eigne offiserar og generalar, og i følgje Ferrill var treninga, disiplinen og drillen dei undergjekk, langt under romersk standard. Gotarane vart heller ikkje straffa, og denne dårlege haldninga spreidde seg til dei andre soldatane. Ein anna viktig forskjell på aust og vest, var kommandostrukturen i hæren etter 396. I aust, hadde ein 5 *magister militum*, der to av dei var *magister militum praesentalis*. I vest derimot, var der berre to; ein *magister peditum*, og ein *magister equitum*. Det som ofte skjedde i vest, var at den eine av dei fekk eit overtak på partnaren gjennom politisk manøvrering, og vart så mektige at dei og kunne dominere den sivile sfæra av administrasjonen.²⁶⁸

I etterkant av Theodosius sin død, var det store omveltingar, som hadde store konsekvensar

²⁶⁴ Zosimus 2: 51

²⁶⁵ Cromwell 1998:14

²⁶⁶ Ferrill 1988: 75

²⁶⁷ Ferrill 1988: 85

²⁶⁸ Ferrill 1988: 85

for rikets si framtid. Dei to keisarane, berre 10 og 18 år, var ikkje klar for å ansvaret det innebar å vere romersk keisar. Spørsmålet er då ikkje kven var keisar, men kven var det som eigentleg styrte riket? I vest, med den ti år gamle Honorius, var det Stilicho; vandal, *magister militum praesentalis*, og verje for den unge keisaren som sat med makta. Meiningane omkring Stilicho er veldig delte, både då og no. I nokre sine auge var han berre “ein barbar”, i andre sine; ein god general, og meir “romersk” enn dei fleste. Ferrill tek den siste ståstaden, og meiner at Stilicho, til trass for sin opphav, berre var “barbar” i blodet, og var ein trufast tenar av den romerske staten.²⁶⁹ Denne perioden, var og prega av intriger, maktspel og spenning. I aust, hadde den ambisiøse og skruppellause *praefectus praetorio* Rufinius øyra til den unge keisaren Arcadius. Rufinius, var svært skeptisk til Stilicho, og hevda han hadde sett seg ut trona i aust. Samtidig hadde også romarane problemet med Alaric og gotarane. Alaric hadde blitt svært fornærma da Theodosius ikkje løna han med generalembete, for hans hjelp under Frigidus. I 395, gjorde Alaric opprør, og Stilicho, vart sendt med ein kombinert styrke av vestlege og austlege troppar for å slå ned opprøret. Rufinius, som skjønnte at ein siger over Alaric, ville sette Stilicho i ein svært gunstig posisjon, og han overtala keisaren til å krevje dei austlege troppane under Stilicho skulle sendast tilbake til Konstantinopol. Med ein svekka hær, mista Stilicho initiativet og Alaric greidde å flykte.

Men Stilicho kunne le sist, då den politiske manøvreringa til Rufinius vart oppdaga, og soldatane som han hadde “stole” frå Stilicho drap han. Trass i dette, vart ikkje forholdet mellom Stilicho og den politiske eliten i aust noko betre, då den Eutropius, enda ein sjalu og lur politiskar vart keisaren sin nærmaste rådgjevar. Eutropius var evnukk, og sjølv om romerske historikarar ofte var ganske fordomsfulle mot folk med “fysiske manglar”, meiner Ferrill at Eutropius fortente all den kritikken han kunne få.²⁷⁰

Samtidig som dette skjedde, hadde Alaric flytta seg aust, og herja og plyndra no Peleponesia, og dei austlege styrkane virka ute av stand til å handtere trusselen. Stilicho seila mot Hellas for å nok ein gong møte Alaric, men også denne gongen kom den gotiske leiaren seg unda. Zosimus, hevda at Alaric greidde å flykte, fordi Stilicho sine troppar var udisiplinerte og var meir opptatt av å sikre seg krigsbytte, enn å jage ned den gotiske leiaren. Eutropius, som meinte dette var ei skandale, krevja at Stilicho skulle bli stilt for retten, men vart ikkje høyrst. Dei to neste åra, fortsette Stilicho å ha militær suksess. Han slo ned eit opprør i Afrika, og jaga nok ein gang Alaric på flukt då han beleira Milan. I vest, med den ti år gamle Honorius, var det Stilicho; vandal, *magister militum praesentalis*, og verje for den unge keisaren som sat med makta. Meiningane omkring Stilicho er veldig delte, både då og no. I nokre sine auge var han berre “ein barbar”, i andre

²⁶⁹ Ferrill 1988: 86-87

²⁷⁰ Ferrill 1988: 88-90

sine; ein god general, og meir “romersk” enn dei fleste. Ferrill tek den siste ståstaden, og meiner at Stilicho, til trass for sitt opphav, berre var “barbar” i blodet, og var ein trufast tenar av den romerske staten.²⁷¹ I alt, var Stilicho ein svært suksessfull general. Han stoppa invasjon av barbarar i nord, eit opprør i Afrika, og slo Alaric og gotarane på slagmarka ved tre forskjellige høver, men ved alle tre anledningane greidde Alaric å kome seg vekk. Men Stilicho hadde ikkje berre fiendar utanfor riket, men også inne i riket, og perioden 395-410, er prega av intriger, maktspel og svik. Den austlege keisaren og hans rådgjevarar, var svært mistruande til Stilicho, og dei bruke sin innverknad for sabotere den vestlege generalen ved kvar høve. I aust vaks det også fram ei sterk “nasjonalistisk” og “anti-barbarisk” rørsla, og denne rørsla kraup etterkvart vestover. Resultatet var at det vart sett opp eit komplott mot Stilicho og han vart myrda utanfor ei kyrkje i Ravenna. Utan sin leiar, kollapsa den vestlege mobile hæren fullstendig, og med denne nyfunne negative haldninga mot barbarar, så hoppa mange av dei gamle soldatane over til Alaric.²⁷²

I 410 var det vestlege riket i kne. Britannia, Gallia og Spania var invadert eller i opprør, talet soldatar i hæren var lågt og med svinnande innverknad frå keisaren, var der ingen til å lede den. Trass i dette, meiner Ferrill at lagnaden til det vestlege riket ikkje var segla, og at dei framleis kunne dei gjennvinne det tapte. Rebellen Constantin, til trass for at han ikkje anerkjende Honorius som rettmessig keisar, greidde å slå tilbake nokre av barbarane, og oppretta seg i Gallia. Det året, var der faktisk 6 keisarar, som alle gjorde krav på trona, alle med hærar beståande av omlag berre barbarar.²⁷³ Trass i dette betra situasjonen seg noko i 411 då den nye *magister militum* i vest Constantinus, greidde å nedkjempe å ta tronranaren Constantin til fange. Trass i at det politiske klimaet stabiliserte seg noko, var situasjonen framleis kritisk. Etter at Rhin fronten hadde falt, hadde fiendslege stammar av barbarar tatt seg fritt over grensene og var no spreidd over heile riket. Samtidig som dette, kunne ein og stille spørsmål ved lojaliteten til barbarane som tente i den romerske hæren. I den kaotiske perioden frå Adrianopel og fram til no, er det lite som tydar på at kunne ta seg tid til å romanisere dei nye troppane, og det var heller snakk om å stable mest mogleg stridsdyktige menn på beina på kortast mogleg tid.²⁷⁴

Å beskrive Honorius si tid på trona (395-423), er både vanskeleg med tanke mangelfulle kjelder, og det ville tatt alt for mykje plass. Honorius, var ingen sterk keisar, men problema han stod ovanfor var monumentale, og noko av kritikken han har fått har kanskje vore litt urettferdig. For å oppsummere: Fiendtlege barbarar hadde teke seg over grensene, den vestromerske hæren var i kne etter drapet på Stilicho, og situasjonen med *foederti*, spesielt gotarane var i beste fall ambivalent. På

²⁷¹ Ferrill 1988: 86-87

²⁷² Ferrill 1988: 88-110

²⁷³ Ferrill 1988: 117-118

²⁷⁴ Ferrill 1988: 119

den eine sida, kunne romarane ha prøvd å knuse dei og jage dei ut av riket, på den andre sida, dei trengte soldatane. Likevel var ikkje alt håp ute. Romarane hadde framleis sterke fortifiserte byar, infrastruktur, og barbarane som hadde invadert var ikkje noko homogen gruppe, og dispuftar dei imellom var både vanlege og valdsame. På ein måte, minna situasjonen no om den som hadde føregått i midten av det tredje hundreår.²⁷⁵ I det femte hundreår, kom hunarane under leiinga av Atilia, og trusselen frå hunarane, vaks på nytt. Samtidig hadde Flavius Aetius, ein mann som har blitt kalla “den siste romaren”; blitt general i vest. Tidleg i 451, kryssa Atilia Rhinen, då han ikkje hadde motteke tributt frå den romerske keisaren. Han og hunarane tok då til å plyndre Gallia og Aetius samla saman ein stor hær med *foederati* for å stogge han, dette inkluderte gotarar, frankarar, germanarar, burgundarar og alanmarar. Med denne storslåtte alliansen, sette Aetius ut for å nedkjempe Atilia, og dei to møttest i slaget på Katalunarmarka. Aetius vann slaget, men Atilia og ein stor del av hæren hans greidde å overleve å flykte tilbake over Rhinen. Atilia døde i 453, og hunarane vart “oppløyst”.²⁷⁶

Ironisk nok, vart også Aetius sin siger over hunarane og hans undergang, sidan han hadde “redda riket”, var han overflødig, og den sjalu keisaren Valentinian III myrda han i 454. Det som er interessant med dette slaget, er at ifølgje Jordanes, skal Atilia ha bedt soldatane sine om å ignorere dei romerske soldatane, sidan dei var ufarlege, og heller fokusere på dei formidable gotarane og alanmarane. I følgje Ferrill, var dette med god grunn. “Romarane” kjempa nemleg i ein tradisjonell tett formasjon i dette slaget, men denne tidlegare overlegne formasjonen, var no ubrukeleg. Grunnen til dette, er i følgje Ferrill at å kjempe i tett formasjon, krev intens trening, drill og disiplin. Og ved å behalde formasjonen, utan den naudsynte treninga, så skapte romarane i vestriket ein svært trist styrke. I aust derimot, greidde dei å behalde betre trening og disiplin, og dette tradisjonelle systemet fungerte langt betre.²⁷⁷

Året etter vart også Valentinian III myrda, ei ny krise fylgde i vest, ei rekkje menn kniva om trona, og byen vart på nytt plyndra, denne gangen av Vandalar. I 455, kom der ein ny general som skulle vise kor svak den vestlege keisarens posisjon hadde blitt: Ricimer. Ricimer var germanar, og hadde kjempa under Aetius. I 456 avsette han den dåverande keisaren, Avitus, og innsette ein medsoldat kalla Majorian, men då den nye keisaren føretok ein feilsått ekspedisjon, vart han avretta og erstatta med ein ny keisar av Ricimer.²⁷⁸ Ricimer døde i 472, og det vart naudsynt å velje ein ny general for hæren, som no nesten utelukkande bestod av germanske soldatar. Valet falt på Odovaker, men dette vart ikkje godteke av germanarane, som ville ha same status som dei gotiske *foederati*.

²⁷⁵ Ferrill 1988: 120, 126

²⁷⁶ Ferrill 1988: 147-151

²⁷⁷ Ferrill 1988: 152-153

²⁷⁸ Ferrill 1988: 154-156

Germanarane valde heller fram ein av sine egne offiserar: Odovaker. Det som då skjedde er kjend for dei fleste: Odovaker marsjerte mot Rom i 476, avsette keisaren, innsette seg sjølv som *Rex* og markerte ved dette slutten på det romerske riket i vest.²⁷⁹ Sjølv om 476 blir sett på som den tradisjonelle datoen for Rom sitt fall, har spørsmål har blitt stilt om dette. Kvifor falt det? Kva skjedde? Og eit enormt tal ulike forklaringar har blitt gjeve.

Medan dei i aust hadde problem med ambisiøse "allierte", var problema i vest av ein anna natur. Her var det dei "romerske" kommandørane som utgjorde ein trussel for keisaren. Det heile starta eigentleg med Diokletian sine reformer, som sette seg som mål å skilje sivile og militære embete inn i to skilde hierarki, berre samanbunde av keisaren på toppen. Denne divisjonen vart opprettheldt, men samtidig, fekk ein keisarar som i stadig større grad vart sivile administratorar, og militær kommando vart overlete til andre. Det var ei rekkje generalar som hadde like mykje, og ofte meir makt enn keisaren. Til dømes då Merobaudes døde, tok Arbogast over stillinga som *magister militum* utan samtykke frå keisaren. I følgje Zosimus var han djerv, ein god leiar, noko som og gjorde at soldatane godtok han, og han kunne til og med sette seg opp mot keisaren. Keisaren følte seg truga, men sidan han hadde heile hæren bak seg, torde han ikkje gjer noko. Ein dag tok han motet til seg, og kalla Arbogast inn på teppet for å ta frå han kommandoen, og Arbogast svara med at "sidan keisaren ikkje hadde gjeve han kommandoen, var det ikkje hans rett å ta den frå han".²⁸⁰

Det som då skjedde, var at ein i vest, fekk i lang rekkje svært mektige generalar, som ikkje berre kunne motsei, men også overstyre keisaren. Det starta med Merobaudes og deretter: Arbogast, Stilicho, Constantinus, Aetius, Ricimer, Orestes og til slutt Odovaker. Odovaker er eit namn som dei fleste kjenner til, og det var som kjend han som avsette den siste keisaren i Rom og markerte slutten på riket. I vest fekk ein altså ei utvikling, der generalane utvikla seg til mektige krigsherrar, og til slutt monarkar. Dette vidareutvikla seg då Stilicho vekk titelen *magister militum utrisque militiae* av Theodosius I då han nedkjempa tronranaren Eugenius i 394. Dette embetet gav han retten til å kommandere alle mobile styrkar i vest, og då den 11 år gamle Honorius tok over som keisar i 395, var det i realiteten Stilicho som styrte. Ricimer til dømes, tok del i innsetjinga, og påfølgande mord og avsetjinga av 4 keisarar i perioden 455-472 Mord av keisarar var ikkje noko nytt, men når ein og same mann er innblanda i heile 4 slike tilfell, vitnar det om eit keisarembete, fullstendig blottlagd for autoritet.²⁸¹

Diokletian er ein keisar som gjorde mykje godt, men oppdelinga av riket og desentralisering av makta som følgde, vart til slutt dette systemet eit av hovudgrunnane til rikets forfall. Ikkje berre førte det til øydeleggande konflikhtar mellom aust og vest, det skapte også ein ny generasjon med

²⁷⁹ Ferrill 1988: 159-160

²⁸⁰ Zosimus 4: 53: 2,3

²⁸¹ Liebenschuetz 2007: 482

hærførarar med private styrkar. Som under republikken med Sulla, Cæsar og Pompeius, var suksessfulle generalar i seinantikken framleis ein trussel for den sentrale styresmakta. I mine auge var problemet todelt: På den eine sida var strukturen og hierarkiet i den romerske hæren svært skrøpelig. På den andre; majoriteten var no barbariske leigesoldatar, kor lojalitet berre var basert på eigeninteresse og låg hos den enkelte hærførar. Sidan mange av soldatane var barbarar, hadde dei heller inga kulturell eller ideologisk tilknytning til keisaren. Eigentleg er det heilt naturleg; ein germansk soldat vil heller identifisere seg med ein germansk general framfor ein «romersk» keisar, som sitt gøymd bak høge murar i ein fjern by.

3.7 Rekruttering og Barbarisering

3.7.1 Barbarar i hæren

Lawrence Keppie meiner at på slutten av republikken, var der nok mange væpna menn som ikkje hadde romersk statsborgarskap eller var av italiensk hærkomst og unge menn i provinsane var nok lokka av prospektet om statsborgarskap og krigsbytte. I det siste hundreår før vår tid, var dei romerske legionæranne, av definisjon, romerske borgarar, som kjempa for å fremme interessene til sitt heimland. Den romerske borgarkrigen endra på to viktige ting: «Heimlandet sitt beste» vart meir diffust, og provinsane og til og med områda utanfor provinsane hadde eit stort potensiale for rekruttering av soldatar, noko som skulle vise seg å bli viktig seinare.²⁸²

Under borgarkrigane var rekruttering av ikkje-romerske soldatar i relativt stor skala. Dei involverte partane måtte fylle opp styrkane sine raskt, og løysinga vart å hente inn soldatar frå dei fjerne provinsane, og ofte var det menn som vanlegvis ville vore ekskludert frå å tene i legionane. Mellom anna Julius Cæsar rekrutterte germansk kavaleri og ein legion av gallisk infanteri. Det galliske infanteriet, vart utstyrt og trena på romersk vis, og etter dei hadde fullført sine tenester, vart dei løna med romersk statsborgarskap.²⁸³ Keppie skriv at Cæsar sjølv i si bok «*Dei galliske krigane*»; aldri presisera at den galliske legionen, faktisk var gallisk, så det kan tyde på at ein slik praksis var sett på som uortodoks. Det som og er verdt å merke seg, er at etter 49, då borgarkrigen var i gang, så hadde ikkje Cæsar noko å skjule lenger og den galliske legionen fekk sitt vanlege namn som var «*legio V*». Pompeius i likskap med Cæsar, rekrutterte soldatar som ikkje hadde romersk statsborgarskap under borgarkrigen. I Spania rekrutterte hans legatar to «*legio vernacular*», ein av soldatar født i Spania, den andre av romerske nybyggjarar.²⁸⁴

Medan den tidlege romerske hæren først hadde bestått nesten berre av italienske menn, vart

²⁸² Keppie 1984: 144

²⁸³ Suetonius: Julius Cæsar: 24

²⁸⁴ Keppie 1984: 140-141

det no færre og færre rekruttar frå det italienske fastlandet. Frå keisar Augustus fram til Caligula, var omlag 65% av alle legionærar italienske. Denne andelen minka stadig og var nede i 20% når keisar Trajan regjerte i år 117. I staden for kom fleire og fleire av rekruttane frå den romaniserte befolkninga provinsane.²⁸⁵ Augustus, virka å vere klar over at tvungen verneplikt ikkje var spesielt populært i Italia, og unngikk dermed å ha dette når ein kunne. I staden for, gikk ein over til lokal rekruttering i provinsane, der soldatane, vart rekrutterte, og ofte tenestegjorde i provinsen dei kom frå. Bakgrunnen for dette var nok at soldatane ikkje var spesielt glad for å tenestegjere lenge, og langt borte frå heimlandet, og det var både i staten og deira si beste interesse at systemet vart slik. Resultatet var då at den romerske hæren vart, ikkje berre mindre romersk, men knapt nok italiensk omkring det andre hundreår.²⁸⁶

Etter avslutta konflikt, var ofte praksisen at romarane rekrutterte soldatar blant dei nedkjempa stammene. Som regel vart det gjort ein avtale, der barbarane vart pålagde å sende rekruttar anten på ein årleg basis, eller *en masse*. Dette hadde ein dobbel effekt, det reduserte ein framtidig trussel frå barbarane ved å fjerne stridsdyktige menn, samt at dei fylte sine egne rekkjer. Anten vart slike einheter distribuert blant eksisterande einingar, eller flytta til ein fjern provins, der dei undergjeikk trening og drill under romerske offiserar. Det var og ei rekkje tilfelle der heile samfunn av barbarar fekk lov til å emigrere inn i riket og busette seg bak dei romerske grensene, i bytte mot soldatar til hæren. Til dømes under Augustus, emigrerte det 50,000 trakarar inn i riket over Donau. Kva slags rettar og plikter desse emigrantane hadde er usikkert. Det ein veit er at desse folka vart kalla *gentiles* eller *laeti*.²⁸⁷

Tradisjonelt sett var høgdekravet for å tenestegjere i hæren 175cm, men dette vart senka til 167cm i 367, i tillegg vart alderskravet utvida. Originalt var det godkjende rekruttane mellom 20 og 25, men dette vart utvida til å omfatte menn frå 18 til 35 år i det fjerde hundreår.²⁸⁸

Det betyr at i verste fall, kunne ein romersk soldat vere 60 år i det fjerde hundreår, dersom han overlevde tenesta. Kor strenge desse krava eigentleg var er usikkert, og det er truleg at grensene vart tøyd noko når det oppstod kriser. Allereie i løpet av det første hundreår, og i stadig aukande grad i det andre hundreår, vart stadig fleire soldatar frå auxilliaen assimilert inn i legionen. Når ein i tillegg tek omsyn til at mange romerske borgarar tenestegjorde i auxilliaen, vart distinksjonen nesten meningslaus. Samtidig som provinsane vart romanisert, vart også soldatane det, og “spesialistkrigarane” vart det stadig færre av. Dermed måtte romarane sjå etter desse spesialistane

²⁸⁵ Keppie 1984: 180-181

²⁸⁶ Keppie 1984: 180-181

²⁸⁷ Southern, Dixon 1996: 6, 47)

²⁸⁸ Jones 1964: 614, 616)

andre plassar, og svaret vart barbarane I løpet av det tredje hundreår hadde dei som brukte å tenestegjere som auxillia blitt legionærar, og auxilliaen vart besett av barbarar. Under krisa i det tredje hundreår, var det og soldatmangel, og dei krigande partane som hadde behov for ferdig trenar troppar, henta inn stadig fleire barbarar. Sjølv om det har blitt stilt spørsmål ved lojaliteten til desse barbarane, så er det lite tvil om at dei var kapable krigarar, og etter Diokletian, var det vanleg at barbarar utgjorde fleire “elite troppar” innan den mobile hæren.²⁸⁹

Etter krisa i det tredje hundreår, var det romerske riket i kne. Etter å ha kjempa både mot interne og eksterne fiendar, hadde fleire generasjonar med soldatar gått tapt, og hæren hadde behov for nytt mannskap. Svaret, vart barbarar.

3.7.2 Julian

Den blodige borgarkrigen mellom Constantinus II og tronranaren Magnentius ført til enorme tap på begge sider, noko som gjorde det vanskeleg for romarane å handtere den germanske trusselen. I 355, vart den då 26 år gamle Julian, utnemnd som Cæsar for det vestelge riket. Rhin-regionen hadde vore utsett for stadige åtak frå germanske barbarar, og Julian fekk som oppgåve å handtere denne trusselen.²⁹⁰

Julian vart sendt til Gallia med ein relativt liten styrke, og han måtte hente mesteparten frå dei eksisterande galliske styrkane og frivillige barbarar.²⁹¹ Det er usikkert kor mange barbarar det var i Julian sin hær i slaget ved Strasbourg, men Elton Hugh hevdar at mellom 1/3 og 1/2 av Julian sin hær bestod av barbarar.²⁹² Sjølv om Ammianus gav mykje av æra til Julian og hans talent som kommandør, gir han og kreditt til soldatane som utkjempa slaget. Sjølv om moderne forskarar antek at Zosimus overvurderar Julian sine bragder i dette slaget, tek han nødvendigvis ikkje feil når han hevdar at dette var ein «improvisert» hær.²⁹³

Om Julian sine barbarar vart henta ut i frå *laeti* eller frå over grensene er ikkje sikkert, men det som er sikkert er at germanarane som kjempa på romerske side var instrumentell for Julian sin suksess i dette slaget. Det er interessant å merke seg at når Ammianus pratar om til dømes allemanarane dei kjempa mot ved Strasbourg, er ofte skildringane prega av negative stereotypar. På den andre sida, har han ikkje eit vondt ord å sei om germanarane som kjempa for Julian. Det er og interessant å sjå på Julian sin tale ved Strasbourg, der han prøvar å inspirere troppane sine. I denne talen adresserer han troppane sine direkte, og han brukar ord som «medsoldatar» og «kameratar».

²⁸⁹ Strobel 2007: 278-279

²⁹⁰ Ammianus: 25:4

²⁹¹ Zosimus 3:3)

²⁹² Elton 1996: 148-151

²⁹³ Zosimus 3:3)

Om germanarane på den andre sida av slagmarka derimot, nyttar han seg av same negative stereotypar som Ammianus.²⁹⁴

Om Julian hadde prata nedlatande til germanarane i sin eigen hær, hadde det vel neppe vore godt for moralen, men det er likevel fascinerande å sjå kor drastisk både han og Ammianus endrar sin ståstad. Men historia om Julian og barbarane endar ikkje der. Etter slaget ved Strasbourg, trekte Julian seg tilbake til Paris, der han prøvde å byggje opp igjen den raserte galliske provinsen. Julian som tidlegare hadde studert filosofi, viste seg og å vere kapabel i sivil administrasjon. I følgje Ammianus, var han både klok, vittig og beskjeden, noko som gjor han populær både blant soldatar og sivile.²⁹⁵ Under sitt styre i Gallia, forsøkte Julian å gjenbyggje provinsen, fredeleg samt å vinne tilliten til lokalbefolkninga. Mellom anna så av slo han forslaget til *praefectus praetorio* Florentius om å auke skattane i provinsen. Han og Florentius, som det har blitt sagt vart sendt av Constantinus II for å halde eit auge med Julian, hadde fleire ueinigheiter når det gjaldt styret i Gallia.²⁹⁶

Å ikkje godta den framlagte skatteauka, ville nok ha auka Julian sin popularitet ytterlegare. I år 359, vart dei austlege provinsane under åtak av Sassanidene og Amadia, som ligg i Anatolia i det moderne Tyrkia, falt i hendene på sassanidene etter 73 dagars beleiring.²⁹⁷

Constantinus sjølv marsjerte austover for å stoppe denne trusselen, og i Februar 360, beordra han at Julian skulle sende sine eigne beste troppar for å hjelpe han. Troppane det var snakk om, var i hovudsak barbarar, men Julian ville helst ikkje gi slepp på desse soldatane. På den eine sida ville han ikkje miste sine beste troppar, men enda viktigare; Julian hadde gjeve sitt ord til barbarane at dei skulle få tene nært heimlandet og at dei ikkje skulle sendast vekk. Julian sendte eit forslag om å sende andre troppar, men Constantinus godtok ikkje dette og sendte tribunen Decetius for å hente desse soldatane. Det som då følgde, har blitt kalla «opprøret i Paris»²⁹⁸. Ammianus skriv at Julian var i tvil over denne ordren; på den eine sida ville han høyre på sin keisar, men han ville heller ikkje bryte løfte han hadde gjeve. Trass i at Julian forsøkte å protestere insisterte Decetius på å ta med seg barbarane austover. I følgje Ammianus uttrykte soldatane si misnøye med dette, både fordi dei vart sendt bort på ordre frå keisaren, men og fordi dei frykta for Julian si skjebne. Det som då skjedde var at soldatane «gjorde opprør» og heidra Julian som Augustus. I starten ville ikkje Julian gå med på dette, men etter sterk oppfordring frå eigne troppar, gjekk han til slutt med på forslaget og tok tittelen. Ammianus hevdar og at denne ordren frå Constantinus ikkje var basert på eit militært grunnlag, men heller eit politisk. Han meiner at Constantinus frykta Julian og hans aukande

²⁹⁴ Ammianus 16:12:30

²⁹⁵ Ammianus 16:5:1-6

²⁹⁶ Ammianus 17.3.2-

²⁹⁷ Ammianus 19:1-9

²⁹⁸ Sjå Fig 84 (Julian i Paris)

popularitet, og at dette var eit spel for å svekke Julian.²⁹⁹

Eg tykkjer dette er ei fascinerande hending og dette meiner eg viser at soldatane, i dette tilfellet barbarar, ikkje berre hadde sterke lojalitetsband til sin kommandør, men også at dei kunne forme romersk politikk. Dersom ein ser på nokre av dei negative stereotypane; og barbarane var opportunistiske og ulojale, og snudde kappa etter kven det var som kunne løne dei mest, hadde nok keisaren, og ikkje Julian vore eit meir naturleg val. Denne hendinga meiner eg er viktig på grunn av to ting: Soldatane, i dette tilfellet barbarar, viser seg lojale til Julian ved å gå imot keisaren og erklære Julian som den nye Augustus. Men kanskje enda viktigare er at Julian, som var Cæsar, går imot keisaren sine ønskjer for å oppretthalde eit løfte han gav til «barbarane» i hæren sin. Dette vitnar om eit forhold som ikkje berre er basert på gjensidig lojalitet, men også gjensidig respekt. No skal det også nemnast at Ammianus har ei stor beundring for Julian, noko som gang på gang kjem fram i teksten. Det kan tenkjast at Julian, som vart heidra som Augustus av sine eigne soldatar, såg dette som ein moglegheit til å stele trona, og at hans val om å gå imot keisaren var basert på sjølvvagn framfor lojalitet mot eigne troppar. Denne oppstandelsen enda med borgarkrig, men ingen slag vart utkjempa mellom dei to, for Konstantin døde av naturlege årsaker, på dødsleiet anerkjente han Julian som Augustus, og situasjonen løyste seg.

3.7.3 Den Huniske Horde og slaget ved Adrianopel

Ei gruppe som har blitt peika ut som sentrale i det vestlege riket sin kollaps, er hunarane. Det var dei som pressa gotarane inn mot det romerske riket, som til slutt enda med katastrofa ved Adrianopel og opprettinga av ein gotisk stat inne i riket. Hunarane stamma frå dei sentral-asiatiske steppene og var frykta for sine eksepsjonelle evner til å kjempe frå hesterygg. Likevel, det var ikkje deira stridsferdigheter som gjorde dei til ei utfordring, men innstillinga deira. Trass i at eliten blant hunarane var av same etniske opphav, utgjorde dei på ingen måte ei homogen etnisk gruppe. Som tidlegare nemnd, prøvde romarane å integrere barbarane ved å dele dei inn i handterbare grupper og skape relasjonar med leiarane, men dette var ikkje mogleg med hunarane. Hunarane var ikkje interesserte i å skape noko langvarige forhold, og enda mindre å bli innlemma i det militære og politiske systemet til romarane. Motviljen til å forhandle, samt gjentatt aggresjon langs dei romerske grensene, gjorde at romarane gang på gang såg seg nødde til å gi dei store summar pengar, samt andre fordelar for å halde dei tilbake. Dette i tur førte til at hunarane tileigna seg prestisje og rikdom noko som til slutt gjorde dei i stand til å utnytte alt av militært potensiale aust for Donau. “Det huniske riket” var ei enorm belastning for den militære og økonomiske strukturen til romarane, i tillegg til at det forhindra dei i å hente mannskap frå andre barbarar. 31. Desember 406, kulminerte

²⁹⁹ Ammianus 20:4:1-22)

dette i ei hending som har blitt kjend som “kryssinga av Rhinen”, då den vestlege fronten kollapsa, og store mengder barbarar tok seg over til romersk jord.³⁰⁰

I 364, vart Valentinian I keisar i vest, då hans forgjengar Jovian døydde brått. Sjølv om Valentinian har blitt skildra som mellom anna «keisam» og «sint» av samtidsforfattarar, var han ein mann med ekstraordinære evner som leiar og general og har blitt rekna som den «siste gode keisaren i vest». I mange år haldt han grensene langs Rhinen trygge, og han var og i Britannia og kjempa langs Hadrians Mur. I 375, flytta han fokuset sørover, for å handtere ein trussel langs Donau. I eit møte med ambassadørar frå barbarane, vart Valentinian så rasande av det frekke forslaget til av dei uforskamma barbarane, at han fekk slag og døde. Riket hadde no mista ein av sine beste generalar i ein kritisk periode, og hans 16 år gamle son Gratian tok over trona.³⁰¹

Den huniske horden var ikkje berre ein direkte trussel for dei romerske grensene, deira inntog på Balkan hadde også alvorlege sekundære effektar. I 375 dreiv dei ein stor gotisk populasjon på flukt mot romersk jord, og i 376 slapp dei inn i romarriket. Dei starta å forhandle med keisar Valens, men mistillit og korrupsjon forverra situasjonen, som raskt eskalerte til opne fiendtlegheter. Gotarane braut seg fri frå “reservatet” og gikk på eit valdsamt plyndretokt på Balkan. Keisar Valens, samt to-tredjedelar av den austlege mobile hæren vart sendt for å stogge den herjande horden. Slaget ved Adrianopel i 378, enda med ein knusande siger til gotarane, har gått ned i historiebøkene som det mest katastrofale tapet i romersk militærhistorie og etter slaget låg også keisaren død på slagmarka. Akkurat kvifor det enda slik er omdiskutert, romarane stilte med det som skulle vere eliten av den austlege hæren, men sanninga er at det var nok ein rekkje faktorar med i spel. Ammianus skriv at Valens var utålmodig og hadde pressa troppane i rask marsj over ein lang distanse for å nå fram, og når dei kom i kontakt med gotarane, var dei utslitne. I løpet av slaget kollapsa også den venstre flanken til romarane, men om dette skuldast dårleg disiplin eller eit strategisk feilskjær er usikkert. Uansett, vart romarane omringa og massakrerte av den gotiske hæren.³⁰² Tragisk nok, døde Valentinian, den kanskje dyktigaste soldatkeisaren sidan Diokletian og Konstantin, på randen før den største militærkrise i romersk historie. Om slaget hadde fått eit anna utfall, om Valentinian hadde haldt seg roleg, så hadde han kanskje overlevd og vore den som leia romarane i kamp.

Dette slaget hadde store ringverknadar for den romerske hæren i ettertid då keisar Valens sin etterføljar, Theodosius, måtte kome opp med ei løysing på problemet. I følgje Stickler, var der i hovudsak to faktorar som styrte vala hans: På den eine sida, var det klart at gotarane ikkje ville

³⁰⁰ Stickler 2007: 502, 503, 504

³⁰¹ Ferrill 1988: 57

³⁰² Ammianus: 31: 12-13

fjerne seg frivillig, på den andre; hæren var no so svekka, og gotarane kunne gjere nytte for seg ved å fylle oppatt rekkjene. Avtalen som vart gjort i 382 mellom Theodosius og gotarane, førte til opprettinga av eit gotisk kongedømme inne i romarriket, der dei nytte både sivil og militært sjølvstyre. Stickler meiner at dette gjorde det mogleg å skape eit kongedømme basert på ei etnisk definert gruppe inne i riket.³⁰³

I følgje A.H.M Jones, var dette «eit grovt brot med prosedyren» og førte til instabilitet, både i hæren og i riket. Ein veit dessverre lite om korleis gotiske troppar vart disponerte, men dei var ikkje registrerte i offisielle dokument som til dømes *Notitia*, noko som har fått fleire forskarar til å hevde at frå denne perioden var ikkje gotarane i den romerske hæren, men heller med den.³⁰⁴

I 394, hadde ein religiøs disputt mellom Theodosius og den vestlege keisaren Eugenius, ført til at det enda i borgarkrig. Theodosius marsjerte vest med sin gotiske hær, og vann over Eugenius og den vestlege hæren ved Frigidus. Resultatet av dette var at kristendommen no vart den klart dominerande religionen og Theodosius vart den siste keisaren som herska over heile riket.³⁰⁵

Med to forsøk på tronran under Theodosius og ytterlegare intriger etter hans død, stod gotarane i ein svært gunstig posisjon ovanfor romarane. Dette førte til at den gotiske kongen Alaric plutselig fann seg i ein unik posisjon. Han var gotisk konge for ei samla etnisk gruppe, og han var romersk general (*magister militum per Illyricum*). Sjølv om han i prinsippet var ein del av det romerske systemet, var han realiteten sin eigen mann, og etterkvart vaks styrkane hans seg til å inkludere fleire enn berre gotarar. I 408 bestemte han og følgjarane hans seg for å leite etter grønare beite, og dei vandra vestover, noko som mellom anna resulterte i at han plyndra Rom i 410. Dette førte til enda større press på dei romerske strukturane, og førte i følgje Stickler til at dei kommande romerske keisarane måtte ta enda større risikoar for å prøve å stabilisere det vaklande riket.³⁰⁶ Dei følgjande åra, er eit nytt prov på at den romerske hæren var i alvorlege problem. Tradisjonell rekruttering via verneplikt, viste seg vanskeleg sidan både landeigarane og rekruttane stilte seg motvillige³⁰⁷. Løysinga var då å rekruttere stadig fleire leigesoldatar blant barbarane i krisetider, og frigi dei etter situasjonen var løyst. Dette var langt billigare enn ein ståande hær, men det var også problematisk av to viktige grunnar: Sidan mange av styrkane vart oppløyst etter konflikta, fekk ein ingen kontinuitet, og ein hadde dårlegare kontroll med kvaliteten på soldatane. Ein anna bakdel var at desse leigesoldatane hadde sin lojalitet til generalen, og ikkje keisaren, noko som opna for tronran og gjorde situasjonen enda meir ustabil.

³⁰³ Stickler 2007: 504-505

³⁰⁴ Southern , Dixon 1996: 46

³⁰⁵ Ferrill 1988: 71

³⁰⁶ Stickler 2007: 505-506

³⁰⁷ Vegetius 1.28

Eit godt døme på dette ser vi då Stilicho vart myrda. Utan ein sterk leiar var hæren paralyisert, og mange av soldatane som var lojale mot han, vendte seg mot Alaric. Etter at Alaric døde braut ikkje hæren hans opp heller, og gotarane haldt fram med nokre få unntak å vere ei kjelde til uro inne i riket.³⁰⁸

Sentralt i diskusjonen omkring den påståtte nedgangen til den romerske hæren, er også omstenda i perioden. For å kunne kome med ei rettferdig vurdering av dei interne strukturane, må ein også ta i vurdering, eksterne faktorar, og det er lite tvil om at det var stort press på det romerske riket i seinantikken. Likevel hadde også riket opplevd, og overlevd store truslar tidlegare, så spørsmålet blir då om dei var dårlegare skikka til å handtere dei i denne perioden.

3.7.4 *Foederati*

Ammianus Marcellinus er eit av dei, om ikkje den viktigaste kjelda for den romerske hæren i denne perioden. Han var med å kjempa både med og mot barbarar på slagmarka, noko som gir han ein unik innsikt. Trass i at han blir sett på som ei objektiv og påliteleg kjelde, så var Ammianus framleis romar, noko som gav han i viss slagside, spesielt når det gjeld omtalen av andre folkegrupper. Steiner Daude, skriv at Ammianus såg på barbarane som desorganiserte og ikkje i stand til å følgje ein samanhengande plan, noko som ville gjort dei til dårlege soldatar frå ein romersk ståstad.³⁰⁹ Mellom anna omtalar han dei germanske stammene som «brutale beist som levde av plyndring».³¹⁰ Men, denne negative skildringa var tilsikta dei germanske stammene aust for Rhinen, og ikkje barbarane i den romerske hæren. Faktisk så finn ein ingen eksempel der Ammianus eksplisitt kjem med ein negativ omtale av barbarar i den romerske hæren. Dette tydar på at Ammianus først og fremst vurderte barbarane utifrå kva side dei kjempa for, og ikkje kva side av Rhinen dei var født på. Ammianus var veldig imponert over Keisar Julian sine militære bragder, og spesielt slaget ved Strasbourg, der Julian vann ein overveldande siger over den allemanske føderasjonen. Gallia var under åtak av germanske stammar, det dreia seg for det meste om tilfeldige plyndringsraid, noko som var vanskeleg å forsvare seg mot.³¹¹

Rekruttering i seinantikken, vart gjort med ei blanding av verneplikt, frivillige og “arv” av militærkarriera. Alle som ikkje var organisert i eit laug, eller dreiv med statleg jordbruk, kunne bli innkalla, dette inkluderte jord og heimlause. Laug og eigarar av gods, var nødde til å levere soldatar for probatio og denne rekrutteringa skjedde for det meste på lokal basis. Etter Adrianopel, vart der

³⁰⁸ Stickler 2007: 507

³⁰⁹ Southern, Dixon 1996: 54)

³¹⁰ Ammianus 15:5:1 ; Sjå Fig 85 (Barbarar)

³¹¹ Ammianus 15:5:1

store endringar i rekrutteringa. Gotarane, som no var busette inne i romarriket, var nøydd til å bli innlemma i hæren, og betaling i pengar framfor rekruttar, vart no lovleg sidan gotarane forsynte ein stor del av rekruttane. Som tidlegare, gav dette ein to fordelar; det gav ferske rekruttar, samt at det førebygde opprør, då ein “fjerna” unge menn som ikkje var fullstendig pasifisert. Spørsmålet blir så om romarane gikk for langt denne gangen, og at hæren vart barbarisert, framfor at barbarane vart romanisert.³¹² Frå det fjerde hundreår, sleit den romerske hæren med ein alvorleg mangel på rekruttar. Øydelegglesar i grenseområda, og spesielt langs Rhinen og Donau gjorde at desse områda ikkje kunne supplere like mange rekruttar som før. Pest og borgarkrig hadde og gjort at folketalet hadde sukke. Men depopulasjon var ifølge Southern og Liebenschuetz berre ein del av svaret. Southern skriv at mykje tyder på at militærteneste var blitt mykje meir upopulært enn tidlegare. Eit av problema var at unge menn bevisst skada seg sjølv for å sleppe å bli innkalla til teneste, det mest vanlege var å kutte av seg tomlane. Etter kvart kom det og fleire lover for å løyse dette problemet. I 368 kom Valentinian med ei lov som fastslo at dei som gjorde dette skulle brennast levande, dette vart seinare endra av Theodosius då desse mennene likevel vart tvinga til å tenestegjere, trass i sitt handikap. Dersom ein landeigar sendte ein handikappa rekrutt, måtte han sende to i staden for «ein heil».³¹³ Liebenschuetz meiner at dei fleste borgarane ikkje var klar over kor alvorleg situasjonen i seinantikken faktisk var, og at dette kan vere med å forklare den apatiske haldninga til militæret. Han meiner og at dei fleste ville nok og i hovudsak vere opptatt av å forsvare sitt eige heimland, og at prospektet ved å bli sendt til fjerne delar av riket ikkje var spesielt freistande.³¹⁴

Eit av bøtemiddla for å denne negative utviklinga, var å invitere barbarane inn, i staden for å prøve å halde dei ute. Depopulasjon var eit stort vonde, ikkje berre var dette ein trugsel fordi basen for rekruttar vart mindre, men også fordi staten fekk mindre inntekter. Løysinga vart å ta inn barbarar frå over grensene, og det vart oppsett ein aggressiv politikk, med å ta inn slagne stammar i ein relativt stor skala. Kva slags rettar og plikter desse ulike stammene hadde er usikkert, men eit fellestrekk var at dei fekk busette seg og dyrke jorda, i bytte mot militærteneste, anten som grensetroppar, eller i den mobile hæren. Denne praksisen hadde ei tredelt vinning for romarane; dei minska trugselen langs grensene, dei fekk kultivert den ledige jorda, og dei fekk ferske rekruttar til hæren.

Foederati, og kva innverknad dei hadde på det romerske hæren, er eit av dei omdiskuterte tema i romersk seinantikkk. Omgrepet *foederati* stamma frå republikken, og var ein betegnelse på allierte soldatar, og soldatar frå klient-kongedømme som var bundne av ein avtale (*foedus*) med

³¹² Wesch-Klein 2007: 437

³¹³ Southen , Dixon 1996: 68). ; Sjå Fig 85 og 86 (Graf og kart)

³¹⁴ Liebenschuetz 1991: 20)

romarane. I seinantikken derimot, fekk dette omgrepet ei ny betydning: Etter at mesteparten av klientkongedømme hadde blitt annektert, og borgarskap var gjeve til provinsane; var *foederati* barbarar, som kjempa for romarane. Då gotarane, som hadde inngått ein *foedus* med Theodosius den store i kjølvatnet av Adrianopel, var det eit teikn på den kommande utviklinga: Fleire og fleire barbarar, fekk gå fritt over dei romerske grensene, nokon for å plyndre, andre for å slå seg ned. Det var heller ikkje slik at barbarane var ein ny faktor i seinantikken, dei hadde vore ein sterk tilstadeverelse heilt sidan republikken, både på godt og vondt. Mellom anna Julius Cæsar, hadde stor nytte av germansk kavaleri i det han målte krefter med Vercingetorix, samtidig som romarane og barbarane hadde vore innblanda i ei rekkje konflikter for å sei det mildt. Under principatet, nytte romarane eit solid militær og politisk overtak på barbarane, og den politiske innverknaden til romarane strekte seg ofte langt over “grensene”. Med denne politiske innverknaden, klarte romarane å gjere eit sterkt inntrykk på det politiske landskapet i *barbaricum*, og skapte seg ofte ein “buffer” utanfor eigne grenser.³¹⁵

Denne ujamne dynamikken endra seg derimot i det tredje hundreår. Folkevekst blant barbarane, kombinert med at romarane stadig var offer for interne og eksterne konflikter, tømde romerske ressursar, og behovet for stadig fleire rekruttar gjorde at dei måtte tenke nytt; svaret vart barbariske leigesoldatar. Denne nye trenden skaut verkeleg fart under krisa i det tredje hundreår, men haldt fram like sterkt, og etter at riket hadde blitt samla igjen. I løpet av det fjerde hundreår, utgjorde ikkje berre barbarane ein monaleg del av hæren, dei hadde også infiltrert offiserskorpset og nokre av dei gikk heilt til toppen. Denne “barbariserings-prosessen” hadde i følgje mange historikarar ein svært negativ effekt: Desse leigesoldatane vart rekruttert i eit hastverk, og ifølgje Stickler, fekk ikkje dei god nok trening eller militær drill, noko som gav ein negativ innverknad på disiplin og stridsdyktigheit. Storstilt rekruttering av *bucellarii*, personlege soldatar tok bort staten sitt militære monopol. Og at når ansvaret for grensene langs Rhinen og Donau hamna i hendene på barbarar, kollapsa den vestlege fronten. Dei siste åra har derimot desse teoriane møtt kritikk, og det har blitt hevda at dette var ein del av ei kontinuerleg utvikling, og at barbarane stort sett var gode, lojale soldatar.³¹⁶

Pat Southern, hevdar at barbarane som vart rekrutterte i den romerske hæren, stort sett var lojale mot Rom. Ho skriv at det fanst lite nasjonal eller etnisk samkjensle mellom til dømes dei ulike germanske stammene, og at etikettane romar og germanar skapar ein dikotomi for moderne lesarar som nødvendigvis ikkje eksisterte for menneska på den tida.³¹⁷ Personleg meiner eg Southern sin påstand ikkje er heilt korrekt. At det ikkje var noko felles germansk nasjonalitet på

³¹⁵ Stickler 2007: 496-497

³¹⁶ Stickler 2007: 497-498

³¹⁷ Southern, Dixon 1996: 50

linje med moderne nasjonalisme kan nok stemme, men eg vil hevde at det var ei større etnisk samkjensle og bevisstheit enn det Southern gir uttrykk for her. Til dømes Alemannarane, som var i konflikt med romarane i lange periodar av seinantikken, var ein konføderasjon av germanske stammar. Og i mykje, om ikkje all romersk litteratur frå antikken er det ei klar etnisk og kulturell differansering mellom romarane og andre folkegruppene.

Den aller viktigaste faktoren i kor vidt “barbariseringa” fungerte, var i kva grad desse barbarane vart integrerte i det romerske samfunnet, og håpet var nok at dei skulle bli romarar på lang sikt. Timo Stickler, meiar at å romanisere barbarane i seinantikken var langt vanskelegare enn under principatet av ei rekkje grunnar. For det fyrste, var dei langt større, noko som og gjorde dei meir politisk ustabile og vanskelegare å forhandle med. For det andre, var dei no i større grad bundne saman av etnisk og kulturell solidaritet, noko som gjorde det vanskelegare å romanisere dei. På slutten av det tredje hundreår, prøvde romarane å reorganisere grenseforsvaret, ved å la barbarar slå seg ned langs grensene i bytte mot at dei forsvarte “sin del” av grensa. Desse innflyttarane har fått to namn: *laeti* og *gentiles*, men akkurat kva som skil dei to omgrepa er omdiskutert. Stickler skriv at arkeologiske funn frå det tredje hundreår, tydar på at desse samfunna langs grense ikkje var kulturelt eller etnisk homogene, noko som tydar på at den romerske administrasjonen gjorde sitt beste for å spreie dei utover i “handterbare” grupper. Utover i det fjerde hundreår derimot, peikar arkeologiske funn mot at desse grense-samfunna var meir homogene, men dei var ikkje romerske, dei var germanske og frankiske³¹⁸. Så trass i at desse barbarane greidde å halde grensene intakt, var det i mine auge heller ikkje uproblematisk sett frå ein romersk ståstad: Barbarane vart kanskje integrerte på eit politisk nivå, men ikkje på eit sosialt og kulturelt nivå. Sjølv om dei aller fleste oppfylte avtalane sine og faktisk forsvarte grensene, så vart dei “etterlat til seg sjølv” og i mine auge virka det som grenseforsvaret vart nedprioritert og prega av “siste utveg” løysingar. *Laeti* er lite diskutert i kjeldene, men i det som blir skreve, framstår dei som ein bonde-milits bestående av barbarar. 31 Desember 407, falt den vestlege fronten, og barbarar aust for Rhinen tok seg fritt inn i riket.

Lee meiner at omgrepet "barbarisering", som ofte har blitt brukt for å forklare dei ulike utviklingane i hæren i det fjerde år-hundret ikkje nødvendigvis er så bra. Med stadig fleire barbarar i hæren og offiserskorpset, vedkjenner han at omgrepet er rettferdiggjort, men han meiner likevel det er problematisk. Problemet ifølge Lee, er at sjølve omgrepet barbar er ein smule nedsettande, og dermed vil det bli knyt uberettiga negativitet mot barbarane, spesielt i samhøve med disiplin, lojalitet og effektivitet. Dette i tur fører til at denne utviklinga og blir tolka som "de-romanisering" av hæren og "de-militarisering" av befolkninga. Vidare skriv han at det er lite som tydar på at

³¹⁸ Stickler 500, 501

barbarane var ulojale eller udisiplinerte, og at, i likskap med Southern, at omgrepa "gotar" eller "germanar" kan vere vill-leiande, sidan dei kan gi inntrykk av at desse barbarane var del av eit større etnisk og kulturelt fellesskap. Eit anna argument, er at mange av desse troppane med barbarar var høgt verdsette og tenestegjorde i *palantina*.³¹⁹ Lee skriv at å kome med eit godt anslag på talet barbarar i hæren er svært vanskeleg, men med tanke på kor mange offiserar av til dømes germansk opphav ein hadde i det fjerde år-hundret, så peikar det mot ei betydeleg rekruttering. Og sjølv om relasjonane med gotarane i etterkant av Adrianopel til tider var problematisk, hevdar han at dette stort sett fungerte bra.³²⁰

Lee hevdar at hæren *ikkje* forfall i seinantikken, og haldt fram å vere eit effektivt organ utover i det femte år-hundret. Bakgrunnen for denne påstanden, er at den både den vestelge og austlege hæren, haldt fram å vinne slag mot barbarane, heilt opp til vestrikets kollaps i det femte år-hundret, og at Ammianus, ikkje framhevar manglande disiplin som noko problem. Sjølv om Lee har rett i at hæren greidde å vinne mot barbarane ved nokre høve, så meiner eg denne påstanden kviler på eit sviktande grunnlag. Lee brukar slaget ved Strasbourg, samt Julian sin persiske kampanje, som døme på at disiplin ikkje var eit problem, og peikar ut at i Persia, var det feilslått taktikk, og ikkje disiplin som var den avgjerande faktoren. Han brukar også Stilicho som døme, og peikar ut at han både greidde å slå ned opprøret i Afrika, samt å jage Alaric på flukt ved fleire høve. Dersom ein er omhyggelig med å velje ut døma sine, så kan ein drage ein slik konklusjon, men ser ein på det større bildet, så meiner eg situasjonen fort ser litt verre ut.³²¹ Problemet er mellom anna at Ammianus sine bøker tek slutt etter slaget ved Adrianopel, og det er først her ein verkeleg merkar effektane av barbarisering.

Også Adrian Goldsworthy hevdar og at den romerske hæren haldt fram å vere effektiv i seinantikken, og meiner at vestriket sin kollaps ikkje var eit resultat av ein utilstrekkeleg hær. Vidare hevdar han at dette forfallet heller var eit resultat av ein svakare sentral autoritet og økonomiske problem.³²² Problemet med denne forklaringa, er som eg nemnde i innleiinga, at den romerske hæren kan ikkje sjåast på som ein isolert væpna styrke, sidan den var så sterkt integrert i både romersk stat og samfunn. I tillegg, vil eg hevde at hæren også var ein sterkt medverkande faktor, både i dei økonomiske problema, og i den svinnande sentrale autoriteten.

Etter Frigidus og Adrianopel, vart dei romerske styrkane knust og det var behov for å gjenbyggje hæren. Den romerske hæren hadde gått på katastrofale tap før, så kva var Om det som skilde situasjonen seint i det tredje hundreår frå tidlegare? I følge Southern, var ikkje problemet

³¹⁹ Lee 1997: 223, 224

³²⁰ Lee 1997: 221, 222

³²¹ Lee 1997: 230-238

³²² Goldsworthy 2003: 214

mangel på soldatar, men mangel på trenar og erfarne soldatar. Vidare skriv ho at hæren hadde falt så mykje i status og blitt så upopulær blant romerske borgarar, at mesteparten av den såkalla «romerske hæren» bestod av barbarar. Ho hevdar og at på slutten av det fjerde hundreår, var hæren blitt så barbarisert at romersk disiplin, tradisjon, trening og kampmetodar hadde nærmast forsvunne fullstendig. Denne teorien kan støttast opp av å sjå på dei strenge lovene som kom omkring dei som ønska å snike seg unda militærtjeneste på slutten av hundreåret. Til dømes på slutten av det fjerde hundreår var det strenge staffer for dei som sendte slavar i staden for «passande» rekruttar, men i 406 annullerte dei denne lova og til og med slavar var innkalla for å tjene som soldatar.³²³

Denne endringa i lovgjeving meiner eg vitnar om stor desperasjon frå dei romerske styresmaktene si side. At dei først prøvde å kvitte seg med barbarane, men seinare måtte godta dei likevel, og at dei i tillegg tok inn slavar, viser at dette var ikkje ei løysing dei ønska, men det var den einaste dei hadde. Eg synst og det viser at dei romerske styresmaktene ikkje handla utifrå nokon langsiktig plan, men at dei heller takla utfordringane der dei oppstod. Den romerske båten var full i vatn, og no prøvde dei desperat å tette hola med det dei hadde tilgjengeleg. Zosimus meiner at staten heller ikkje hadde styring på rekruttering under Theodosius. Zosimus peikar ut eit kjend tilfelle der et ikkje vart hald oppsyn med kven som tente i hæren, noko som betydde at soldatar kunne deserterte og vende heim utan at nokon oppdaga det. Om dette var eit enkelttilfelle eller om det hendte fleire gangar er usikkert, men om dette var meir eller mindre vanleg, ville det nok ha hatt katastrofale konsekvensar.³²⁴

Også Blockley meiner at vendepunktet, kom med den gotiske busettinga. Tidlegare når barbarar ville busette seg i riket, kunne romarane forhandle utifrå ein overlegen posisjon, medan dei no handla utifrå panikk og dei vart svakare stilt i forhold til barbarane. Andre barbarsamfunn var under romersk lov, dei måtte skatte og stille med soldatar, medan desse nye samfunna vart homogene barbarsamfunn, som ikkje berre slapp unda skatt, dei vart også subsidiert for å stille med soldatar.. Sjølv om dette gav romarane ein mellombels reserve av soldatar, så akselererte det barbariseringa av hæren, og var ifølge Blockley medverkande i kollapsen av den vestlege hæren. Problemet var at romarane no var avhengige av ei relativt ustabil gruppe, som ofte var i konflikt med den romerske lokalbefolkninga, som igjen gav store problem med kontroll, noko som blir reflektert i kjeldene, då dei ofte beskua hæren for å vere udisiplinerte, og til og med ulojale.³²⁵

Theodosius prøvde å løyse dette problemet med å ha nære personlege relasjonar til dei gotiske leiarane, men då keisarane som etterfylgde han ikkje greidde dette, så braut dette sårbare

³²³ Southern, Dixon 1996: 53

³²⁴ Zosimus 4.31

³²⁵ Blockley 1997: 427, 428

systemet saman, og ein fekk problem med sjølvstendige generalar som Arbogast, eller interne fiendar som Alaric, som kunne øydelegge riket innanfrå. Etter dette skjedde det også nokre endringar i politikken. Motåtak mot barbarane vart ikkje lenger eit tema, dybdeforsvaret vart stadig djupare, og fiendar vart ikkje handterte før dei allereie hadde greidd å ta seg inn i riket. Alternativet vart då ofte å inngå liknande avtalar, som gjerne var fordelaktige for barbarane, og dermed fekk ein hær, som i realiteten bestod av framande leigesoldatar. Blockley meiner at romarane som tidlegare hadde ein sterk posisjon i forhold til barbarane, og kunne betale dei for trufast teneste, no handla utifrå ein svakare posisjon, og at dei “leigde god oppførsel”. Dette vart klart etter Theodosius var død, og dei to keisarane berre var marionettar for mektige bakmenn. Dette førte seinare til at vest og aust dreiv stadig lengre frå kvarandre og undergravde både villigheita, og evna til dei to delane, å samarbeide mot eksterne fiendar.³²⁶

På dette tidspunktet, starta det og å dukke opp eit skilje mellom aust og vest når det gjeld tilnærming til både hæren og eksterne trugslar. Sjølv om der framleis var barbarar i hæren, var der i mange år ingen germanske generalar etter 400. I tillegg så hadde pretorianar prefekten og *magister officium* fortrassett godt oppsyn med sivile og militære embetsmenn. Hæren vart også haldt relativt liten, og dei nytta seg av diplomati når sjansen tilbydde det. Mykje av denne positive utviklinga, skuldast Anthemius, pretorianar prefekt frå 404 til 414, som gjennbygde forsvaret og opprettheldt gode relasjonar med persarane.³²⁷

Men medan aust greidde å hente seg inn igjen, starta no både hæren og den keisarlege autoriteten i den vestlege delen å smuldre bort. Sjølv om Stilicho møtte, og slo Alaric på slagmarka ved fleire høve, så fekk han aldri tak på mannen sjølv. Nokre meiner at det var dårleg disiplin i blant Stilicho sine soldatar som gjorde dette, andre meiner at han Stilicho hadde underliggjande motiv og let Alaric sleppe unda. Medan Stilicho var oppteken med Alaric, vart også store delar av nord-Italia innvadert og plyndra av barbarar, og store verdiar gikk tapt. På dette tidspunktet virka det til at dei i vest “gav opp”, og fokuset vart no heller på å forsvare Italia, medan dei øvrige provinanse vart etterletne til å klare seg sjølve. Store styrkar vart tekne frå Britannia og Rhinen, og flytta sørover for å forsvare nordre Italia. Det uungjelge resultatet var at Rhin-fronten kollapsa i 406, og enorme mengder med barbarar velta over grensene og inn i Gallia. Når provinsane no forstod at dei hadde blitt etterletne til seg sjølv, dukka det sjølvsagt opp opprørarar, og i tillegg til barbarar, var det no også opprør, leia av Konstantin, som prøvde å kaste Honorius ned frå trona. Stilicho, vart no noko urettferdig skulda for all denne elendigheita, men då han vart myrda, så valde heller troppane hans å

³²⁶ Blockley 1997: 429

³²⁷ Blockley 1997: 430

gå til Alaric framfor å tene keisaren.³²⁸

Blockley meinare at året 411, er gir eit godt bilete på den dårlege forfatninga vest-riket var i. Tronranaren Konstantin sin general; Gerotinus, hadde også gjort opprør og erklærte son sin for keisar. Han beleira byen Konstantin opprettheldt seg, men vart jaga bort av ein hær frå Italia, som tok Konstantin til fange og avretta han. Gerontius flykta til Spania, der han sjølv vart myrda i enda eit opprør. Medan romarane var opptekne med å krangle seg imellom, så utnytta barbarane denne situasjonen, og Gallia, Spania og store delar av Nord-Afrika gikk tapt. Den romerske staten var på dette tidspunktet så dårleg organisert, at den ikkje hadde sjans til å etablere noko slags form for offensiv. Hæren hadde også så og sei slutta å eksistere, og bestod no nesten utelukkande av germanske leigesoldatar.³²⁹

Også Arther Ferrill, meiner at avtalen med gotarane var vendepunktet. Ferrill hevdar at hæren hadde vore godt i stand i det fjerde hundreår, men i perioden etter 395 gikk det raskt nedover, og spesielt infanteriet var no elendig samanlikna med tidlegare. Bakgrunnen for denne utviklinga, var i følgje Ferrill avhengigheita av mellom anna gotiske *foederati*. Sidan dei kjempa under eigne offiserar, hadde romarane ingen kontroll på verken trening, utstyr eller taktikk, eller haldning. Og desse negative utviklingstrekk, spreidde seg og til andre *foederati* og soldatar. Eit sitat frå Vegetius, som kan virke banalt, nemleg at ein dårleg hær er like dyr å oppretthalde som ein god ein, så impliserar han likevel at tilstanden var kritikkverdig. Samtidig så skriv han svært mykje om viktigheita av rekruttering og grundig trening, noko som tydar på at dette var felt som hadde forfalle samanlikna med tidlegare standard. Ferrill peikar ut at teknologiske overtak i denne alderen i beste fall gav ein moderat fordel, og uendeleg meir viktig for hæren var disiplin, taktikk og moral.³³⁰

Etter Julian sitt nederlag i Persia, hadde den romerske hæren gått på fleire forsmedelige nederlag. Med Stilicho hadde dei opplevd ein liten opptur, men situasjonen var framleis kritisk. Ferrill hevda at den vestromerske hæren var i betre stand under Theodosius, men ein generasjon seinare, var ikkje dette tilfellet. Under Honorius hadde det og vore store modifikasjonar til kommandostrukturen, men dei, som så mykje anna, er dårleg dekt i kjeldene og dei fleste endringane var kortlevde, noko som illustrera det kaotiske politiske klimaet. Talet soldatar som no tenestegjorde i hæren er også vanskeleg å kome med sikre tal på. Ferrill hevdar at etter Honorius, var der kanskje omlag 200,000 mann totalt i den vestlege hæren, men at ein stor del av desse var *laeti*, barbarar og bønder som knapt nok kan kallast soldatar. Ferrill skriv og, at overtaket som Rom hadde over dei andre barbarane no starta å smuldre bort for alvor. Overtaket i taktikk, disiplin og utstyr

³²⁸ Blockley 1997: 431, 432

³²⁹ Blockley 1997: 433

³³⁰ Ferrill 1988: 129-132

som Romarane hadde nytt i republikken og principatet, var no ikkje lenger merkbart.³³¹

Både Ammianus, Zosimus og Vegetius, og spesielt dei to sistnemnde, nemner den sviktande disiplinen ved fleire høve. Ein anna ting ein må merke seg er at Ammianus sin *Res Gesteae* berre dekkjer perioden opp slaget ved Adrianopel, og det var først etter introduksjonen av dei gotiske *foederati* at hæren verkeleg forfall. Dei gotiske *foederati* å underleggje seg romersk militærdisiplin eller lære seg latin, og dette førte til sterke konflikt mellom dei og dei romerske soldatane, og eventuelt spreidde desse dårlege haldningane seg utover til dei andre soldatane. Zosimus fortel også at gotiske soldatar forrådde Theodosius, og tente bål på natta for å leie gotiske opprørarar mot han, ein manøver som nesten kosta keisaren livet³³². Ved fleire høve prøvde også romarane å kvitte seg med gotarane i hæren,³³³ noko som tydar på at dette var alt anna enn ei ideell ordning. Gotiske soldatar var eit problem, eit anna var gotiske offiserar og generalar. I 399 bestemte den gotiske generalane Tribigild seg for å gjere opprør, og tok til å plyndre Lille-Asia. Han greidde enkelt å nedkjempe dei første styrkane som vart sendt mot han, og då det vart sendt ein større styre mot han, greidde han også å overvinne denne ved å få gotarane, som utgjorde kjerna i den “romerske” styrken, til å skifte side og bli med han. For å stogge han, vart det sendt ein anna gotar, Gainas, men også han forrådde romarane og skifta side. Dette enda med at Gainas og styrken han okkuperte Konstantinopel i nokre månadar, før sivilbefolkninga gjorde opprør og jaga gotarane ut av byen.³³⁴ Dette problematiske forholdet til gotarane, haldt fram å prege romarane i lang tid. Den gotiske leiaren Totila skildra den bysantinske hæren på denne måten:

*«The vast number of the enemy, is worthy is only to be despised, seeing as they present a collection of men from the greatest possible number of nations. For an alliance which is patched together from many sources gives no firm assurance of either loyalty or power, but being split up in nationality is naturally divided likewise in purpose»*³³⁵

No er riktig nok dette utsagnet retta mot den bysantinske hæren, men den kunne like gjerne ha vore retta mot den romerske. Zosimus fortel og om ei hending, då eit regiment med gotarar vart slått saman med ein egyptisk legion. Ifølge Zosimus hadde gotarane ingen disiplin, oppførte seg skammeleg, og det enda med kamp innad i legionen. Denne legionen skulle flyttast frå Egypt til Makedonia, og når dei nådde fram, hevda Zosimus at det var ingen skilnad på barbarane og egyptarane og disiplinen var fullstendig borte.³³⁶ Southern sei at dårlege haldningar spreidde seg lett dersom soldatane ikkje var motiverte eller disiplinerte nok. I dette tilfellet opprettheld dei egyptiske

³³¹ Ferrill 1988: 127-128

³³² Zosimus 4: 30, 31

³³³ Zosimus 4: 26 ; Ammianus 31: 16: 8

³³⁴ Zosimus 5: 7, 13, 14, 15

³³⁵ Procopius 8.30.17-18

³³⁶ Zosimus 4: 30, 31

soldatane disiplinen, men i andre tilfelle ville kanskje andre soldatar ha følgd etter dersom dei såg andre viste, og enda verre, slapp unda med slakk oppførsel. Eit moderne døme på dette, gjeve av ein kaptein i den amerikanske marinen som sa:

«If a few soliders are allowed to remain in the unit while they refuse to clean their weapons, smoke pot and get stoned, the borderlines will join them and the good soliders will become cynical and quit working»³³⁷

Southern referar og til Elmar Dinter, som sei og at handlingar av djervskap som oftast var motiverte av sikkerheita til kameratar framfor hæren som heilskap. Vidare fortel han at soldatar som regel ikkje handla i forsvar av moralske eller politiske prinsipp, men at dei ofte handla i forsvar av ein ven. Forsking gjort av Shills og Jonowitz, sei at ein hær beståande av ulike nasjonalitetar og etnisitetar, ikkje har noko negativ effekt på hæren dersom desse ulike gruppene er haldt separat, men dersom desse gruppene vart blanda hadde det ein dramatisk effekt på samhaldet og moralen.

³³⁸

Gibbon skriv at stadig fleire germanske og gotiske rekruttar førte til ein kraftig nedgang av hærens effektivitet, ikkje på grunn av fysiske begrensningar eller evner, men manglande disiplin og lojalitet.. Gibbon legg og vekt på den strenge disiplinen i den romerske hæren og hevda og at det var patriotisme og disiplin som gjorde den romerske hæren under republikken og principatet så effektiv. Barbarane derimot, delte ikkje denne patriotismen og deira motiv var grådighet og ein tørst for krig framfor det han kallar «den romerske ånd»³³⁹

Barbarisering av hæren, er eit svært vanskeleg og komplisert tema. For det fyrste, er dette ein prosess som strekkjer seg over ein svært lang periode, og for det andre, så er ikkje kjeldegrunnlaget for denne perioden så godt som ein skulle ønskje. Heilt sidan republikken sine tidlege dagar, hadde romarane nytta seg av «framande» troppar for å kjempe for seg. Det starta med allierte bystatar i Italia, og klient-kongedømme samt menn frå provinsane. Etterkvart, starta romarane også å hente soldatar frå utanfrå provinsane, blant dei såkalla barbarane. Julius Cæsar gjorde dette, og mange etter han nytta seg og av barbarane sine tenester. For romarane, virka barbarane til å vere uflidde og usiviliserte, men til trass for dette, så anerkjende dei og at dei var djerve og formidable krigarar. Mellom anna Tacitus, skildra i sitt verk Germania, dei germanske krigarane på denne måten:

³³⁷ Southern, Dixon 1996: 174

³³⁸ Southern, Dixon 1996: 169

³³⁹ Gibbon 1781: 39, 326)

«When they go into battle, it is a disgrace for the chief to be surpassed in valour, a disgrace for his followers not to equal the valour of the chief. And it is an infamy and a reproach for life to have survived the chief, and returned from the field. To defend, to protect him, to ascribe one's own brave deeds to his renown, is the height of loyalty. The chief fights for victory; his vassals fight for their chief.³⁴⁰

No skal det nemnast at Tacitus sin *Germania* er meir ein kritikk mot det romerske samfunnet enn det er ei antropologisk skildring av det germanske folket, men det er likevell verdt å nemne. Den germanske kulturen, var ein krigarkultur, der djervskap var ein viktig del av den mannlege kulturen. Utifrå dette skulle ein tru at germanarane ville vere gode soldatar, men var dette tilfellet? I mine auge, var suksessen til barbarar i den romerske hæren, avhengig av at dei kunne bli tilstrekkeleg romanisert. Den vesle historia om Julian og barbarane, er ganske fin synst eg, sidan den er prov på at barbarane ikkje var «vonde villmenn», men at dei og kunne vere gode soldatar under dei rette forholda. Å rekruttere barbarar, fungerte stort sett greitt då dei var ein minoritet og kunne bli «romanisert» gjennom å bli del av eit større fellesskap. Men dette skule endre seg. Tenestegjering i militæret, virka til å vere særst upopulært blant den romerske befolkninga i seinantikken, og dette fekk konsekvensar. Fyrst med Mursa, deretter Julian si persiske kampanje, Adrianopel og Frigidus. All denne interne krigføringa, samt press på grensene, gjorde at den romerske hæren opplevde ei alvorleg bemanningskrise, og sidan romarane ikkje var villige til å tenestegjere, måtte dei vende seg til barbarane. Dette fungerte greitt, så lenge det stod ein sterk leiar i spissen, det beste dømet er kanskje Julian, som gjennom sitt leiarskap greidde å samle hæren bak seg, uavhengig av opphav. Derimot etter Adrianopel og Theodosius sin avtale med gotarane, vart ting annleis. Gotarane var også formidable krigarar, men i det dei fekk statusen som uavhengige *foederti*, endra ting seg fort. Sidan dei fekk kjempe under eigne offiserar og generalar, så hadde ikkje romarane kontroll på verken trening eller disiplin, og i staden for å kjempe *i* den romerske hæren, kjempa dei *med* den. At dei kjempa *med* den kunne fort snu seg, og både som Tribigild, Gainas og ikkje minst Alaric viste, så var dette ei gruppe romarane ikkje hadde kontroll på. I vest hadde ein også liknande problem, med germanske generalar som Ricimer og ikkje minst Odovaker, som hadde sin eigen agenda til slutt avsette den siste keisaren i Roma

³⁴⁰ Tacitus, *Germania*: 1: 12

3.7.5 Moral og Disiplin

Når ein vurderar den tilsynelatande vaklande moralen og disiplinen til den romerske hæren i seinantikken, så er det lett å trekkje inn barbarane som syndebukkane, men var dette eit problem som berre gjaldt barbarane, eller var strekte problemet seg lengre?

Moralen og samhaldet til dei romerske soldatane er eit interessant, men like fullt, komplisert tema. Når ein vurderar kampevna til antikke hærar, kjem ofte utstyr og taktikk i fokus. Men minst like viktig som dei fysiske og praktiske, er dei mentale evnene til soldatane. I alle tids aldrar, har god moral vore ekstremt viktig for at ein hær skal kunne fungere. Minst like viktig som moral, er samhaldet eller *esprit det corps* blant troppane. I ein hær, er denne kjensla av tilhøyrlighet og samhald ekstremt viktig, soldatane som ofte blir kalla våpenbrø, er del av ein større familie og denne familiekjensla kan vere ein kraftig motivasjon.

Då Julian hadde blitt keisar, tok han før den persiske felttoget ein tur innom Konstantinopol og ifølge Ammianus, var han ikkje spesielt imponert over tilstanden til troppane som var stasjonerte der.

«To these conditions, shameful as they were, were added serious defects in military discipline. In place of the war-song the soldiers practised effeminate ditties; the warriors' bed was not a stone (as in days of yore), but feathers and folding couches; their cups were now heavier than their swords (for they were ashamed to drink from earthenware); they even procured houses of marble, although it is written in the records of old that a Spartan soldier was severely punished because during a campaign he dared to be seen under a roof. Moreover, the soldiers of those times were so insolent and rapacious towards their countrymen, and so cowardly and weak in the presence of the enemy»³⁴¹

Ei anna, og ganske sentral problemstilling, blir også motvilja mot å tenestegjere i hæren eit stort problem for romarane. Ammianus nemner dette i eit avsnitt der han skryt av gallarane, men samtidig fordømmer romarane som kutta av seg fingrane for å sleppe tenestegjering.³⁴² At unge menn valde å lemleste seg sjølv, og i tillegg risikere strenge straffer, viser berre kor upopulært militærtjeneste hadde blitt. Dette står i sterk kontrast til tidlegare, då der var strenge krav for å kunne tenestegjere, og der var og strenge straffer for dei som forsøkte å verve seg som ikkje godkjente desse krava. Eit døme på dette; finn vi i starten på det andre hundreår, då Pliny, som var guvernør for Bithynia, oppdagar to slavar blant sine rekruttar. Han sender ei brev til keisar Trajan og spør korleis han skal løyse situasjonen. Keisaren svarar at dersom dei verva seg frivillig, skal dei avrettast. Arrius Menander, skriv og i det ande hundreår at det var eit seriøst lovbrøt å verve seg dersom ein ikkje var kvalifisert. Noko som inkluderte slavar, kriminelle eller dei som hadde blitt dømd for utroskap.³⁴³

³⁴¹ Ammianus 22: 4: 6

³⁴² Ammianus 15: 12: 1

³⁴³ Campbell 1994: 14

Bakgrunnen for alle desse problema, virka til å vere mangelen på soldatar. Lee skriv at troppane i vest, og spesielt i Gallia hadde eit rykte på seg for å vere politisk upålitelige, men akkurat kvifor det var slik er eit mysterium. Ein ting som ikkje gjorde ting betre, var at legionar som hadde delteke i opprør eller stilt seg bak ein tronranar nesten aldri vart straffa, fordi dei rett og slett var for verdifulle. Ein anna faktor var at med dei eksisterande problema med rekruttering, ville strenge straffer mot troppane ytterlegare forverre situasjonen.³⁴⁴ I mine auge, vitnar dette om ei svært problematisk utvikling for det sentrale styret. Ikkje berre kunne ambisiøse menn lokke soldatane til opprør med lovnadar om rikdom, men når dei i tillegg ikkje risikerte sanksjonar i ettertid, så får ein eit veldig sårbart system.

Ifølge Ammianus, skjedde det etter og Valentinian ei endring, der offiserane ikkje vart straffa for lovbrøt eller, medan dei vanlege soldatane vart straffa svært strengt.³⁴⁵ Dersom det var tilfellet at offiserane kunne begå kriminelle handlingar mot sivilbefolkninga og sleppe unda med det, ville det ha alvorlege konsekvensar, ikkje berre for befolkninga si oppfatning av hæren, men også for moralen til soldatane. Vidare hevdar Southern, at soldatane som var stasjonerte i byane, primært hadde ein defensiv funksjon, og dermed ikkje fekk god nok trening for å fungere effektivt på slagmarka. Når der fann gode rutinar og streng kontroll, var urbane soldatar både effektive og naudsynte, men mykje tyder på at i seinantikken forsvann noko av denne kontrollen og mange av soldatane og offiserane hadde pengar som høgaste motivasjon. Ei slik innstilling blant soldatane og offiseren var katastrofalt i eit urbant miljø. Soldatane hadde ikkje lenger hadde ein militær funksjon, men heller fungerte som «væpna kjeltringar» som dreiv med utpressing av sivilbefolkninga på kommandoen frå korruperte offiserar og embetsmenn. Problemet vart også vanskeleg å stoppe, fordi militært personell ofte var med på å krevje inn vanlege skattar, og dermed var det vanskeleg for dei sivile å skilje mellom lovleg innsamling og utpressing. Eit anna problem, var at reglane omkring losjeringa av soldatane var veldig diffuse, og dermed kunne soldatane krevje nesten kva som helst utan å risikere straff.³⁴⁶ Libanius har også teke opp dette problemet, og kjem med ei rimelig dyster framstilling:

«So protected by their arms, the soliders have purchased for themselves complete licence. And now they inflict toil and trouble upon their neighbours by enroaching on their lands, looting, slaughtering and butchering the cattle. With the result that if any of the vitims loose his temper or defends himself, and one of the soliders happens to be hit too, then it is death for the one who struck him and not the slightest chance of an excuse for him. He must knuckle under to a solider, however drunk, and put up with anything, and the laws in this instance are a dead letter».³⁴⁷

³⁴⁴ Lee 1997: 226

³⁴⁵ Ammianus 27: 9: 3

³⁴⁶ Southern, Dixon 1996: 171

³⁴⁷ Libanius *Orat*: 47.4-5

Også Zosimus merka at stasjoneringa av troppar inne i byane, var problematisk og at soldatane ofte var på kollisjonskurs med sivilbefolkninga³⁴⁸. Southern peikar ut, at stasjoneringa av soldatar i byane hadde alvorlege konsekvensar for både samhaldet og moralen til soldatane. Frå det tredje hundreår, vart det meir vanleg at soldatar vart plassert i byane, der soldatane vart innkvartert i private heimar. Vidare skriv ho at denne praksisen var med å bryte ned barrieren mellom soldat og sivil, og at det og hindra soldatane i og skape sterke bindingar seg imellom.³⁴⁹ Ikkje berre var det disiplinære problem blant offiserar og soldatar, men korrupsjon og lovbrøt førekom og blant mektige embetsmenn: Her skildrar Ammianus kva som hende då gotarane vart tatt inn av romarane:

«At their head were two rivals in recklessness: one was Lupicinus, commanding general in Thrace, the other Maximus, a pernicious leader. Their treacherous greed was the source of all our evils. I say nothing of other crimes which these two men, or at least others with their permission, with the worst of motives committed against the foreign new-comers, who were as yet blameless; but one melancholy and unheard-of act shall be mentioned, of which, even if they were their own judges of their own case, they could not be acquitted by any excuse. When the barbarians after their crossing were harassed by lack of food, those most hateful generals devised a disgraceful traffic; they exchanged every dog that their insatiability could gather from far and wide for one slave each, and among these were carried off also sons of the chieftains.»³⁵⁰

Også Zosimus, skildrar hendinga her, og gir eit liknande bilete av det Ammianus fortel³⁵¹

Grufulle historier om utsvoltne gotarar som selde sine egne i bytte mot hundekjøtt, sei litt om kva slags behandling dei vart utsette for. Ironisk nok, dreiv denne mishandlinga gotarane til å gjere opprør, som enda med at dei knuste romarane ved Adrianopel. Om dei urbane troppane utnytta dei romerske borgarane i byane, kan det virke som offiserar og embetsmenn i provinsane utsette barbarane for liknande, og til og med verre behandling til tider. Med offiserar og embetsmenn som oppførte seg på denne måten, er det ikkje rart at liknande oppførsel førekom hos soldatane.

I følgje Southern, hadde disiplinen i den romerske hæren to funksjonar: For det første, forsikra den om soldatane ikkje følgde sin naturlege reaksjon og flykta når dei var i fare, og for det andre, så haldt var den med på å halde orden internt i hæren. Udisiplinerte soldatar hadde og eksistert tidlegare, men i følgje Southern, gjorde ulike faktorar i seinantikken at dette problemet auka. Ein av metodane for å sikre god disiplin blant troppane, var gjennom organisert og grundig trening. Southern skriv at det som ofte var skilnaden mellom romarane og fiendane deira, var den strenge disiplinen som følgde frå nettopp denne treninga. Mykje tyder på at i seinantikken, så feila dei oftare å gjennomføre denne treninga like grundig.³⁵²

³⁴⁸ Zosimus 2: 34

³⁴⁹ Southern, Dixon 1996: 169-170

³⁵⁰ Ammianus: 31: 4: 9

³⁵¹ Zosimus 4: 20: 6-7

³⁵² Southern, Dixon 1996: 170

I følge Zosimus, var dårleg disiplin den avgjerande faktoren i romarane sitt nederlag ved Adrianopel.³⁵³ Om dårleg disiplin var årsaka bak Adrianopel er diskutabelt, men som Southern peikar ut, er det lita tvil om at disiplinen vart dårlegare etter dette slaget. Opp til 2/3 av dei romerske soldatane mista livet, noko som var ille, men det som var det verkelege problemet, var at dette var erfarne veteranar. Tidlegare hadde romarane hatt ei kjerne av erfarne soldatar, men no som mesteparten hadde mista livet i dette katastrofale slaget, stod dei for det meste igjen med «grøne» rekruttar. Eit anna problem, var at den gotiske hæren framleis utgjorde ein trussel, noko som betydde at romarane måtte samle ein ny styrke veldig fort. Dei hadde ikkje tid til å trene dei nye soldatane ordentlig, og dei hadde ikkje moglegheita til å vere kresen på rekruttane.

Southern meiner at dersom den sentrale kontrollen svikta, ville det ha svært negative konsekvensar både for disiplinen og kvaliteten på soldatane. Kombinert med ei aukande barbarisering ville dette føre til ein nedgåande spiral, der både romerske militærtradisjonar og kampmetodar forsvann. Eit anna spørsmål blir då om rekrutteringa av barbarane eller *foederati* var eit problem i seg sjølv, eller om det berre var problematisk dersom dei ikkje var tilstrekkeleg romanisert. Southern brukar den prøyssiske hæren som samanlikningsgrunnlag. Som den romerske hæren i seinantikken, var den prøyssiske hæren, ein der soldatane kom frå ulike nasjonar, med ulik kultur, religion og bakgrunn. Likevel var den prøyssiske hæren ein respektert og velfungerande institusjon. I følge Southern; var det som hald den prøyssiske hæren saman, streng disiplin, ein fungerande struktur og ein inspirerende leidar. Dersom dette systemet braut saman, ville og hæren bryte saman.³⁵⁴ Dette meiner eg er eit glimrande poeng, og mykje tyder på at dette og skjedde med den romerske hæren til ein viss grad. Det kan virke som rekruttering av barbarar stort sett var problemfritt, og i mange tilfeller, heilt naudsynt, men at store problem oppstod då den sentrale administrasjonen vart svekka. Med manglande kontroll, svikta disiplinen og treninga til soldatane.

Når det er sagt, vart det gjort grep for å handtere den slappe disiplinen. Til dømes Keisar Theodosius, vart kjend for å gi ekstremt harde straffer til dei som braut lova. Og Julian beordra i eit tilfelle; at eit regiment av kavaleriet som ikkje hadde følgd ordrane i kamp, skulle bli kledd opp i pene dameklede og paraderast gjennom leiren. Det blir fortalt at dei same soldatane hadde ei imponerende framsyning av djervskap i neste kamp, for å gjenopprette sitt dårlege rykte. Southern peikar ut at dersom soldatane vart disiplinerte offentleg og vart gjort eit eksempel av, kunne det ha ein preventiv effekt. Problemet var at desse tilfella av dårleg disiplin ikkje alltid vart plukka opp, og spesielt i byane, der soldatane var blanda med sivile, var det nok ikkje like lett å isolere dei som hadde gjort seg fortent til straff.³⁵⁵ Vegetius, som veldig opptatt av tilfredsstillande trening av

³⁵³ Zosimus 4: 22, 23, 24

³⁵⁴ Southern, Dixon 1996: 54

³⁵⁵ Southern, Dixon 1996: 173

soldatane, og som skreiv sitt verk ikkje veldig lenge etter Adrianopel opna sitt verk *Epitoma rei militaris* med dette:

(..) A small force that is highly trained in the conflict of war is more apt to victory: A raw and untrained horde is always exposed to slaughter.³⁵⁶

Om ein skal godta Vegetius sin påstand, så er det klart at den romerske hæren var på veldig tynn is i etterkant av Adrianopel. Det har blitt hevda at dette var eit fatalt slag for både hæren og riket, men det ein må hugse på at dette var den austlege hæren, og det austlege riket haldt fram å eksistere over eit millenium til. Når det er sagt, vil eg ikkje hevde at Adrianopel ikkje hadde negative implikasjonar, men det åleine kan ikkje forklare kvifor ting utspente seg slik dei gjorde.

Vidare skriv Southern, at manglande trening og ville ha hatt ein negativ verknad på soldatane sin sjølvtilitt og at dette i tur ville føre til meir desertering. Sjølv om soldatar ofte mislika slik drilling, innser dei ofte sjølve at dei ikkje er mentalt eller fysisk forberedt til kamp utan dei.³⁵⁷ Southern peikar også ut at eit større tal barbarar i hæren etter Adrianopel kunne ha gjort dei disiplinære problema enda verre. Den allereie dårlege standarden, vart no gjort enda dårlegare, fordi veldig mange av barbarane som no vart rekrutterte var under kommandoen av eigne offiserar, og dermed vart då så og sei umogleg å oppretthalde nokon slags form for standard.

Southern hevdar at soldatane i seinantikken var like djerve og potensielt effektive som tidlegare, men at ein større del av offiserane og kommandørane var militært utilstrekkelege eller korrupte. Southern hevdar og at i seinantikken, virka det som den viktigaste motivasjonen for å skaffe seg eit embete, var fiskale. Ein offiser som hadde soldatar stasjonert i byane, hadde som diskutert over, ein gylden moglegheit til å berike seg sjølv ved utpressing av sivilbefolkninga. Om vi skal ta dei antikke forfattarane på orde, og situasjonen med kommandørane og offiserane var så ille som dei framstiller det, er det ikkje rart at vart soldatane udisiplinerte og korrupte. Southern skriv vidare at dersom kommandørane utnytta troppane, vart dei i tur tvinga til å utnytte sivilbefolkninga, og på den måten vart det skapt ein kjede av avsky, frå toppen, internt i hæren og blant dei sivile. I eit tilfelle, hadde kommandøren Artabazes og nokre soldatar laga ein plan om å angripe Verona i ly av mørket, med håp om å overraske gotarane og jage dei på flukt. Planen fungerte, men når dei hadde kome inn i byen, braut det ut krangel mellom offiserane om korleis byttet skulle fordelast, og dei vart oppdaga og drepne av fienden³⁵⁸

I denne delen har eg vald å bruke ein god del sitat frå kjeldene for å trekkje fram problemstillinga. Om ein skal tru kjeldene, så kan det virke som at det var alvorlege defektar i disiplinen til dei urbane soldatane. Ifølge Lee, turte ikkje styresmaktene å straffe soldatane som

³⁵⁶ Vegetius 1.1

³⁵⁷ Southern, Dixon 1996: 171

³⁵⁸ Southern, Dixon 1996: 175

hadde delteke i opprør, og dermed var det relativt trygt for soldatane å stille seg bak ein potensiell tronranar, sidan dei sjølve ikkje ville bli straffa. Ein anna viktig faktor, var at offiserane heller ikkje vart straffa, og dermed var det uunngåeleg at dårlege haldningar vart spreidd ned gjennom det militære hierarkiet. Det er nok svært truleg at soldatane til tider oppførte seg kritikkverdige, og det er mange eksempel i historia der soldatar har begått ulovlege og uetiske handlingar når dei har vore blanda med sivilbefolkninga. Om dette var tilfellet, så meiner eg det og kan vere ein forklarande faktor på kvifor den romerske hæren hadde ei meir negativ og apatisk haldning blant borgarane, som igjen førte til problem med rekruttering. Få menneske har sjølvdisiplinen som trengst for å ikkje falle for freistnadar og uærlege gjerningar dersom det ikkje får noko slags konsekvensar. Det er og lett å forstå at desse dårlege haldningane spreidde seg når ingen brydde seg om korleis ein utførte pliktene sine. Dersom der ikkje fanst represalie og dårleg ytelse vart tolerert, så impliserte det at både dei sjølve og handlingane deira var uviktige og dermed av ingen konsekvens. Skulda for denne utviklinga til sjuande og sist låg hos offiserane, som både feila i å disiplinere eigne troppar, men som og vidareførte sine eigne korruperte haldningar nedover i systemet. Dei største problema dette førte med seg, var manglande disiplin, samhald og lojalitet. Sjølv om ikkje alle dei antikke kjeldene kan reknast som like pålitelige, så malar mange av dei eit liknande bilete av dei disiplinære problema i seinantikken. Offiserane utnytta soldatane og soldatane utnytta sivilbefolkninga. Denne korrupsjonen og utnyttinga førte utvilsamt til ein aukande bitterheit og avsky mot hæren blant borgarane, men også internt i hæren. Når borgarane vart bedt om å finansiere ein hær som virka som den utnytta dei meir enn verna dei, ville det nok ha skapt ei stadig større kløft mellom soldatane og sivilbefolkninga. Dersom dei sivile avskydde soldatane, ville nok det også ha ein negativ verknad på moralen deira, og soldatane i tur ville ha blitt desillusjonert og apatiske dersom dei følte dei ikkje tente noko godt formål.

4.1 Konklusjon

I starten på denne teksten, sette eg meg som mål å svare på to sentrale spørsmål.

- Forfall den romerske hæren i seinantikken, eller er det snarare snakk om ein transformasjon?
- Kva var dei viktigaste faktorane bak dette forfallet eller denne transformasjonen?

For å svare på dette, skal no prøve å trekkje saman trådane, frå dei ulike tema eg har diskutert i dei føregåande kapitela. Eg er også fullt klar over at kome med eit fullstendig svar på eit slikt stort spørsmål, ikkje kan gjerast i et Master-oppgåve, og det er mange andre faktorar som kan vere med å forklare eit eventuelt forfall. I det fyrste kapitelet tok eg for meg den republikanske hæren. Dette kan virke irrelevant i forhold til å vurdere eit eventuelt forfall i seinantikken, men eg tykkjer det er verdt ha med, fordi eg meiner ein må sjå på den republikanske hæren, for å fullstendig forstå den keisarlege romerske hæren. Spesielt borgarkrigstida var ein essensiell komponent i utforminga av ikkje berre hæren, men også riket sett frå eit større perspektiv.

Suksessformelen til den romerske republikken, var den imponerende evna til å få slagne fiendar under den «romerske paraplyen», ikkje berre ved militær overmakt, men også ved å ha ei attraktiv vare for eksport, nemleg ein kulturell og politisk ideologi omkring det å vere «romar». Denne eksportvara, gjorde det mogleg for romarane ikkje berre å erobre, men også å halde på eit enormt imperium.

For å sitere ein Monthy Python klassikar: «What have the romans ever done for us?» Så var svaret: Ganske mykje. Romarane hadde med seg fred, stabilitet, infrastruktur og teknologi, i bytte mot at folket underla seg romersk lov, betalte skatt og stilte med rekruttar, ein prosess som gjorde at den romerske krigsmaskina kunne rulle vidare. Under republikken, ser ein etterkvart rammeverket til ein profesjonell korporasjon dukke opp. Frå det som var ein vernepliktshær, fekk ein med Marius, og ikkje minst Julius Cæsar, karrieresoldatar som hadde hæren som livslang arbeidsgjevar. Under desse «store generalane», nådde den romerske hæren nye høgder, og vart ein svært effektiv styrke.

Dessverre for republikken, skulle det vise seg at hæren ikkje berre hadde blitt profesjonalisert, den hadde og hadde blitt politisert, og kunne brukast mot dei. Den som styrte hæren, var den som sat med makta. Den romerske eliten håpa dei kunne gjenreise republikken ved å fjerne Cæsar, men etter nok ein borgarkrig, så enda det med at Oktavian, betre kjend som Augustus, vart sittande at som *princeps*, og riket var no i realiteten eit einevelde. Med overgangen frå republikk til keisardømme, skjedde det også nokre endringar i hæren. Den romerske hæren vart no ein gjennomført profesjonell organisasjon, med faste rammevilkår for tenestegjering i hæren. Legionane, leia av ein legat, vart

sendt ut for å verne grensene i utkantane av riket, og på toppen av denne pyramiden, sat keisaren.

På dette tidspunktet, nådde hæren ein mellombels stopp i si utvikling, ekspansjonen bremsa noko, før den stogga i det andre hundreår. På dette tidspunktet, hadde også andelen italienske menn i hæren sunke stort og ansvaret for å forvare riket, kvila no i hovudsak på skuldrane til dei i provinsane. Tenestegjering i hæren innebar at dei frivillig utsette seg sjølv for streng disiplin, og var knytt til hæren i minst 20 år, så kvifor velde unge menn å verve seg frivillig? I kapitel 3.3 tok eg for meg dagleglivet til soldatane i hæren for å gi eit lite innblikk i korleis det var. Sanninga, var at livet som sivil ikkje alltid var så lett, og dermed kunne hæren tilby eit alternativ. Her vart dei husa og fødd, dei hadde tilgang på legehjelp og i fredstid hadde dei faktisk like stor sjanse til å bli gamle som dei i det sivile liv hadde. I tillegg til dette, venta dei ein sjenerøs pensjon når dei vart veteranar, og dei fekk også andre godar som til dømes skattefritak når dei hadde gjort si teneste.

Men for å drive dette kompiserde maskineriet, var det ikkje nok med politikk og rikdom, ein trengte også eit omfattande logistisk apparat for å halde denne ståande styrken ved lage. I antikken si verd, var sjøvegen den viktigaste, og dette var også sant for romarane. Middelhavet vart eit travelt transportnettverk, og der ein ikkje kunne seile, bygde ein veg. Romersk vegbygging og infrastruktur var kanskje eit av dei mest imponerande storverka som riket gjorde, og er i mine auge ein av grunnsteinane bak suksessen dei opplevde. Dette systemet fungerte for det meste utmerka, og ikkje berre greidde dei å supplere leirane der soldatane var stasjonerte, dei greidde også å supplere styrkane då dei var på felttog. I seinantikken derimot, fekk ein ei ny logistisk utfordring.

Hæren hadde no blitt omstrukturert inn i to kategoriar: Grensetroppar, og store mobile reservar. For grensetroppane, var det ikkje behov for store endringar, men dei mobile reservane, hadde behov for ei anna løysing. Under dette prinsippet om eit «djupt forsvar», enda det med at desse troppane vart stasjonerte inne i byane, og dette var ikkje alltid uproblematisk. Sidan sivilbefolkninga vart pålagd å huse og fø nokre av desse troppane, vart dei og pålagd noko av det logistiske ansvaret, og dette var ikkje populært. Til trass for dette, virka den romerske logistikken til å fungere godt heilt til rikets siste dagar, og kan ikkje skuldast for eit eventuelt forfall.

Ei anna problemstilling derimot, var korleis hæren skulle finansierast. Det er liten tvil om at ekspansjonen til riket gjorde det svært velstående, men denne ekspansjonen varte ikkje evig. Då ekspansjonen stogga, mista også romarane eit svært viktig inntektskjelde, nemleg krigsbytte. Å stele sølv, var lettare enn å hente det ut sjølv, og dette gjorde etterkvart eit inntrykk på den romerske valutaen. Sølvinnhaldet i myntane vart stadig mindre, og verdien av pengane stupte. Den galopperande inflasjonen førte til samanbrot av valutaen, og ikkje heller staten ville godta sine egne pengar som skatt. Samtidig med dette, vart riket kasta ut i ein kaotisk intern strid, og ikkje før Diokletian kom til makta, stabiliserte situasjonen seg. Diokletian gjennomførte ei rekkje

økonomiske reformer, og prøvde også utan hell å gjenbyggje sølvmynten. Heile dette økonomiske spetakkelet, fekk også konsekvensar for løna i hæren. Den vanlege løna, kom no i hovudsak av rasjonar og utstyr, medan den viktigaste kjelda til pengar, kom no gjennom donasjonar. Dette var problematisk, sidan soldatane fort kunne bli misnøgde dersom dei meinte staten ikkje betalte godt nok, og det opna også opp for ambisiøse menn å kjøpe seg lojalitet dersom dei hadde midlane til det. Personleg, trur eg den romerske staten var avhengig av krigsbytte for at hæren skulle vere økonomisk berekraftig, og då dette uteblei, vart det kjend på økonomien. Forholdet mellom dei no profesjonelle styrkane og staten vart no meir problematisk, og strukturen begynte så smått å slå sprekker.

Ei anna økonomisk byrde, var sjølvstekt produksjonen og distribusjonen av dei enorme mengdene utstyr hæren hadde behov for. Etter Gaius Marius, hadde dei romerske troppane fått standardisert utstyr, og dette stod uendra i lang tid. Det karakteristiske utstyret til dei romerske legionærane, var av høg kvalitet, noko som gav dei ein fordel på slagmarka, men det var også godt tilpassa den romerske taktikken. Store skjold, tett formasjon og sylskarpe sverd, gjorde dei romerske legionærane til svært suksessfulle erobrarak. Dette kombinert med den knallharde disiplinen, spesialistane i *auxillia*, og imponerande beleringsvåpen, gjorde dei til ein styrke som få kunne stille opp mot. Men ikkje ein gang legionærane var immune mot endring. I seinantikken vart det gjort store omveltingar i struktureringa av hæren, og resultatet vart at noko av det mest gjenkjennelege utstyret til det romerske infanteriet forsvann.

I tillegg gjorde eit større krav til mobilitet til at kavaleri fekk ei langt viktigare rolle enn det hadde hatt tidlegare, og romarane adopterte mellom anna dei tungt utrusta katafraktane. Spørsmålet er, om denne auka satsinga på kavaleri hadde ein pris, og skal ein tru Vegetius, så hadde den det. Ifølge han vart infanteriet no oversett og som eit resultat av dette vart dei mindre effektive. Dette kunne vere alvorleg, fordi dei store kommande slag i dei siste hundreåra, skulle vise seg å bli avgjort nettopp av infanteri. Ei anna forklaring, var at stadig fleire barbarar i hæren førte til ein general nedgang i kvaliteten på utstyr og taktikk. Barbarane var ikkje dårlege krigarar, men å kjempe i ein tett formasjon slik som romarane gjorde, var noko som krevja mykje trening, og dersom denne treninga uteblei, så vil eg tru at effektiviteten til infanteriet også sank noko. Eit anna spørsmål, er om barbarane, som var mest komfortable å kjempe med sitt eige utstyr, gjorde at snittkvaliteten på utstyret gikk ned. Vegetius hevda at utrustning hadde blitt mindre vanleg i hans tid, og om dette er sant, ville det heilt klart ha svekka dei romerske styrkane.

Den viktigaste bakgrunnen for desse endringane, var som kjend omstruktureringa av hæren og skifte i strategi frå sterkt grenseforsvar, til «forsvar i djupna». Tanken bak dette nye strategiske prinsippet, var at grensevaktene skulle bremse ein eventuell invasjon, medan dei mobile styrkane

mobiliserte til motåtak. Men var dette ei naudsynt endring? I mine auge, var dette systemet ikkje nødvendigvis dårlegare enn forgjengaren, men slik eg ser det, vart det utvikla på bakgrunn av internpolitiske forhold framfor strategiske. Medan riket var stabilt internt, var det ikkje noko problem å ha hæren langs grensene, men då det politiske klimaet vart meir turbulent, var det tryggare for keisarane dersom dei hadde ein slagkraftig styrke innan rekkevidde. Dette utvikla seg til at fleire mobile styrkar vart plassert under ein keisar eller general, men dette i tur førte berre til eit enda meir brennbart politisk klima, sidan potensielle rivalar no sat på toppen av kvar sin hær. Denne faren vart ikkje mindre med tetrarkiet og delinga av riket, då ambisiøse menn kunne kome seg til toppen i etappar.

Dette skulle også vise seg å bli problematisk for keisaren, og eventuelt svekke kontrollen han hadde over eige rike. Det som er interessant, er at den romerske keisaren, trass i all si makt, alltid stod i fare for å gå ein tidleg død i møte dersom han ikkje innfridde forventingane til kva ein keisar skulle vere. For å behalde trona (og sitt eige liv) var det naudsynt for keisaren å underbygge sin legitimitet og framstille seg sjølv som ein bra herskar og ein djerv soldat. Spesielt viktig var det å ha eit godt forhold til hæren, sidan han var heilt avhengig av deira lojalitet. Nokre keisarar gikk til ekstreme lengder for å skape denne legitimiteten, men basert på kjeldene, virka det til at folk ikkje let seg lure, og den beste måten å framstå som ein god keisar på, var å faktisk ha dei naudsynte kvalitetane. I seinantikken, vart denne keisarlege makte ytterlegare utfordra, då hæren vart oppdelt og utdelt i hendene på fleire menn. Spesielt problematisk vart det då keisaren sjølv gav frå seg militært ansvar til profesjonelle generalar, og sjølv trekte seg tilbake som ein meir sivil administrator. Dette var kritisk, og ein kan trekke direkte trådar mellom dette og avsettinga av den siste romerske keisaren.

Den romerske hæren som struktur, var og veldig skjør. Keisaren eller generalen var ekstremt viktig, han var sjølve krumtappen i maskineriet. Ein såg fleire døme på at ting raskt forverra seg når sterke leiarar mista livet og posisjonen vart overteken av mindre verdige menn. Marcus Aurelius, Severus, Julian Valentinian, Stilicho, lista er lang. I konklusjonen om republikken skreiv eg at den var sårbar for endring. Under principatet, og ikkje minst i seinantikken, var systemet enda meir sårbart. I ei tid då ein trengte sterkt og målretta leiarskap, og ein hær som drog i same retning, så svikta dette systemet, og den romerske staten sin kontroll smuldra opp litt etter litt. Med manglande kontroll, mista dei også kontrollen over hæren, og dei strukturane som trengst for å oppretthalde ein hær. Samanbrot i økonomien, de-romanisering av militæret og eit borgarskap som hadde mista all respekt for både stat og hær, og som avskydde å tene han. Resultatet vart då at ein måtte bruke nødløysingar, som å fylle hæren med germanske barbarar, og både trening, disiplin, taktikk og utstyr vart undergravd i eit desperat forsøk å stable flest mogleg stridsdyktige menn på beina. Noko

som fører til neste problemstilling; nemleg barbarane.

Det store problemet til den romerske hæren var at dei hadde omtrent stogga fullstendig å produsere sine egne soldatar. Den gradvis aukande barbariseringa var eit symptom på dette, og førte med seg sine egne problem. Borgarkrigane i det tredje, fjerde og femte hundreår politiserte hæren i den grad at den berre vart eit verktøy for ambisiøse generalar og politiske aspirantar. Hæren plyndra og brutaliserte befolkninga, og skapte og kasta ned keisarar, og var ikkje lenger ein tenar av det romerske riket. Barbariseringa, starta i det små under krisa i det tredje hundreår, men virka stort sett å fungere godt, sidan barbarane framleis var ein minoritet og kunne dermed ble integrert inn i den romerske hæren. Talet barbarar vaks seg stadig større, og nådde eit kritisk punkt etter Adrianopel, då gotiske *foederati* vart ein sentral del av dei romerske styrkane.

Invasjon av barbarar langs Rhinen og Donau, samt tapet av verdifulle provinsar i Afrika til vandalane, var også med på å gjere det vanskelegare for keisaren å betale soldatane sine. Tek ein med at den enkelte generalen no i større grad var ansvarleg for å rekruttere troppar, og dei såg i hovudsak til han for påskjøning, så begynner vi å sjå eit velkjent mønster. I vest hadde ein mektige generalar, med multi-etniske troppar, lojale til dei, fordi det var dei som betalte løna deira, i aust krigsherrar som styrte troppane sine på bakgrunn av lokalt hierarki og etnisk solidaritet. Odovaker, mannen som enda gjorde slutt på vest-riket, slo saman desse to posisjonane då han som romersk general vart erklært konge av sine soldatar ³⁵⁹

Så er det her snakk om eit forfall, eller er det ein transformasjon? Utan å gå inn på semantikk, vil eg hevde at det heilt klart dreia seg om eit forfall, i den forstand at den romerske hæren var ein langt mindre effektiv styrke i seinantikken samanlinka med tidlegare. Å tidfeste starten på dette forfallet, er vanskeleg, sidan det er ein gradvis prosess, men eit kritisk punkt vart nødd i det gotarane fekk status som meir eller mindre sjølvstendige *foederati*. Dette gjorde at Alaric fekk sjansen til å øydelegge riket innanfrå, der plyndringa av Rom i 410 står som ein dyster påminning på kva som skulle kome. Ein annan grunn til at eg heller ser dette som eit forfall framfor ein transformasjon, er at når det fyrst starta å gå gale, så var dette ein relativt rask prosess. Frå den gotiske kryssinga i Rhinen i 376, til Rom sitt fall i 476, er det berre eit hundreår i mellom. Ein ganske kort periode når ein ser det frå eit større perspektiv. Når det er sagt, så skal ein ikkje avfeie ideen om ein transformasjon heller.

Den austlege delen av riket overlevde krisa som knakk den vestlege delen, og vart gjennfødd som det Bysantinske riket. Her overlevde mykje av romersk kultur og mange av dei romerske militærtradisjonane. Eit av dei viktigaste faktorane bak dette, var at keisaren ikkje mista fullstendig kontroll over hæren slik som i vest. Som kjend så prøvde dei i vest å kvitte seg med generalane då

³⁵⁹ Liebenschuetz 2007: 482-483

dei vart for mektige; Stilicho vart avretta og Aetius myrda. Dette løyste eigentleg ingenting, og kontrollen over styrkane var framleis dårleg før den hamna i hendene på Constantinus. Og det kan virke som den ikkje kunne styrast så lenge den ikkje var under kontrollen på ein sterk militær skikkelse. Ein anna faktor, var at dei i aust ikkje var under same kontinuerlege press som i vest. Vandalar i Afrika, Hunarar på Balkan og Germanarar over Rhinen gjorde at dei var pressa frå alle kantar. Ei tredje forklaring er den unike posisjonen byen har samt dei imponerande forsvarsverka som vart bygd der. Den geografiske plasseringa gjorde at den kontrollerte passasjen mellom Svartehavet og Middelhavet, noko som og gjorde det gjorde det lettare å få forsyningar under ei eventuell beleiring. Dei enorme murane gjorde den også så og sei utagbar for antikke beleiringsvåpen, og ikkje før kanona vart oppfunne falt byen.³⁶⁰

I mine auge, var det i hovudsak to problem som førte til dette forfallet. På den eine sida, hadde skapinga av ein mobil reserve vore med på å ytterlegare destabilisere det politiske klimaet, noko som gjorde at den sentrale kontrollen gradvis smuldra bort. Det andre problemet, var at romarane hadde stogga å produsere sine egne soldatar og hæren vart stadig meir barbarisert. På ein måte, virka det og som desse to prosessane forsterka kvarande. Med fleire barbarar vart det svakare kontroll, og med svakare kontroll vart det fleire barbarar. Når det er sagt, så skal ein heller ikkje gløyme dei økonomiske faktorane. Når romarane slutt å ekspandere, og mykje av krigføringa heller føregjekk på romersk jord, så er det lite tvil om at dette vart ei tung byrde for den statlege økonomien. Det kan høyrast ut som heile denne utviklinga var barbarane si skuld, og at dei på ein måte var “dårlegare” en romarane, men det stemmer ikkje. Problemet var ikkje mangelen på mannskap, det var mangelen på trenar og målretta mannskap som vart nådestøytet til den romerske hæren. Ein kan ikkje forvente at rekruttar som ein sett saman i ein fei skal verte ein effektiv styrke. Utan skikkelig trening eller drill, så blir det ikkje ein effektiv styrke, om dei var romarar eller barbarar spelte inga rolle. Dessutan så blir det urettferdig å forvente av barbarane, at dei skal kjempe tappert og døy for ein framand keisar som sitt og gøymer seg bak høge murar i ein framand by. Ein hær er langt meir enn soldatane som kjempar i den og generalen som leiar den. Det er ein korporasjon, som er avhengig av ein sterk bærnde struktur, sterkt samhald og eit overordna mål eller ein ideologi dei kjempar for. Den romerske hæren; som var si tids mest formidable militære styrke, hadde blitt redusert til ein bande med væpna kjeltringar,³⁶¹

³⁶⁰ Liebenschuetz 2007: 483-484 ; Sjå Fig 87, 88, 89 Byzant Geografi og murx2

³⁶¹ Sjå Fig 90, 91 (Tabell over utvikling og forklaringsmodell)

5.1 English Abstract

This Master thesis discusses the changes and development of the Roman army, from the republic to late antiquity. A central theme among historians studying ancient Rome, has been the debate whether the empire declined or transformed in the later period. In this text i have examined this alleged decline, with focus on the roman army. By deploying an army which had exceptional tactics, weaponry, training and drill, the Romans managed not only to conquer the Italian peninsula, but a huge part of modern age Europe and Asia. When Emperor Augustus eventually emerged as sole ruler of the roman world, the roman army developed into a standing, fully professional force, comprised of mostly volunteers from the Roman territories. The period 27 BC-180 AD, has been called the *Pax Romana* , and during this relatively peaceful period, the roman empire prospered and the army for the most part remained strong. But dark skies loomed on the horizon, and after the death of Marcus Aurelis, the political climate became more unstable. A period of civil war followed and the not until Diocletian emerged as emperor, the empire stabilized. The dynamic Diocletian, conducted a number of reforms , but two of them stands out: He split the empire in two, and he also started a process of dividing the army into frontier troops and mobile reserves. The idea behind this change was that the frontier troops should deal with small scale raids, while the mobile reserves was stationed inside the empire, and moved out to defeat invaders in pitched battles when the need arose. A sound strategy on the surface, but in my opinion it further destabilized internal politics since it gave potential usurpers direct access to armed forces in which they could use. Another development in late antiquity also had big consequences for the roman army. Military service, had become increasingly unpopular among roman citizens during the second and third century, and by Diocletian there was so few volunteers, he had to reintroduce forced levies. Along the roman borders, barbarians amassed, and instead of trying to keep them out, the Romans decided it was better to turn them into Roman soldiers. This process worked for the most part, but after the emperor Valens and his army suffered a catastrophic defeat in 378 at the hands of invading Goths, things took a turn for the worse. Frequent conflicts had drained the resources of the army, and the solution became to fill the ranks with more barbarians and barbarians soon found themselves as powerful officials within the roman army. This process made traditional training, drill and tactics suffer, and even worse: The states relationship with these barbarian generals were often ambivalent at best. This allowed the likes of Alaric to destroy the empire from the inside, whilst the states control of its armies diminished even more. By the mid fifth century, the army and political power of the western empire had disintegrated completely. In 476, the last Roman emperor was overthrown by Odoacer, a Germanic warrior-king, and supposed leader of the “Roman army”

6.1 Bibliografi:

- Keppie: *The Making of the Roman Army: from Republic to Empire*. (1986) University of Oklahoma
- Gibbon: *The History of the Decline and Fall of The Roman Empire Vol. I & Vol. II* (1776, 1781) The Penguin Press
- Jones: *The Later Roman Empire 284 – 602 Vol II* (1964) Basil Blackwell Ltd
- Erdkamp, Wesch-Klein, Liebenschuetz, Stickler, Whitby, Rich, Forsythe, Rawlings, Hoyos, Cagniard, de Light, Rosenstein, Broadhead, de Blois, Gilliver, Saddington, Thorne, Wheeler, Strobel, Phang, Herz, Kehne, Hekster, Ando, Birley, Hanel, Scheidel, Stoll, Elton: *A Companion To The Roman Army*(2007), Blackwell publishing
- Goldsworthy: *The Complete Roman Army* (2003), Thames & Hudson
- Cameron, Garnsey, Hunt, Curran, Blockely, Kelly, Heather, Lee, Whitaker, Macrone, Ward-Perkins, Isacc, Todd, Fowden, Chadwick: *The Camebridge Ancient History Vol 13: The Late Empire A.D 337- 435* (1997) Camebridge University Press
- Ward-Perkins: *The Fall of Rome and The End of Civilization* (2006) Oxford University Press.
- Heather: *The Fall of The Roman Empire: A New History of Rome and the Barbarians* (2006), Oxford University Press
- Southern, Dixon: *The Late Roman Army* (1996) Routledge Publishing
- Southern: *The Roman Army: A Social & Institutional History* (2007) Oxford University Press
- Campbell: *The Roman Army 31BC-337AD: A Sourcebook* (1995) Roudtledge Publishing
- Ferrill: *The Fall of the Roman Empire: The military explanation* (1988) Thames and Hudson
- Simkins: *The Roman Army from Hadrian to Constantine* (1979) Osprey Publishing
- Lutwak: *The Grand Strategy of the Roman Empire: From the First Century A.D. to the Third* (1979) The John Hopkins University Press
- Delbruck: *The Barbarian Invasions: History of the Art of War* (1990) University of Nebraska Press
- Lintott: *The Constitution of the Roman Republic* (1999) Oxford Universiry press
- Schmitz: *The Dacian Treath 101-106AD* (2005) Caeros Limited
- Brown: *The World of Late Antiquity*, (1971) Thames & Hudson
- Cromwell: *The Rise and Decline of the Late Roman Field Army* (1998) White Mane Publishing
- Machiavelli, *Discourses on the First Decade of Titus Livy*, Bok 1
- Gibbon, *The History of the Decline and Fall of the Roman Empire*, (1798) Penguin Classics
- McDowall: *Germanic Warrior AD 236-568* (1996) Osbrey Publishing

Kjelder:

Ammianus Marcellinus: *Rerum Gestarum*

Cassius Dio: *Historia Romana*

Frontius: *Stratagemas*

Julius Cæsar: *Bello de Gallico*

Julius Cæsar: *Bello de Africo*

Julius Cæsar: *Bello Civile*

Libanius: *Orations*

Notitia Dignitatum

Polybius: *Histories*

Plutarch: *Caesar*

Plutarch: *Crassus*

Plutarch: *Marius*

Procopius: *The Wars of Justinian*

Sallust: *Juggharta*

Susteonius: *The Twelve Caesars*

Tacitus: *Histories*

Tacitus: *Annales*

Tacitus: *Germania*

Titius Livius: *Ab urbe condita*

Velleius: *History of Rome*

Vegetius: *De Re Militari*

Zosimus: *New History*: Ronald T Ridley: *Australian Association for Byzantine Studies* 1982

Kjeldesamlingar:

<http://penelope.uchicago.edu/Thayer/E/Roman/Texts/>

www.perseus.tufts.edu/hopper

<http://www.online-literature.com/machiavelli/titus-livius/>

Artiklar frå internett:

Simon James: *Evidence from Dura Europos for the origins of late roman Helmets*

Letki: *State factories during the time of Thetarcy, (2009):*

Bishop: *The Newstead Lorica Segmenta*

Sherby, Wadsworth: *Ancient Blacksmiths, The Iron Age, Damascus Steel and Modern Metalurgy (1981)*

Howard: *Mail: Unchained*

DEN ROMERSKE HÆRENS FORFALL

EI ANALYSE AV DEN ROMERSKE HÆREN I
SEINANTIKKEN

VEDLEGG TIL HIS 350

MASTEROPPGÅVE
VÅR 2013

ALEKSANDER
DVERGSDAL

INSTITUTT FOR
ARKEOLOGI, HISTORIE,
KULTUR OG
RELEGIONSVITENSKAP

UNIVERSITETET I
BERGEN




FIG. 01: DEN KLASSISKE FALANKSEN




Illustrasjonen viser ein moderne rekonstruksjon av den klassiske falanksen, bildet er henta i frå filmen "300".

FIG 02: HOPLITT VÆPA MED SPYD OG HOPLON



Biletet viser ein moderne rekonstruksjon av hoplittar væpa med spyd og hoplon

FIG 03: ROMERSK LEGIONÆR




Illustrasjonen viser ein romersk legionær. Spydet (pilum) vart i bruk til å kaste mot fienden, det rektangulære skjoldet var laga av tre, og var bøyd, noko som gjorde det sterkare.

FIG 04: TIDLEG ROMERSK KAVLERI



Som den moderne rekonstruksjonen på bildet viser var soldatane ofte kledd i ringbrynjer, og brukte lanser og sverd. Nokre hadde og eit ovalt skjold.

FIG 05: DEN POLYBIANSKE LEGIONEN



Modellen viser formasjon til den "Polybianske legionen", soldatane var inndelt i manipuli. Velites ville først angripe fienden med kaste spyd og deretter rykte infanteriet inn. Hastati utgjorde frontlinja og deretter kom principes og til slutt triarii. Dei romerske styrkane utgjorde "midten" av hæren, og på flankane hadde dei alae frå allierte byar. Referanse: Polybius 6: 20-25, 29


FIG 06: TOPOGRAFISK BILETE AV ITALIA OG OMEGN.

På kartet kan ein sjå at den Italienske geografien er dominert av fjell.

Fjell gir mineralar og metall, og fungerer som ei naturleg barriere, men det er eit dårleg terreng for å kjempe til hest.




FIG 07: DEN MAKEDONSKE FALANKSEN.



Ilustrasjonen viser soldatane i den makedonske falanksen brukte spyd på opp mot 5 meter, å møte denne veggen av spyd var nok eit fryktinngytande syn.

FIG 08: DEN POST-MARIANSKE LEGIONEN



Modellen viser den romerske hæren etter Marius. Ein legion var inndelt i 10 kohortar, kohortane var igjen inndelt i 6 centurier med 80 mann i kvar, noko som gav ein legion 4,800 mann på papiret. Med standardiseringa av utstyret forsvant og inndelinga i hastatii, princeps og triarii. Referanse: Goldsworthy 2003: 46

FIG 09: LEGIONSØRN

Biletet viser ein moderne rekonstruksjon av Aquila, den legionære ørna som pryda toppen til krigsflagga til den romerske legionen.

Før Marius hadde dei brukt ulike dyr som løve, minotaur, villsvin, hest og ørn, men no vart ørna standard for alle.

Dersom ein skulle miste legionen sin standard var ei stor skam, og romarane kjempa ofte hardt for at den ikkje skulle hamne i fienden sine hender.




FIG 10: "MARIUS SINE MULDYR"



Marius kutta ned på antalet bærarar i hæren og som den moderne rekonstruksjonen på biletet viser, måtte soldatane sjølve bære ein større andel av utstyret sitt, i tillegg til utrustning og våpen. Dette gjorde at soldatane under Marius fekk kallenamnet "Marius sine muldyr"

FIG 11: ANTAL LEGIONAR UNDER CÆSAR SIN KOMMANDO




Modellen viser korleis antalet legionar under Cæsar vaks. I 49/48 då han hadde "jaga" Pompeius frå Italia og tatt frå dei enorme mannskaps-ressursane Italia hadde, eksploderte antalet legionar under hans kommando. Referanse: Keppie 1998: 97

FIG 12: EIN ROMERSK TRIUMF



Biletet "A roman triumph" illustrerar Cæsars sin triumferande atterkomst til Rom.


FIG 13: EKSPANSJONEN AV ROMERIKET FRÅ ÅR 215 F. KR TIL ÅR 117 E. KR



■ ÅR 218 F. KR ■ ÅR 133 F. KR ■ ÅR 44 F. KR ■ ÅR 14 E. KR ■ ETTER ÅR 14 ■ ÅR 115-117

På kartet kan ein sjå ekspansjonen til det romerske riket frå republikken, og fram til Trajan. Referanse: Goldsworthy 2003: 14, 15

FIG 14: DEN KEISARLEGE ROMERSKE HÆREN



Figuren viser formasjonen til dei romerske legionane under principatet

FIG 15 : ROMERSKE LEGIONÆRAR



Den moderne rekonstruksjonen på biletet viser "Typiske" romerske legionærar frå principatet med velkjend utstyr.
Referanse: Keppie 1984: 182-185

FIG16 OG 17: AUXILLIA



Dei moderne rekonstruksjonane på bileta viser korleis soldatar i auxillia kunne sjå ut. Dei dekte ei rekkje ulike roller frå infanteri, til kavaleri og bogeskyttarar.

FIG 18: DALMATIA



Kartet viser Dalmatia, der det vart opprør under Augustus. Keppie 1984: 185-186

FIG 19: PRETORIANERGARDEN

Frisa i marmor viser soldatar i pretorianar-garden.

Dei var keisarens livvakter, og nytte stor respekt og status.



FIG 20: LEGIONÆR-LEIR

Biletet viser ein moderne modell av ein typisk legionær-leir.

Leiren var omkransa av skansepælar.

Inne i leiren hadde dei det mest nødvendige som; brakker, hovudkvarter, kantine, latriner.




FIG 21: SVERDKAMP

Biletet viser ein moderne rekonstruksjon av to soldatar som trenar i sverdkamp.

Trening i sverdkamp var viktig for å vere klar til kamp og det gav soldatane verdiful erfaring.



FIG 22: SPYDKASTAR

Biletet viser ein moderne rekonstruksjon av ein mann som kastar spyd mot eit mål.

Ei god kastearm var og viktig for dei romerske soldatane.



FIG 23: HANDKVERN

Biletet viser ei handkvern i stein som vart brukt til å male korn med.



FIG 24: AKVEDUKT

Biletet viser ein akvedukt, eit av dei største bragdene i romersk ingeniørkunst .

Friskt vatn var svært viktig, og mange av leirane og basane hadde akveduktar som brakte dei vatn.



FIG 25: LATRINE

Biletet viser ei romersk latrine i stein. Ikkje alle latriner var så flotte, som denne.



FIG 26: VERKTØY

Biletet viser nokre av verktøya til romerske kirurgar.

Om ein ser nøye etter, så er det ein slående likskap mellom desse og moderne medisinsk utstyr



FIG 27: FRISE

Biletet viser ei frise av ein lekje som behandlar eit sår.





FIG 28: OFFENSIV BASE



Teikning av ein offensiv base eller marsjeringsleir. Desse midlertidege leirane var omkrinsa av ein palisade, og framfor palisaden vart det ofte gravd ei grøft.

FIG 29: ØKONOMISK UTVIKLING MOT EIN PROFESJONELL HÆR

PERIODE	500-395	395-200	200-100	100-50	50-0	0
KOMPENSASJON	INGEN	SOLD	SOLD	SOLD	SOLD	1 DENARIUS
TJENESTE-LENGDE	6 ÅR	6 ÅR	6 ÅR	6-16 ÅR	6-25 ÅR	20-25 ÅR
DIMITERINGS-PREMIE	INGEN	INGEN	INGEN	JORD I KOLONIAR	JORD I KOLONIAR	3000 DENARIII
REKRUTTERINGS-METODE	V. PLIKT	V. PLIKT	V. PLIKT	V. PLIKT + FRIVILLIGE	FRIVILLIGE (V.PLIKT)	FRIVILLIGE
EIGEDOMS-KRAV	11000 AS	4000 AS	1000 AS	INGEN	INGEN	INGEN

I tabellen kan ein sjå den økonomiske delen av utviklinga fram mot den profesjonelle hæren. Det som først var ei plikt for dei meir velstående borgarane, vart til slutt ei karriere for dei fattigaste. Referansar: Goldsworthy 2003: 25, 33 ; Erdkamp 2007: 81

FIG 30: MYNTAR



AUREUS


DENARIUS

SESTERIUS

AS

Bileta viser nokre av myntane som vart brukt før Diokletian og Konstantin. Solidus var i gull og var mest verdt, denarius og sesterius i sølv, og as i bronse.

FIG 31: SØLVINNHALD DENARIUS



Modellen viser det minkande sølvinnhaldet i denariusen. Takk til Jørgen Christin Meyer for denne illustrasjonen.

FIG 32: ANTONIANUS MYNTEN



240's CE ~40 % FINENESS

250's CE ~30 % FINENESS

260's CE ~20 % FINENESS

270's CE <5 % FINENESS

Figuren viser nedgangen til antonianus mynten. Diokletian forsøkte å redde sølvmyntar som ein valuta, men sølv-mangelen tok og livet av denne mynten.

FIG 33: ONAGER

Biletet viser ein moderne replika av ein onager var eit av beleiringsvåpna som romarane nytta.



FIG 34: BALISTAE

Biletet viser eit beleiringsvåpen av typen balistae.



FIG 35: BALISTAE

Biletet viser ein moderne replika av eit beleiringsvåpen av typen balistae.



FIG 36: TESTUDO FORMASJONEN

Biletet viser ein moderne rekonstruksjon av den ikoniske testudo formasjonen.

Dei store overlappende skjolda danna ein effektiv barriere, og gjorde soldatane så og dei immune mot mindre missilar



FIG 37: BELEIRING

Illustrasjonen viser korleis ei belering kunne foregå.

Illustrasjon etter Torne 2007: 228



FIG 38: SCUTUM

Biletet viser ein moderne replika av det store rektangulære scutum vart standard-skjoldet til dei romerske legionærane



FIG 39: SCUTUM

Biletet viser tre moderne replika av det store rektangulære scutum vart standard-skjoldet til dei romerske legionæra.



FIG 40: OMN

Biletet viser moderne rekonstruksjon av ein omn som vart brukt til stålproduksjon.



FIG 41: SMIJARN

Biletet viser produksjon av smijarn.

Ved å varme opp jarnmalmen , så skilde ein ut ureinheter og fekk "reint" jarn.

Ved å så tilsette karbon fekk ein stål.



FIG 42: FALX

Biletet viser ein falx, eit frykta våpen brukt av dakiske stammar mot romarane



FIG 43: TRENING

Biletet viser ein moderne rekonstruksjon av testing av våpen, falxen sler hol på skjoldet.



FIG 44: MANICA

Biletet viser ein manica, dette var utstyr vanlegvis kun brukt av gladiatorar, men vart og brukt i Dakia av romarane



FIG 45: LORICA SEGMENTA

Biletet viser ein moderne replika av ein Lorica segmenta.

Laga av overlappende metalplater og festa med lærstropper.

Den gav god beskyttelse og var relativt lett å masseprodusere.

Dette vart standard-brynja til dei romerske legionæranne.



FIG 46: LORICA HAMATA

Biletet viser ein moderne replika av Lorica hamata, brukt av romersk kavaleri og velstående infanteri i den tidlege republikken.

Ringbrynjer som denne gav god beskyttelse, men var dyre.



FIG 47: HJELM

Bildet viser ein moderne replika av ein romersk infanteri-hjelm.

Hjelmane endra seg i design og utforming fleier ganger, denne er frå emperiet.



FIG 48: LEGGBESKYTTELSE

Biletet viser ein moderne replika av leggbeskytting brukt av romerske soldatar.



FIG 49: SAGUM

Biletet viser ein moderne replika av Sagum, dette var ei kappe i ull, som var behandla med mellom anna dyrefett for å være vannavstøtande



FIG 50: SKO

Biletet viser ein moderne replika av ein romersk soldat-sko i lær.



FIG 51: PILUM

Biletet viser romersk pilum, som vart brukt av dei romerske legionærane.

Kvar soldat hadde to, og dei ville bli kasta mot fienden før åtak.

Enden vart ikkje herda, og ville dermed bøye seg på samanstøt så den ikkje kunne kastast tilbake.



FIG 52: GLADIUS

Biletet viser ein moderne replika av ein romersk gladius, som vart brukt av dei romerske legionærane.

Sverdet var omlag 60 cm i lengde og var populært lenge.



FIG 53: SARISSA OG GLADIUS



Illustrasjon etter Torne 2007: 222

FIG 54: SPATHA

Biletet viser ein moderne replika av ein spatha, eit lengre sverd inspirert av sverda til germansk eller keltisk auxillia.

Bladet målte frå 75-100cm og bytta etterkvart ut gladius som det foretrukne våpnet til dei romerske legionæranne.



FIG 55: PUGIO

Biletet viser ein romersk pugio, ein del av utstyret til legionæranne, bruksområdet er usikkert, men det er tvilsamt om dei vanlegvis var så utsmykka som denne.



FIG 56: LORICA SQUAGMATA

Biletet viser ein moderne replika av ein lorica squagmata. Ei brynje brukt av dei romerske soldatane.

Denne brynja vart meir brukt i sein-antikken, den var laga av små metall-plater som var festa til ein indre tunika med lær eller liknande.



FIG 57: LORICA SQUAGMATA
Biletet er eit nærbilde av lorica squagmata.



FIG 58: ROMERSK INFANTERI

Biletet er ein moderne rekonstruksjon, og er eit døme på korleis "typisk" romersk infanteri kunne sjå ut i sein-antikken.

Soldaten har ringbrynje, ovalt skjold og spyd.

Nokre historikarar hevdar at bruken av utrustning blant infanteriet gjekk ned i sein-antikken.



FIG 59: HJELM

Biletet viser ein hjelm frå sein-antikken.

Ein seinromersk "spanger hjelm", denne står på utstilling i Nürnberg

Dette var ein enkel konstruksjon, der to separate halvdelar vart klinka saman på midten.



FIG 60: PLUMBATA

Biletet viser ein plumbata, ei lita blyvekta pil som vart kasta mot fienden.



FIG 61: BYMUR

Under Aurelian vart det sett opp ein enorm bymur omkring hovudsatden.

Delar av den store muren står framleis i dag.



FIG 62: PORTA APPIA

Porta San Sebastiano er det moderne namnet på Porta Appia, byporten til Roma.



FIG 63: "KRISA I DET TREDJE HUNDREÅR"



Kart viser inndelinga av riket under "Krisa i det tredje-århundret" Referanse: Ferrill 1986: 53

FIG 64: JULIAN SI RUTE MOT PERSIA




Kartet viser ruta Julian reiste då han angreip Persia.

FIG 65: DET ROMERSKE RIKET UNDER TRAJAN



Kartet viser det romerske riket på sitt største under Trajan, år 117 e. Kr. Å forsvare eit slikt enormt område var utvilsamt ei stor utfordring. Referanse: Wheeler 2007: 246-251

FIG 66: DET ROMERSKE RIKET UNDER HADRIAN



Kartet viser riket under Hadrian år 116 e. Kr. Det viser også kvar romarane hadde basar og fort. Referanse: Wheeler 2007: 246-251

FIG 67: ROMERSK FORT

Restar av romerske fort.

Desse solide forsvarsverka, vart bygd i utsette område og var formidable mot ein fiende som mangla kunnskap og utstyr til beleiring.

Ein del av eit romersk fort som har blitt rekonstruert, dette ligg i Welzheim , syd i Tyskland



FIG 68: ROMERSK FORT



FIG 69: ROMERSK FORT

Ruinar av ein Porta Praetoria, nært Zalâu i moderne Romania



FIG 70: FORTIFISERT BASE

Biletet viser ein fortifisert base tilknytta ein landsby.

Dette vart meir vanleg i sein-antikken




FIG 71: DET ROMERSKE RIKET UNDER HADRIAN



DISTRIKTET TIL CONSTANTIUS SOM CÆSAR DISTRIKTET TIL MAXIMIAN SOM AUGUSTUS DISTRIKTET TIL GALERIUS SOM CÆSAR DISTRIKTET TIL DIOCLETIANUS SOM AUGUSTUS


Kartet viser inndelinga i "militær-soner" under tetrarkiet. Kartet viser også hovedstadane i kvart distrikt. Referanse: Ferrill 1986: 41

FIG 72: KOMMANDOSTRUKTUR TETRARKI




Modellen viser kommandostrukturen til den romerske hæren i tetrarkiet. Referanse: Ferrill 1986: 41, 42, 43

FIG 73: KOMMANDOSTRUKTUR AUST ETTER KONSTANTIN



Modellen viser den romerske hæren etter Konstantin. Denne stammer frå Notitia og er datert til ca 395 og utover. Referanse Goldsworthy 2003: 204

FIG 74: KOMMANDOSTRUKTUR VEST ETTER KONSTANTIN



Modellen viser den romerske hæren etter Konstantin. Denne stammer frå Notitia og er datert til ca 395 og utover. Referanse Goldsworthy 2003: 204

FIG 75: DEN ENDELEGE INNDELINGA I
AUST OG VEST



■ DET VEST ROMERSKE RIKET

■ DET AUST ROMERSKE RIKET

Referanse: Ferrill 1986: 41

FIG 76: DIOKLETIAN



FIG 77: KATAFRAKT

Biletet viser ein moderne rekonstruksjon av ein katafraktar.

Ryttarane var dekt i ringbrynje, og hestane hadde også ofte rustning.

Å ri rundt å så tungt utstyr utan stigbøyler kravde nok ryttrarar med eksepsjonelle evner.



FIG 78: KATAFRAKT

Biletet viser ein moderne rekonstruksjon av ein tungt utrusta katafraktar.



FIG 79: CRASSUS

Biletet viser ei byste av Crassus.

Om ein ser på mange av bystene til romerske keisarar og andre stormenn, så ser ein gjerne at dei ser alvorlege, og kanskje til og med litt morske ut. Dette var tildels for at det var viktig å være alvorleg og seriøs blant eliten.




FIG 80: KEISAR AUGUSTUS

Prima Porta, ein vakker marmor-skulptur av keisar Augustus.

Det som er interessant å merke seg, er at keisaren her er framstilt i militær uniform, for å underbygge hans tilknytting til hæren.



FIG 81: MYNT

Biletet viser ein mynt frå Trajan sin periode.

Myntar var som kjend eit godt medium for å spreie budskapet om sine storverk, og her har keisaren lagt til titulaturar som vitnar om hans militære bragder.



FIG 82: HADRIAN

Maleriet viser Hadrian medan han jaktar på villsvin.

Det var også viktig å underbyggje at keisaren var ein mann med mandige og maskuline kvalitetar.




FIG 83: TRAJAN



Relief viser Trajan frå Konstantinbuen. Her er keisaren avbilda mens han leidar angrepet mot barbarane og stormar først inn. Djervskap var ein viktig del av dei maskuline verdiane, og skulle gjerne gå fram som eit skinande døme.

FIG 84: JULIAN




Maleri av Julian og hans soldatar som heidra han som Augustus

FIG 85: BARBARAR




FIG 86 GRAF SOM VISER ANDELEN BARBRAR I HÆREN



Denne grafen er ein veldig grov illustrasjon av størrelsen og komposisjonen av den romerske hæren og begge tema er fortsatt gjenstand for diskusjon i fagmiljøet. Fleire historikarar hevdar mellom anna at hæren talte over 600,000 under Konstantin, mens andre har kome med meir moderate tal. Grafen tek heller ikkje hensyn til plutslege aukingar/reduseringar i den totale størrelsen, men baserar seg heller på fastsatte periodar, der ein har moglegheit til å komme med rimeleg nøyaktige annslag. Spesielt andelen barbarar i hæren er nestan umogleg å komme med eit kvalifisert annslag på.


Kjelder til Graf: Keppie (1986) 19, Keppie (1986) 32, Strobel 286, Notitia Dignitatum, Heather (2007) 47, Keppie (1986): 180-181, Jones (1964) 619

FIG 87: OMRÅDER DER SOLDATANE VART REKRUTTERTE FRÅ



Dette er ein veldig grov illustrasjon, som skal illustrere kvar romarane henta soldatane sine frå.

FIG 88: KONSTANTINOPEL



Kart over Konstantinopel. Den unike geografien, med tilgang til både svartehavet og middelhavet gav byen ein unik strategisk posisjon.

FIG 89: KONSTANTINOPEL

Dei doble murane til Konstantinopel som gjorde byen så og sei uinntageleg



FIG 90: KONSTANTINOPEL





FIG 91: TABELL OVER UTVIKLINGA TIL DEN ROMERSKE HÆREN

	500-100 F.KR	100-30 F.KR	30 F.KR - 235 E.KR	235-284 E.KR	284-395 E.KR	395 →
KONTROLL	SENAT	HÆRFØRER	KEISAR	HÆRFØRER	KEISAR	HÆRFØRER
REKRUTTERING	VERNEPLIKT	VERNEPLIKT + FRIVILLIGE	PROFESJONELLE	VERNEPLIKT+ LEIGESOLDAT	VERNEPLIKT + FRIVILLIGE	FOEDERATI
GODTGJERDSLE	SOLD + JORD + KRIGSBYTT		FAST LØN (SØLV)	KRIGSBYTT	NATURYTELSAR + DONATIVUM	
OFFISER	POLITISK ELITE		POLITISK/ MILITÆR ELITE	MILITÆR ELITE		BARBARAR
OPPRINNELSE	LATINUM	ITALIA	PROVINSAR	PROVINSAR + UTANFOR PROVINSANE		FOEDERATI

FIG 92:



- Illustrasjon på framsida: <http://jedi-art-trick.deviantart.com/art/Roman-Soldier-Sketch-184624882>
- Fig 01: <http://www.300spartanwarriors.com/frankmillers300/300phalanxformation.html>
- Fig 02: <http://tearsofenvysblog.blogspot.no/2010/09/hoplite-association-goes-to-military.html>
- Fig 03: <http://www.imperivm.org/articulos/lorica-segmentata.html>
- Fig 04: primaryhomeworkhelp.co.uk
- Fig 05: Polybius 6: 20-25, 29
- Fig 06: mapsof.net
- Fig 07: www.twcenter.net
- Fig 08: Goldsworthy 2003: 46
- Fig 09: http://commons.wikimedia.org/wiki/File:Roman_aquila.jpg
- Fig 10: <http://www.flickr.com/photos/jupiterdolichenus/4494236437/>
- Fig 11: Keppie 1998: 97
- Fig 12: www.studenthandouts.com
- Fig 13: www.usu.edu , Goldsworthy 2003: 14, 15
- Fig 15: http://commons.wikimedia.org/wiki/File:Roman_Legion_at_attack_10.jpg
- Fig 16: <http://primaryhomeworkhelp.co.uk/romans/auxiliaries.html>
- Fig 17: <http://primaryhomeworkhelp.co.uk/romans/auxiliaries.html>
- Fig 18: Keppie 1984: 185-186
- Fig 19: https://en.wikipedia.org/wiki/File:Praetorian_GuardSoldiers_basrelief_cropped.jpg
- Fig 20: www.vroma.org
- Fig 21: artedaguerraromana.blogspot.com
- Fig 22: [twcenter.net](http://www.twcenter.net)
- Fig 23: http://commons.wikimedia.org/wiki/File:Roman_Hand_Mill_Sincrai.jpg
- Fig 24: <http://www.britannica.com/EBchecked/media/120352/Pont-du-Gard-an-ancient-Roman-aqueduct-in-Nimes-France>
- Fig 25: <http://www.joshualmann.com/ancient-roman-latrines/>
- Fig 26: <http://wellcomeimages.org/indexplus/image/L0012385.html>
- Fig 27: http://vk.com/wall-21652208_710
- Fig 28: <http://romainarmy.doomby.com/pages/the-roman-army/the-camp-of-the-roman-army.html>
- Fig 29 Referanse 1: Goldsworthy 2003: 25; 33, Erdkamp 2007: 81
- Fig 30: Wikipedia.org
- Fig 31: Jørgen Christian Meyer
- Fig 32: http://en.wikipedia.org/wiki/File:Decline_of_the_antoninianus.jpg
- Fig 33: www.swan.ac.uk
- Fig 34: <http://en.wikipedia.org/wiki/File:Ballista.gif>
- Fig 35: <http://commons.wikimedia.org/wiki/File:Balliste.jpg>
- Fig 36: http://commons.wikimedia.org/wiki/File:Testudo_formation.jpg
- Fig 37: Mø
- Fig 38: http://commons.wikimedia.org/wiki/File:Scutum_1.jpg
- Fig 39: www.legionsix.org
- Fig 40: http://commons.wikimedia.org/wiki/File:Iron_bloom.jpg
- Fig 41 http://commons.wikimedia.org/wiki/File:Iron_bloom.jpg
- Fig 42 www.sword-forum.com
- Fig 43 www.sword-forum.com
- Fig 44 <http://www.gsr-roma.com/museo/htm/FILE%20MUSEO/GLADIATORI%20MUSEO.htm#armi>
- Fig 45 https://commons.wikimedia.org/wiki/File:Roman_soldier_in_lorica_segmentata_1.jpg
- Fig 46 http://historia-belica-jaime.blogspot.no/2012_05_01_archive.html
- Fig 47 <http://www.legionsix.org/Equipment/Basic%20Gear/Helmet/helmet.htm>
- Fig 48 <http://ancienthistory.about.com/od/romemilitary/ss/052011-Greaves.htm>
- Fig 49 <http://www.roman-empire.net/society/soc-dress.html>
- Fig 50 http://commons.wikimedia.org/wiki/File:Caligae_from_side.jpg
- Fig 52 http://commons.wikimedia.org/wiki/File:Pilum_lg.jpg
- Fig 52 <http://commons.wikimedia.org/wiki/Category:Gladii>
- Fig 53 Teikna sjølv
- Fig 54 http://commons.wikimedia.org/wiki/File:Spatha_end_of_second_century_1.jpg
- Fig 55 rusknife.com
- Fig 56 http://romanum.historicus.pl/lorica_squamata.html
- Fig 57 https://commons.wikimedia.org/wiki/File:Roman_scale_armour_detail.JPG
- Fig 58 http://commons.wikimedia.org/wiki/File:Roman_soldier_175_aC_in_northern_province.jpg
- Fig 59: http://en.wikipedia.org/wiki/File:Elmo_da_ufficiale_in_acciaio,_coperto_di_foglia_d%27argento,_IV_sec,_da_augusta-pfersee.JPG
- Fig 60 <http://www.comitatus.net/romanplumbatae.html>

Fig 61 Referanse: Wheeler 2007: 246-251 Kilde : [http://commons.wikimedia.org/wiki/
File:Roman_Empire_Trajan_117AD.png](http://commons.wikimedia.org/wiki/File:Roman_Empire_Trajan_117AD.png)

Fig 62 Referanse: Wheeler 2007: 246-251 www.faculty.umb.edu/

Fig 63: Southern 2007: 245-246

Fig 64: Ammianus 24, 25

Fig 67: https://en.wikipedia.org/wiki/File:Ostkastell_Welzheim.jpg

Fig 68: https://en.wikipedia.org/wiki/File:Ostkastell_Welzheim.jpg

Fig 69: http://en.wikipedia.org/wiki/File:Gate_Porolissum.jpg

Fig 70 theancientweb.com

Fig 71 Referanse: Ferill 1986: 25

Fig 72 Referanse: Ferill 1986: 25

Fig 73 Referanse Goldsworthy 2003: 204

Fig 74 Referanse Goldsworthy 2003: 204

Fig 75 Referanse: Ferill 1986: 25

Fig 76: Dioketian

Fig 77 : http://en.wikipedia.org/wiki/File:Ancient_Sasanid_Cataphract_Uther_Oxford_2003_06_2%281%29.jpg

Fig 78 <http://byzantinemilitary.blogspot.no/2013/04/siege-of-phasis-rome-vs-persia.html>

Fig 79 https://commons.wikimedia.org/wiki/File:Crassus_Kopenhagen.jpg

Fig 80 <http://en.wikipedia.org/wiki/File:Statue-Augustus.jpg>

Fig 81 <http://www.wildwinds.com/coins/ric/trajan/i.html>

Fig 82 http://www.vroma.org/~bmcmanus/arena_sources.html

Fig 83 http://employees.oneonta.edu/farberas/arth/smarthistory/arch_constantine.htm

Fig 84: http://commons.wikimedia.org/wiki/File:Julien_crowned_Emperor_in_Cluny_in_February_360.jpg

Fig 85: http://en.wikipedia.org/wiki/File:Reenactor_with_ango.jpg

Fig 86: Graf

Fig 87: Sjølvlaga illustrasjon

Fig 88: <http://www.paulstephenson.info/trans/theocont5.html>

Fig 89: https://en.wikipedia.org/wiki/File:Walls_of_Constantinople.JPG

Fig 90: https://en.wikipedia.org/wiki/File:Car_bed_luk3.jpg

Fig 91 Sjølvlaga Konklusjon

Fig 92 Sjølvlaga Konklusjon.